

# Årsmelding og -rekneskap 2020

## Hå kommune



## INNEHALD

<b>Kommunedirektøren si innleiing</b>	<b>3</b>
<b>Dette er Hå</b>	<b>6</b>
<b>Slik styrer me</b>	<b>19</b>
<b>Økonomisk oversikt</b>	<b>42</b>
<b>Kommunen sine tenesteområde</b>	<b>53</b>
<b>Sentraladministrasjonen</b>	<b>53</b>
<b>Opplæring og kultur</b>	<b>59</b>
<b>Helse- og sosiale saker</b>	<b>74</b>
<b>Kyrkjer og andre trossamfunn</b>	<b>97</b>
<b>Tekniske saker og næring</b>	<b>98</b>
<b>Fellesfunksjoner</b>	<b>115</b>
<b>Framtidsutsikter</b>	<b>116</b>
<b>Årsrekneskap</b>	<b>119</b>
<b>Finansforvaltninga 2020</b>	<b>150</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>153</b>

## Kommunedirektøren si innleiing

For Hå kommune kan året 2020 oppsummerast med fem ord: God økonomistyring prega av korona-pandemien. Bak desse fem orda ligg mykje usikkerhet og hardt arbeid. Før eg går vidare for å kommentere på det økonomisk resultat vil eg starta med å seia takk!

### Takk

Takk til alle for at de har vore der for alle ungane på skulen, i barnehagen, blant ungdom som ikkje finn sin plass i ei vanskeleg tid, for dei eldre, dei med rus og psykiatri, i dei krevande sakene på barnevernet, dei med samansette utfordringar – for alle. Takk til alle som har utfordra seg sjølv på digitale flater. Sett muligheter i kvardagen til å finne nye måtar å løyse utfordringane på. I Hå kommune har me myndiggorte ledere og medarbeidere som gjennom tillit tar og får ansvar. Året 2020 har vist at tillit gjer ansvar og muligheter. Me kallar det kvardagsinnovasjon.

Året 2020 blei det året me ikkje fekk vere så mykje saman fysisk som me ønskjer. Me savner derfor dei gode møteplassane der me kan få møte kvarandre på tvers av tenesteområda, vere saman og sjå kvarandre i augene og sei kor mykje kvar enkelt betyr i denne flotte organisasjonen. Eg savnar å vere med folk – treffe folk – helse på folk – og klemme kvarandre. Eg gler meg til me kan gjere alt dette. For det kan me – om ikkje så lenge. Inntil det skjer – vil eg bare oppsummere 2020 me å seie; eg er stolt av Hå kommune og alle dei tilsette. Takk alle ledere, medarbeidere, hovudtillitsvalde og politikere for eit godt samarbeid og for at me alle løfter i lag på nye måtar i ein pandemi.

### Økonomisk resultat

Så til dei litt meir harde fakta. Me fekk eit netto driftsresultat på 6,3 prosent av driftsinntektene og eit mindreforbruk (overskot) på 26,6 millionar kr. Dette er eit godt resultat som viser at tenesteområda klarar å levere gode tenester under strammare økonomiske rammer. Overskottet er brukt til å finansiere investeringar.

Budsjettet for 2020 hadde overskrifta «Ansvarleg styring - tid for val». Bakgrunnen for den overskrifta var behovet for større omstillingar i kommunen vår som har seks tettstader og kommunale tenester på enda fleire. Kommunesektoren sine økonomiske rammer blir trongare og overskrifta for budsjett 2021 er "Driftig og nøysam i usikre tider". Der er framleis utryggeleik knytt til Korona-pandemien.

Netto driftsresultat for 2020 vart 98,6 millionar kr, noko som er 6,3 prosent av driftsinntektene. Det er betre enn regulert budsjett på grunn av at me ikkje trong å bruka alle tilleggsløyvingane i samband med Korona, lågt lønsoppgjer, høgare skatteinngang og ikkje minst god økonomistyring i alle tenesteområda. Hå har ikkje hatt smitteutbrot på institusjonane og har derfor ikkje hatt så store ekstra utgifter i samband med korona-pandemien som mange andre.

Skatteinngangen i landet blei 0,7 prosent lågare enn året før på grunn av Korona-pandemien. Skatteinngangen i Hå gjekk ned med 1 prosent og var 82,9 % av landsgjennomsnittet, ein reduksjon frå 83,3 % i 2019.

### Korona-smitta

Korona-pandemien har prega kommunen sitt arbeid sidan 12. mars 2020. Kommunen si handtering av beredskapen blei sett på ei stor prøve. Det vart svært raskt sett i verk omfattande tiltak basert på pandemi-planane me hadde, spesielt i tenesteområda for helse- og sosialsaker og opplæring og kultur. Barnehagar og skular blei stengt ned og gjenopna. Hå kommune er ein del av ein stor region. Dette har me fått erfara gjennom det gode og tette samarbeidet mellom jærkommunane innanfor mange fagfelt.

Me erfarer i tillegg at god kommunikasjon er spesielt viktig, og at me er ein felles bu- og arbeidsregion der me har stått saman om nasjonale tiltak.

Avhengig av kor lenge pandemien varer vil han fortsatt kunne gje store utfordringar innan bemanning og ressursar. Det aller viktigaste er å ivareta liv og helse. Deretter kommer bekymringa for næringslivet. Alt dette til saman er urovekkande i forhold til arbeidsplassar og økonomien for kommunen og næringslivet på kort og lang sikt.

I samband med at Stortinget vedtok statsbudsjettet for 2021 blei det også løyvd 4,7 milliardar kr til kommunane i ekstra innbyggjartilskott. For Hå utgjer dette 16,55 millionar kr. Største delen av dette går til ekstra bemanning og vikarar i tenesteområda for helse -og sosialsaker og opplæring og kultur. Reinholdstenesta har også fått ekstra midlar. Sjå [FS-sak 003/21](#), 12. januar 2021.

### Folkevekst og bustadbygging

Folketalet i Hå auka med 129 personar i 2020, ein befolkningsvekst på 0,68 %. Auken skuldast i all hovudsak fødselsoverskottet. Vi har selt 4 tomter i Stokkalandsmarka, og har godkjent igangsetting av bygging av 20 bustader mot 111 i 2019.

### Store prosjekt og planar

Det største enkeltprosjektet i 2020 er ombygging og utviding på Varhaug skule. Tilbygget skal takast i bruk til skulestart hausten 2021. Vi har også brukt mykje pengar på flomsikringsarbeid på Vigrestad, ENØK tiltak og innan grøntområdet. For å gjere kommunen meir attraktiv å bu i har me arbeidd mykje med sentrumsplanar. *Kommunedelplan for Varhaug sentrum* blei lagt ut på høyring 15. oktober 2020. Moglegheitsstudie i Stokkalandsmarka blei behandla politisk våren 2020. Interesse for å etablera næring i Hå er stor, og me har selt ein del næringsareal også i 2020. Kommunen har kjøpt to sentrale tomter i Varhaug sentrum som ledd i utviklingsarbeidet av eit framtidig sentrum i tråd med kommunedelplan for Varhaug sentrum.

### Arbeidsløyse

Talet på heilt arbeidslause har gått opp frå 2,1 % i 2019 til 2,8% i 2020. Det ligg framleis under landsgjennomsnittet på 3,8% (Rogaland 3,5%).

### Sjukefråvær

Hå kommune ser ein svak auke i sjukefråværet i 2020. Ein medverkande årsak er koronapandemien med smitte og karantene, og lågare kapasitet til oppfølging grunna auka beredskap på andre områder. Det samla sjukefråværet for Hå kommune vart 6,6 % i 2020, mot 6,4 % i 2019 og 7,0 % i 2018. Hå kommune har det lågaste fråværet samanlikna med nabokommunane Time, Klepp og Gjesdal. I 2020 er det arbeidd med IA-satsing innanfor barnehagar, skular, reinhold og i tenesteområdet helse- og sosial. Satsinga syner framleis gode resultat.

### Innovasjon og kommunikasjon

Hå er ein innovasjonskommune, og 2020 blei pandemiåret der alle blei kasta ut i nye problemstillingar. Det førte til både innovasjon og digitalisering på fleire område. «Minuttjakta» er ein del av Framtidsløftet der me tenker fornying, forenkling og forbetring inn i arbeidsmetodane. Me stiller spørsmålet «kvifor gjer me det slik?». Og veldig ofte dukkar det opp endå betre løysingar som kjem både innbygarane og dei tilsette til gode.

## Innkjøp

Det blir stilt klare krav til offentlege oppdragsgjevarar for å sikra effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Dette tar me på alvor i Hå. I mai 2020 vedtok kommunestyret ny innkjøpsstrategi. Denne legg klare føringar for innkjøpsarbeidet vidare. Hovudmålet er at Hå kommune skal vera ein profesjonell og attraktiv oppdragsgjevar og samarbeidspartnar, som gjennom gode innkjøp bidreg til gode tenester.

## Til slutt

Til slutt vil eg bruke Helge Torvund sine kloke ord om tida framover:

lyset  
du treng  
finst

Anne Berit Berge Ims

Kommunedirektør

## Dette er Hå


Hå er – og skal fortsette å vere – ein god kommune å bo, leve og arbeide i. Resultata frå 2020 syner at me ser resultat av omstillinga til trongare tider. Vi leverer eit solid økonomisk resultat og har gjort store investeringar for framtida. Mykje ressursar går med til viktig og nødvendig planarbeid - på fleire nivå.

### Slik står det til i kommunen

Dei økonomiske resultata blir grundig gått gjennom i kapittelet "Økonomisk oversikt". Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blei 6,3 prosent i 2020. Utviklinga dei siste åra er vist i figuren:

#### Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene

Målet som er sett i kommuneplanen er > 1,5% av driftsinntektene



## Viktige hendingar i 2020

### Januar

- Det store landbruksmøtet på Varhaug med landbruks- og matminister Olaug Bollestad vert arrangert

### Februar

- Sak om reduksjonen i tenestetilbodet på Olsvoll blir forankra politisk
- Sak om bygging av Skjeraberget avlastningsbustad, godkjenning av forprosjekt
- Sak om samarbeid med Sandnes som vertskommune for barnevernsvakt. Klepp, Time og Gjesdal er og med i samarbeidet.
- Høyring på "Studieplassar i medisin i Norge - rapport frå Grimstadutvalget"
- Svar på høyring av konsesjonsendring, detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan) for Friestad Vindkraftverk
- Sak som stadfestar vedtaket frå desember 2019 om å seier opp avtalen med "Greater Stavanger" etter at Stavanger, Sandnes og Sola har trekt seg ut.

### Mars

- Korona-pandemien: Beredskap vert sett 12. mars og fører til nedstenging av skular og barnehagar. Heimekontor for dei fleste tilsette – og me får røynt beredskapsarbeidet og planane i verkelegheita.
- Korona-pandemien; beredskaps-samarbeid med Time og Klepp vert etablert 12. mars. Etter kvart blir Gjesdal med i beredskaps-samarbeidet.
- Korona-pandemien; luftvegs-legevakt for fem kommunar (Time, Klepp, Gjesdal, Sandnes og Hå) vert etablert på ei helg og er i drift frå 16. mars.
- Tidlegare ordførar Tobias Skretting gjekk bort. Han var ordførar frå Senterpartiet i perioden 1994-1995.

### April

- Sak der Jæren Everk ikkje er lenger kommunalt foretak. Hå kommune opprettar Hå energi AS som eig aksjane i Jæren Everk AS.
- Sak om blått flagg på Brusandstranda.
- Sak om at Hå kommune skal skifta ut køyretøy til nullutsleppskøyretøy og ein plan for gjennomføring av dette.
- Breiband i Hå kommune.
- Sak om etablering av fritidsklubb for Vigrestad og Ogn skulekrinsar frå 2021.

### Mai

- Ny innkjøpsstrategi blir vedtatt.
- Planprogrammet for kommunedelplanen for landbruk blir vedtatt.
- Årsmelding og årsrekneskap for 2019 blir handsama.
- Sak om kvalitet og utvikling i Jærskulen 2019 - tilstandsrapport.
- Korona-pandemien: Digital 17. mai-feiring og bil-kortesje ("Me køyrer i lag" gjennom heile kommunen

## Juni

- Tertialgjennomgang med den første fordelinga av ekstra midlar kommunane har fått til å handtera ekstra kostnader i samband med korona-pandemien.
- Sak om sluttrapport omkjøringsveg nord for Brusand.
- Sak om sluttrapport Stokkalandsmarka utbygging VVA.
- Prioritering av prosjekt under ekstra tildeling av korona-midlar.
- Sak om bygging av Skjeraberget avlastningsbustad - godkjenning av entreprenør.
- Sak om Utviklingsplan for Håskulen 2020-2021.
- Sak om planstrategi for Hå kommune 2020-2023.
- Sak om høyringsuttale til Regionalplan Jæren 2050 - fase 2.
- Sak om intensjonserklæring Akson.
- Forslag om alkoholpolitiske retningslinjer i Hå 2020-2024.
- Sak om "Samarbeid Jæren legevakt".

## Juli

- Tidlegare ordførar Mindor Jelsa gjekk bort. Han var ordførar frå Varhauglista i perioden 1984 - 1985.

## August

- Ferietid!

## September

- Fordeling av korona-midlar til næringslivet.
- Sak om tomteprisar i Stokkalandsmarka.
- Sal av Holmane kai i Sirevåg – inntektene skal brukast til vidareutvikling av hamna.
- Studietur til Randaberg med kommuneplanutvalet om sentrumsutvikling.

## Oktober

- Rasteplassen på Hårr – forslaget frå Statens vegvesen blir ikkje godkjent
- Eigedoms- og forvaltningsstrategi blir godkjent.
- Sak om burettslag for brukarar med funksjonshemming.
- Kommunedelplan for Varhaug sentrum blir lagt ut på høyring.
- Tertialrapport blir lagt fram digitalt i verktøyet Framsikt.

## November

- Delegasjonsreglementet er oppdatert etter ny kommunelov.
- Avtale med Regionalt pilegrims-senter Avaldsnes blir godkjent.

## Desember

- Økonomiplan og budsjett blir godkjent i kommunestyret 10 desember
- Hå kommune godkjenner Trafikktryggleiksplanen som er naudsynt for å kunna bli Trafikksikker kommune.
- Hå kommune inngår to avtalar om kjøp av tomter i Varhaug sentrum som vil støtta opp under god sentrumsutvikling.
- Arbeidet med ny kommuneplan: Forslag til planprogram kan sendast på høyring
- Korona-tiltak: Digital julegran-tenning.
- Tidlegare ordførar Rasmus Pollestad gjekk bort. Han var ordførar frå Kristeleg folkeparti i perioden 1986-1987.

## Samfunnstryggleik og beredskap - koronaåret 2020

Beredskap betyr i utgangspunktet «å vera beredt», altså å vera førebudd på ein situasjon. Det brukast spesielt om å vera førebudd på å møte kritiske situasjonar, det vil seie å handtera og redusera skadeverknader av uønska hendingar som kan føre til skade på eller tap av verdiar eller personskade/dødsfall. Beredskap omfattar tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak som planleggast sett i verk under leiing av beredskapsorganisasjonen ved ei hending, for å beskytta personell, materiell og verdiar.

### Korona-pandemien har sett sitt preg på Hå kommune i 2020

Korona-pandemien har sett preget sitt på Hå kommune i 2020. Dette skuldast både pandemien i seg sjølv, ved helsetap og åtferdsendingar i befolkninga, og dei omfattande smitteverntiltaka som myndigheitene har sett i verk for å slå ned pandemien.

For å slå ned pandemien innførte myndigheitene i Norge den 12. mars 2020 omfattande generelle smittevern-tiltak. Korona-pandemien førte til at regjeringa valte å stenga ned skular og barnehagar.

Same dag blei kommunedirektørene i Time, Klepp og Hå einige om å etablere eit felles beredskapssamarbeid i arbeidet med pandemien, og det blei etablert ei felles luftvegslegevakt på Klepp for 140 000 innbyggjarar i Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

### Arbeidet med beredskap og samfunnstryggleik

For å slå ned pandemien innførte myndighetene i Norge den 12. mars 2020 omfattande generelle smitteverntiltak. Krisestab vart sett 12. mars. *Det er kommunedirektøren som er beredskapsleiar.* Dei andre som er med er ordførar, beredskapskoordinator, kommunikasjons- og innovasjonssjef, kommuneoverlegen, kommunalsjef for helse og sosial, kommunalsjef for opplæring og kultur, kommunalsjef for tekniske saker og næring, økonomisjef, personal- og organisasjonssjef og eigedomssjef. Ordførar og kommunedirektør har hatt telefon- og Teamsmøter med formannskap, og etterkvart kommunestyre.

### Beredskapssamarbeid på Jæren

Torsdag 12. mars ca. kl. 18.00 blei rådmennene i Time, Klepp og Hå einige om å etablere eit felles beredskapssamarbeid i arbeidet med pandemien. Samarbeidet blei til ved at rådmennene, som er beredskapsleiarar i kvar kommune, innsåg at pandemien ville bli langvarig – og me ville trenge støtte og hjelp frå kvarandre. Me valde å vera lojale mot nasjonale retningslinjer, og samstundes ha tillit til sentrale myndigheiter. Me deltek såleis i det som vert kalla den nasjonale dugnaden, sjølv om det er lov å stilla spørsmål til føringane.

### Felles luftvegslegevakt

Fredag 13. mars blei det teke ei avgjerdsle om å etablere ein felles luftvegslegevakt for Time, Klepp, Hå, Sandnes og Gjesdal. Avgjerda blei fatta i løpet av eit par timar fredag formiddag. Kl. 12.50 var alle avgjerder tatt og kl. 13.00 kunne ordførarane i Time, Klepp og Hå lansere felles luftvegslegevakt for fem kommunar på den oppsette pressekonferansen. Mandag 16. mars var luftvegslegevakta rigga og etablert.

### Ny digital kvardag

I samband med covid-19 og rask innføring av heimekontor og aktiv bruk av video-møter fekk me ei stor utfordring med å utstyre alle heimekontor med utstyr. I tillegg måtte me skalera opp kapasitetar til å handtera den store auken i eksterne tilkoblingar. For dei tilsette blei dette ei markert overgang til

virtuelle møte med mykje ny læring. Det var gledelig å se at me både kunne mobilisera systema våre teknisk og utstyrmessig og at dei tilsette handterte denne situasjonen på beste måte.

## Vegen vidare

Hå kommune er framleis i beredskap i samband med covid-19, men skalerer opp og ned intensiteten på arbeidet ut frå regjeringa og Folkehelseinstituttet (FHI) sine anbefalingar og smittevernsituasjonen i kommunen. Me følger utviklinga tett og har fortsatt kontroll, men ser at smittesporing krev mykje arbeid etter kvart som talet på smittetilfelle stig. Utviklinga dei neste vekene og månadane blir avgjerande for det vidare arbeidet og ikkje minst den økonomiske belastninga dette kan komme til å verta.

## KOSTRA hovudtal

	Hå 2019	Hå 2020	Time	Klepp	Rogaland
<b>Prioritet</b>					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	15,9 %	17,3 %	6,6 %	15,1 %	13,6 %
<b>Økonomi</b>					
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	70,1 %	68,9 %	59,3 %	33,3 %	48,7 %
Frie inntekter i kroner per innbygger	54 235	56 343	56 050	55 584	58 395
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	94,0 %	91,4 %	120,6 %	87,7 %	106,6 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,0 %	6,2 %	1,7 %	4,9 %	3,8 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	68 998	69 855	73 646	52 923	69 011
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	85,5 %	84,0 %	95,6 %	68,1 %	81,3 %

Tala over viser konsolidert rekneskap, men gjer likevel ei god samalikning av den økonomiske ståda i Hå samanlikna med Klepp, Time og heile Rogaland.

Data som vert presentert via Framsikt er henta frå innrapporterte løyvings- og balanserekneskap frå kommunar og kommunale foretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid. Data frå IKS er fordelt på eigarkommunar etter eigarandelar henta frå Foretaksregistret i Brønnøysund.

## Samfunnsutvikling

Det er stor etterspurnad etter areal, og konkurransen om arealbruken mellom dei ulike interessane er aukande. For Hå kommune dreier det seg om å ta sin del av den forventede veksten i regionen, samtidig som det blir teke omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

### Hovudmål for samfunnsutviklinga:

- Legga til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert teke omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

### Overordna strategiar for å lukkast:

- Detaljera langsiktig grense mellom tettstadutvikling og landbruk.
- Konsentrera bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.

- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.

### Kommuneplanen

Kommuneplanen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggest til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen. Planen skal gjera greie for kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode.

Kommuneplanen bygger på ein langsiktig overordna arealstrategi som definerer langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innanfor det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk. For å handtera framtidig vekst, samstundes som nedbygging av grøntareal og matjord avgrensast, er eit av hovudmåla med planarbeidet å konsentrera bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.

### Planstrategi 2020-2023

Arbeidet med ny planstrategi for Hå kommune i perioden 2020-2023 vart byrja på etter konstitueringa av det nye kommunestyret i 2019, og blei vedtatt 11. juni 2020 i [k-sak 044/20](#).

Ny planstrategi tek stilling til korleis Hå-samfunnet skal utviklast vidare og kva satsingsområde kommunen skal ha for kommuneplanarbeidet. Planstrategien fastset at både samfunns- og arealdelen skal reviderast i valperioden, og at seks utvalde berekraftsmål skal innarbeidast som satsingsområde i ny kommuneplan.

Planar som ny kommunedelplan for Vigrestad sentrum og områderegeringsplan for Stokkalandsmarka sentrum skal òg prioriterast. For meir informasjon om kva planar som skal setjast i gang i valperioden, sjå lenke til [Planstrategi 2020-2023](#).

### Ny kommuneplan

10. desember 2020 vedtok kommunestyret å leggja forslag til planprogram for ny kommuneplan 2021 - 2036 ut på høyring og offentleg ettersyn ([k-sak 123/20](#)).

Planprogrammet gjer greie for korleis me skal laga ein ny kommuneplan der utvalde berekraftsmål dannar utgangspunkt for satsingsområda i kommunen, og korleis desse skal danna det overordna rammeverket for utvikling av Hå-samfunnet.

Satsingsområda for ny kommuneplan er «God helse», «God utdanning og livslang læring», «Innovasjon og infrastruktur», «Berekraftige tettstadar og samfunn», «Stoppa klimaendringane» og «Samarbeid for å nå måla». Satsingsområda er tenkte å vera tversektorielle. Det tyder at dei vil gjelda alle tenesteområda, og at vi må arbeida saman på tvers av sektorane for å oppnå den utviklinga me ynskjer.

Forslaget til planprogram inneheld ei beskriving av korleis me skal laga den nye kommuneplanen. Kva me ynskjer å oppnå, kva tema me skal sjå på, kva utgreiingar me har behov for og korleis innbyggjarane og andre interessentar kan delta i planprosessen.

Det kom inn fleire gode innspel til planprogrammet, og når planprogrammet vert fastsett våren 2021 vil det danna ein god arbeidsplattform for det vidare arbeidet med ny kommuneplan.

### Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Kommunestyret vedtok i sak 090/20 den 15. oktober 2020 å leggja [utkast til kommunedelplan for Varhaug sentrum](#) ut til offentleg ettersyn.

Planforslaget er eit resultat av ein planprosess basert på ein kontinuerleg dialog mellom politikarar og administrasjon. Administrasjonen har gjennom planprosessen utarbeidd fleire temanotat, og lagt desse fram for Kommuneplanutvalget til handsaming.

Det er lagt særleg vekt på at planarbeidet skal vera opent og tilgjengeleg med brei medverknad frå innbyggjarane. Det er brukt medverknadsmetodar som gjestebod, folkemøter, ulike typer verkstad og barnetråkk. Politikarane har stilt opp i medverknadsprosessen, og bidratt til en lavterskdialog mellom innbyggjarar og folkevalde. Det har kome fleire gode forslag, og det har vore mogleg å danna seg eti inntrykk av kva folk synest om sentrum.

Kommunestyret vedtok i møte 15. oktober 2020 å leggja forslag til Kommunedelplan for Varhaug sentrum ut til offentlig ettersyn. Det kom inn totalt 24 høyringsuttaler. Bane NOR, Statsforvalteren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune hadde motsegner til planforslaget. Kommunedirektøren vil leggja fram kommunedelplanen til endeleg handsaming våren 2021.

### Stokkalandsmarka sentrum

I kommuneplan for Hå kommune 2014-2028 er Stokkalandsmarka utpeikt som eit hovudutbyggingsområde. I økonomiplanen for 2018-2021 vedtok kommunestyret derfor å setta av kr 500.000 til ein moglegheitsstudie for Stokkalandsmarka sentrum. Sommaren 2019 inviterte kommunedirektøren tre arkitektkontor, Bark arkitekter, ArkVest og AsplanViak, til å utarbeida idéar og konseptløyisingar for framtidig utvikling av sentrumsområdet.

Bidraga frå arkitektane vart presenterte for kommuneplanutvalet 26. november 2019. Samstundes vart dei lagt ut på kommunen sine heimesider, og noverande og framtidige innbyggjarar i Stokkalandsmarka vart inviterte til å melda seg som gjestebodsvertar for å koma med sine synspunkt på forslaga. På nyåret 2020 vart det arrangert ein verkstad for gjesteboda saman med politikarane i kommuneplanutvalet. Her vart gjesteboda sine tilbakemeldingar på moglegheitstudiane presenterte og arbeidd vidare med. Bark arkitekter sitt svar på oppgåva vart best likt, men alle tre forslaga hadde gode idéar som vart tekne med vidare. På grunnlag av moglegheitstudiane, innspela frå gjesteboda og verkstaden har det i 2020 blitt arbeidd med ein områdereguleringsplan for Stokkalandsmarka sentrum.

### Områderegulering av Kviamarka og Grødalend

Det har vore eit ynskje om rask oppstart av planarbeidet for vidareutvikling av næringsområda i Kviamarka og Grødalend. Kommunedirektøren valde i samråd med Statsforvaltaren i Rogaland å utarbeida ei foreløpig konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse på kommuneplannivå for å få avklart den vidare planprosessen og sakshandsaminga i regionalt planforum.

Den foreløpige konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbarheitsanalysen danna grunnlag for innleiande drøftingar med regionalt planforum 16. september 2020. I møtet presenterte kommunedirektøren problemstillingar knytta til utviding med 50 daa til næringsmiddelindustri i Kviamarka vest, 20 daa til veksthus i Kviamarka sør, og 50 daa til energianlegg i tilknytning til eksisterande næringsområde på Grødalend. Statlege- og regionale myndigheiter var einige i at Hå kommune kan bruka områderegulering med konsekvensutgreiing for å gje meir detaljert og områdevis avklaring av arealbruken for dei to næringsområda.

10. desember 2020 vedtok kommunestyret i [sak 122/20](#) at Hå kommune startar arbeidet med å utarbeida områdereguleringsplan for Kviamarka og Grødalend parallelt med revisjonen av kommuneplanen, og hovudtrekka frå områdereguleringsplanen blir lagt inn i arealdelen i kommuneplanen.

## Trafikksikker kommune

Trafikksikker kommune er ei godkjenning i regi av Trygg Trafikk. Å verta godkjend som Trafikksikker kommune betyr ikkje at det ikkje lenger vil skje trafikkulykker i kommunen, men at kommunen kan dokumentera at me arbeider målbevisst og samordna med trafikktryggleik. For å oppnå godkjenning må kommunen dokumentera trafikktryggleiksrutinar innanfor kvart tenesteområde og i tillegg ha ein trafikktryggleiksplan. Den påkravde dokumentasjonen og trafikktryggleiksplanen vart utarbeidd i løpet av året, og planen vart vedteken av kommunestyret i desember 2020. Trafikktryggleiksplanen skal i fortsetjinga fungera som ein arbeidsplan for trafikktryggleiksarbeidet i Hå kommune. På grunn av covid-19 restriksjonar har sjølve godkjenninga blitt utsett til 2021, men alle kriteria er oppfylde. I samband med trafikktryggleiksarbeidet har det òg blitt oppretta ei trafikktryggleiksgruppe på tvers av tenesteområda. Gruppen skal handsama saker som vedkjem trafikktryggleik, finna gode løysingar på desse og plassera aksjonane slik at trafikktryggleiken i kommunen aukar.

Hå kommune blei [godkjent som trafikksikker kommune 22 februar 2021](#).

## Medverknad

Covid-19 kom og la ein dempar på moglegheitene for medverknad i pågåande, og ved oppstart av nye plansaker. Trass i dette har det vore mogleg å gjennomføra gode medverknadstiltak, om enn ikkje i form av gjestebod og tradisjonelle folkemøte. Etter at møterestriksjonane kom i mars, har det vore gjennomført opne kontordagar, og det har blitt lagt vekt på å laga lettleslege plandokument og å presentera desse digitalt på best mogleg vis. På bakgrunn av erfaringane frå 2020 er det ynskjeleg å fortsetta å utforska nye og kreative medverknadssmetodar i tida framover. Medverknadsarbeidet i Hå kommune vert lagt merke til ut over kommunegrensene. I november vart me utfordra av fylkeskommunen til å halda ein digital presentasjon for resten av kommunane i fylket om erfaringane våre med gjestebodsmodellen som medverknadsmetode.

## Klima, miljø og energi

Berekraftig forvaltning av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabiletet framover viser.

### Kommunen si eiga drift

Hå kommune er ei stor verksemd, og blant dei største arbeidsgjevarane, største byggeigarane og største innkjøparane i kommunen. Det er derfor viktig at kommunen sjølv tar klimavennlege val i eiga drift.

Offentlege innkjøp i Hå er anslått til ein verdi på rundt 300 til 400 millionar kroner årleg. Hå kommune har utarbeidd eit innkjøpsreglement som fastslår krav til miljøomsyn.

Kommunale bygg utgjør ein vesentleg del av bygningsmassen i kommunen. Ved å drifte desse areala mest mulig energieffektivt vil det gi store reduksjonar i kommunen sine klimautslepp og også for kommunen sine utgifter.

### Mobilitetstilbod

I 2018 søkte Hå kommune saman med 12 andre Rogalandskommunar og Rogaland fylkeskommune til Miljødirektoratet om «Klimasats»-midlar til ei sykkelordning, Kolumbus sine bysyklar. Desse har no blitt prøvde ut på Nærbø, og 2020 var første heile driftsåret. Trass i at alle sykklane fortsatt ikkje er på plass, har bysyklane frå Kolumbus blitt eit populært tilbod på Nærbø i løpet av året. Lokaliseringa av ladestasjonane er knytte opp mot dei overordna gang- og sykkelvegane frå sentrum til viktige målpunkt, og hausten 2020 vart det gjort avtale om å setja opp ein ny ladestasjon ved Nærbø kyrkje. Det har vore utfordringar med ladestasjonen som er tenkt plassert på Hå gamle prestegard. Her er mobildekninga som sykklane er avhengige av ikkje god nok, og det må setjast opp ein ny sendar om denne skal kunna realiserast.

I september fekk Hå kommune moglegheita til å supplera talet på subsidierte bysyklar frå Kolumbus med forventa levering i løpet av våren 2021. Formannskapet vedtok då å kjøpa inn 6 ekstra syklar, og etablera ladestasjonar på Vigrestad og i Stokkalandsmarka. I samband med handsaminga av økonomiplanen for 2021 i desember kom det ynskje frå ungdomsrådet om å kjøpa inn ytterlegare 4 syklar, og i tillegg å etablera ladestasjonar på Varhaug. Kommunestyret vedtok å leggja inn midlar til dette, og i løpet av 2021 vil Hå kommune ha eit nettverk av ladestasjonar for bysyklar som strekk seg frå Stokkalandsmarka i sør til Nærbø i nord. Bysyklane vil dermed framstå som eit godt supplement til, og ei forlenging av kollektivtilbodet på Jærbanen.

### Klimatilpassing


Hå kommune har ein viktig jobb å gjera for å sørge for at samfunnet er tilpassa klimaendringar. Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde: *Arealplanlegging* i kommunen må sørge for at nye område som byggjast ut ikkje blir trua av for eksempel overvatn og flaum. Det er ikkje noko nytt, men med eit villare og våtare klima blir utfordringane knytt til ekstremver større. Fortetting i stasjonsbyane kan også ha følgjer for kor godt eit område tar imot nedbør.

## Folketal og -vekst

## Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2020

	2017	2018	2019	2020
<b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b>	<b>18 800</b>	<b>18 762</b>	<b>18 814</b>	<b>18 991</b>
Fødde	280	228	241	242
Døde	108	110	110	97
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>172</b>	<b>118</b>	<b>131</b>	<b>145</b>
Innvandring	208	156	164	119
Utvandring	127	123	83	56
Innflytting, innanlands	540	524	573	578
Utflytting, innanlands	827	624	610	661
<b>Nettoinnflytting, inkl. inn og utvandring</b>	<b>-206</b>	<b>-67</b>	<b>44</b>	<b>-20</b>
<b>Befolkningsvekst</b>	<b>-38</b>	<b>52</b>	<b>177</b>	<b>129</b>
<b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b>	<b>18 762</b>	<b>18 814</b>	<b>18 991</b>	<b>19 120</b>


## År



Folketalet i Hå nådde 19 120 ved årsskiftet 2020/2021 etter ein vekst på 129 personar i 2020, noko som er ein auke på 0,7 %.

I perioden 2007-2014 opplevde Hå ein svært høg folkevekst, og vi runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot. 2020 var prega av moderat vekst, hovudsakleg grunna høgt fødselsoverskott.

### Befolkningsutvikling, folkemengd 1. januar 1965-2021




### Aukande innvandring og mindre innanlandsk utflytting har gitt vekst

I Hå kommune var det negativ nettoinnflytting i 2020, det vil seia at det flytta fleire ut enn inn av kommunen. I Hå vart det eit innanlands flyttetap på 83 i 2019 mot et flyttetap på 37 i 2019.

Nettoinnvandringa frå utlandet var på 64 personar i 2020 mot 81 personar i 2019. Nettoinnvandringa på 64 persone frå utlandet veg ikkje opp for det innanlandske flyttetapet på -83, og nettoinnflyttinga enda med totalt -19 personar som flytta ut av kommunen enn inn.

242 born vart fødte i 2020, 1 born meir enn året før. Det døyde 97 personar i 2020, 13 personar mindre enn 2019. Fødselsoverskotet på 145 personar var 14 personar høigare enn i 2019.


### Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst



### Små endringar i aldersfordeling

Aldersfordelinga i befolkninga held seg stabil. Ved årsskiftet var 8,2 % av alle busette i Hå barn under 6 år, mens 15,1 % var 6 til 15 år og 5,3 % 16 til 19 år. 58,3 % av dei busette i Hå var i alderen 20 til 66, mens 9,5 % var i alderen 67-79 år. Dei på 80 og eldre utgjorde 3,5 % av folkemengda.

### Folkemengd etter alder 31. desember 2016-2020




### Størst auke i talet på eldre

Talet på 0 til 5-åringar minka med 54 frå 2019 til 2020, frå 1619 til 1565. Talet på barnehagebarn minka, mens talet på skulebarn held seg stabilt. Det var auke i talet på barn i alderen 6 til 15 år på 16 personar frå 2019 til 2020. I aldersgruppa 16 til 19 år var det 4 fleire i 2020 enn 2019. Svingingar mellom enkeltår for desse aldersgruppene er normalt. Det var ein vekst i den yrkesaktive delen av befolkninga på 34 personar. Talet på eldre mellom 67 til 79 har auka med 114 personar, mens talet på personar 80 og 89 år har auka med 13 personar. Gruppa over 90 år har minka med 13 personar.

## Syssetjingsstatistikk 2019

### Syssette fordelt på næring



### Syssetting - arbeidsløyse

Talet på heilt arbeidslause har gått stege frå 2,1 % i 2019 til 2,8 % i 2020. Auken i Hå er ikkje like høg som resten av fylket og landsgjennomsnittet som har gått frå 2,6% og 2,7% til 3,5% og 3,8%..

Hå kommune har no 85 helt ledige ungdomar under 30, det er ein auke frå 2019.

Det står meir om dette under tenesteområdet for helse og sosialsaker.

## Slik styrer me

I dette kapitlet omtalar vi korleis vi arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. Vi omtalar også kven vi er og korleis det er å arbeide her.

### Kommuneplanen

Kommuneplanen omtalar **visjon og satsingsområder** for Hå kommune. Kommuneplan er styrende for all planlegging i kommunen, herunder temaplaner og økonomisk handlingsplan.

Kommuneplanen har to deler – ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen inneholder en beskrivelse av hvordan vi skal utvikle Hå-samfunnet der formålet er å skape langsiktighet og forutsigbarhet i politikk og arealbruk for kommunens innbyggere. Arealdelen er det juridisk bindende dokumentet som anviser framtidig arealbruk i hele kommunen.

### Planstrategi

Kommunal planstrategi skal avklare kommunen sitt **planbehov**.

Den kommunale planstrategien klargjøre hvilke planoppgaver kommunen bør starte opp eller videreføre for å legge til rette for ønsket utvikling i kommunen. Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal helt eller delvis revideres, og hva revisjonen skal gå ut på.

### Kommunedelplan

Kommunedelplanar er utdjujing av kommuneplanen. Det kan enten vera eit samfunnstema eller eit areal for ein del av kommunen. Kommunen er godt i gang med å utvikla ein kommunedelplan for Varhaug sentrum som skal fastlegga dei overordna måla og ramane for den fysiske utviklinga av Nærbo sentrum i årene framover.

### Tema og sektorplaner

Tema og sektorplaner er ei vidare konkretisering av kommuneplanen. Både barnehagebruksplan og skulebruksplan er temaplaner. Til dømes skal barnehage-bruksplanen gi grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen, og vera grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering, utvikling av bygningane og uteområda, og vedlikehald.

### Økonomiplan og årsbudsjet

Økonomi-planen er kommuneplanen sin handlingsdel, med prioriteringar og tildeling av ressursar. Det blir utarbeidd planar for verksemda ut frå rammene i vedteke handlingsprogram (årsbudsjet). Det skal leggest vekt på rammestyling og utstrekt grad av delegering.

### Årsmelding/årsrekneskap

Det skal utarbeidast årsmelding/årsrekneskap med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjet. Dette er det dokumentet du nå les i.

## Kommunen sitt styringssystem

Kommunestyret er det øvste styrande organ i ein kommune. Dei viktigaste styringssignala blir gitt når budsjett og økonomiplan blir vedtatt. Her blir mål og planar omtalt og det vert sett rammer for ressursbruk på alle områder både med omsyn til pengar og årsverk.

Hovudutvala har ansvaret for gjennomføring av tiltak etter vedtekne planar og økonomiske retningslinjer. Administrasjonen står for løpande drifts- og planleggingsoppgåver. Hå kommune er organisert etter ein modell med tenesteområder og stabar som rapporterer til rådmannen.

Oppfylgning av denne modellen føreset delegering som i alle tilfelle skjer innafor vedtekne økonomiske rammer. Føresetnaden er likevel at utforminga av politikken i hovudsak skjer på overordna nivå i formannskap og kommunestyret. Hensikta med delegasjonsreglementet er å leggja betre til rette for overordna økonomisk styring, ha klarare ansvarsdeling mellom ulike folkevalde organ og mellom politisk og administrativt nivå, samt effektiv ressursutnytting. Delegeringsreglementet blei oppdatert 20. november 2020, [Kommunestyrets delegeringsreglement](#) (i sak 109/20). Kommunestyret vedtok i same sak at rådmannen skulle skifta tittel til den kjønnsnøytrale tittelen "kommunedirektør".

Kommunedirektøren delegerer vidare internt i administrasjonen gjennom interndelegeringsreglementet.

## System og organisering

Kommunedirektøren si leiargruppe består av dei tre kommunalsjefane, personal- og organisasjonssjef, eigedomssjef og økonomisjef. I tillegg rapporterer leiar for politisk sekretariat, innkjøpssjef, digitaliseringssjef, leiar for innovasjon og kommunikasjon, nærings- og hamnesjef, og leiar for dokumentsenter til kommunedirektøren.

## Etikk og antikorrupsjon

Kvalitets- og avvikssystemet Compilo er og system for varsling av kritikkverdige tilhøve i verksemda. Føremålet er å gi kjende, trygge og lovlege rammer for intern varsling, og samstundes bygga ein kultur tufta på eit ønske om openheit.

Arbeidet med nye etiske retningslinjer vart gjort ferdig i 2017. God forankring vart sikra gjennom tett samarbeid mellom administrasjonen, dei hovudtillitsvalde og hos politkarane.

## Slik arbeider vi (forvaltningspraksis)

### Offentlegheit

- Møteinnkallingar, saksutgreiingar og protokollar er tilgjengelige på kommunen sine nettsider.
- Kommunestyremøta blir overført direkte på internett og kan også sjåast i opptak etter møta.
- Alle utvalsmøta er opne for publikum.

### Tilgjengelegheit og brukarorientering:

- Servicetorget tek imot alle som vender seg til kommunen personleg, via telefon, e-post, chat eller facebook.
- Brukarundersøkingar blir gjort innanfor stadig fleire områder.
- Kommunikasjonsstrategi er utarbeidd i samarbeid med dei hovudtillitsvalde.

### Politisk styring og kontroll

- Kommunen har ein tydelig visjon og klare verdiar.
- Gjeldande delegeringsreglementet vart vedtatt i KS-sak 109/20.
- Det er ryddige og klare linjer i samspelet mellom politikk og administrasjon.
- God samanheng mellom politiske ambisjonar og tilgjengelege ressursar.
- Kafedialog (møte mellom kommunalsjefar og dei folkevalde) i samband med framlegging av budsjettet.

### Leiarskap, ansvar og delegering

- Synleg og tydeleg kommunedirektør.
- Leiarforum med alle leiarar, dei hovudtillitsvalde og leiarar frå Hå Energi AS.
- Leiarutviklingsprogram: Tredje gruppe på 30 leiarar begynner i 2020.
- Leiaravtalar vart innført for alle leiarar i 2016.
- Brei delegering.
- Det vert gjennomført jamlege dialogmøter med dei hovudtillitsvalde.

### Resultat og effektivitet

- Følgjer KOSTRA.
- God økonomi og –styring over tid. Det vert likevel arbeidd med å vidareutvikle økonomiplan og årsmelding for å gje god styringsinformasjon til politikarane og andre.
- Digitalisering gjer mange prosessar meir effektive.

### Kommunen som arbeidsgjevar

- Vidareutviklar medarbeidarsamtaler. Bruken av desse vart innført i 2016.
- Opplæringsplanar med eigne budsjett. Årleg evaluering av gjennomførte tiltak.
- Fokus på kompetanseutvikling i skule/barnehage.

### Kommunen som samfunnsutviklar

- Gjeldande kommuneplan vart godkjent i desember 2014. Ny Kommunal planstrategi vart vedtatt 11. juni 2020 i [kommunestyresak 044/20](#).
- Hå kommune er kjent for innsatsen på kultur- og idrettsområda.
- Bustads- og næringsutvikling (spesielt fokus mat/landbruk).
- Meir samarbeid med frivillige har fokus framover, særleg innanfor helse og for å få til god integrering av flyktningar.

## Styringssystem

Styringssystemet kan illustrerast slik:



## Kommuneplanen

Kommuneplanen omtalar **visjon og satsingsområder** for Hå kommune.

Kommuneplanen har to deler – ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen omhandlar kulturlandskapet, visjon, mål og strategiar, framskrivingar (befolkningsvekst), kva som skal til for å ha gode bu- og næringsmiljø, sysselsetting og næringsliv, klima og energi, kommunal beredskap, kommuneorganisasjonen og omtale og mål for dei kommunale tenestene.

Arealdelen omhandlar føresetnader og arealbehov, areal og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer

## Planstrategi

Kommunal planstrategi skal avklare kommunen sitt **planbehov**.

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i desember 2014. Denne har mål og strategiar for alle (sentrale) delar av kommunen si verksemd.

I 2016 blei det utarbeidd ein ny planstrategi som gjev føringar for kva for planar som skal utarbeidast eller reviderast. Denne strategien er eit viktig verkty for å sikre ei samla prioritering av alle plandokument i kommunen og vil ta omsyn til endringar i samfunnet rundt oss. Sjå omtale i kapittelet «Dette er Hå».

## Kommunedelplan «Utdjuping av kommuneplan»

Kommunedelplanar er utdjuping av kommuneplanen. Det kan enten vera eit samfunnstema eller areal for ein del av kommunen. Kommunen er godt i gang med å utvikla ein kommunedelplan for landbruk (tema) og ein kommunedelplan for Varhaug sentrum (areal) som skal fastlegga dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Varhaug sentrum i årene framover .

## Tema og sektorplaner «Konkretisering og tiltak»

Tema og sektorplaner er ei vidare konkretisering av kommuneplanen. Både barnehagebruksplan og skulebruksplan er temaplaner. Til dømes skal barnehage-bruksplanen gi grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen, og vera grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering, utvikling av bygningane og uteområda, vedlikehald og opptakskrinsar.

## Økonomiplan og årsbudsjett

Den 4-årig økonomi-planen er kommuneplanen sin handlingsdel, **prioriteringar og tildeling av ressursar**. Det blir utarbeidd planar for verksemda ut frå rammene i vedteke handlingsprogram (årsbudsjett). Det skal leggest vekt på rammestyring og utstrekt grad av delegering.

## Årsmelding/årsrekneskap

Det skal utarbeidast årsmelding/årsrekneskap med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjettet. Dette er det dokumentet du nå les i.

Dette er det dokumentet du no les i. Årsrekneskapen er eit eige dokument.

## Meir om mål og resultatstyring

Dei økonomiske målsettingane som er definert i kommuneplanen er nådd også i 2020. Netto driftsresultat vart 6,3 % som er meir enn målet som er sett i kommuneplanen på 1,5 %. Drifta gav eit samla mindreforbruk (overskott) på 26,6 millionar kr. Etter ny kommunelov skal kommunedirektøren

sette dette av til fond. Det høge netto driftsresultatet gjer at det ikkje var naudsynt å nytta planlagt bruk av fond til investering. Å ha midlar på fond er viktig for å sikre handlefridom og for at ikkje etterkomarane skal betale for det dagens politikarar vedtar.

Kommunestyret får rapport kvart tertial med status for heile kommunen og for kvart tenestoområde, i sentraladministrasjonen og på finansområdet. Desse kan gje grunnlag for budsjettjusteringar.

## Internkontroll og HMS

### Internkontroll

Målet for god internkontroll, som ein del av kommunen si samla styring og leiing, er å levere gode tenester som er innanfor krav fastsett i lover og forskrifter. Dette er presisert i den nye kommunelova frå 2019.

I den nye kommunelova frå 2019 er kommunedirektøren sitt ansvar for internkontroll utdjupa og presisert, med overordna bestemmingar om hensikt, innhald og omfang.

Målet for god internkontroll, som ein del av kommunen si samla styring og leiing, er å levere gode tenester som er innanfor krav fastsett i lover og forskrifter.

For å sikre dette har KS utarbeidd ein praktisk vegleiar kalla «Orden i eget hus – kommunedirektørens internkontroll». Denne er ein god guide for å vidareutvikla internkontrollarbeidet som me kontinuerlig arbeider med i kommunedirektøren sitt vidstrakte ansvarsområde.



Digital internkontroll har blitt meir og meir sentralt. Som ein konsekvens av GDPR-innføringa etablerte kommunedirektøren eit eige sikkerhetsråd i 2018. Dette består av digitaliseringssjef, arkivleiar, personvernombud, økonomisjef og kommunedirektør.

### Kvalitets- og avvikssystem


Gode rutinar sikrar at tilsette i kommunen kan løyse oppgåvene sine på rett vis. Hå kommune har fleire system for internkontroll. Alle tilsette nyttar det digitale kvalitets- og avvikssystemet «Compilo». Tenestoområda har i tillegg eigne fagsystem. Både HMS- og tenesteavvik blir ført i Compilo.

I 2020 blei det meldt inn 1008 HMS-avvik, mot 561 i 2019. Dette skuldast mellom anna auka merksemd på betydninga av å melde og lære av avviksmeldingar. Det blir arbeidd systematisk med internkontroll i heile verksemda.

Til saman blei det i 2020 meldt inn 2544 avvik i Compilo. Motsvarande tal var i 2019 var på 970. Dette er uttrykk for ein kultur der den einskilde tilsette er kjend med prosedyrar og tek ansvar for at dei blir brukt rett. Det synar og ein tillit til at avvik som blir meldt, blir tekne tak i og retta opp. Handtering av avvik er eit viktig utgangspunkt for læring og førebygging.



Vold og truslar utgjer 82 % av HMS-avvika i 2020, og er på 82 %. Desse er fordelt på åtte underkategoriar der utagarende brukaråttferd er mest framtrødande med 80 % av avvika.



## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Dei har sin eigen administrasjon som er uavhengig av kommunen sin administrasjon. Oppgåvene deira knyter seg både til løypande tilsyn med forvaltninga (drifta), revisjon, rekneskap og internkontroll, forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar. Dei har eige budsjett og lagar ei eiga årsmelding.

Kontrollutvalet har i 2020 laga ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar. Planen vart send til kommunestyret som vedtok denne i møtet 15.10.2020 (sak 094/20).

Kontrollutvalet bestilte følgjande forvaltningsrevisjonar for levering i 2020:

- Tidleg innsats retta mot barnehage/skule

Kontrollutvalet har behandla følgjande rapport om forvaltningsrevisjon:

- Kommunen sitt system for henvendingar til kommunen


Kontrollutvalet har og følgd opp følgjande rapportar:

- Rapport om forvaltningsrevisjon – Pleie og omsorg

## Årshjul

Kvart år blir det gjennomført ei rekke styringsprosessar. Dette kan me vise i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar føregår i høve til kvarandre politisk og administrativt.

# Årshjul 2020




## Personal og organisasjonsutvikling

Målsettinga for kommunen sin personalpolitikk er å ha tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft. Hovudavtalen seier at dei lokale arbeidslivspartane skal samarbeide om å sikre gode tenester. Avdelinga for personal- og organisasjonsutvikling bidreg med mellom anna rekrutteringsbistand, støtte i IA-arbeid, leiarutvikling, HMS, og planar for til dømes lønnspolitikk og ulike retningslinjer. Dei tilsette sine organisasjonar er involvert i mange av prosessane.

### Tilsette og årsverk

Hå kommune hadde ved årsskiftet 1614 tilsette med eit *fast* arbeidsforhold. Det er ein reduksjon på 15 tilsette frå 2019. Årsverka for desse utgjorde 1216,84 mot 1210,99 i 2019 og 1191 i 2018. Talet på fast tilsette er redusert med 0,9 % samanlikna med fjoråret, og gjennomsnittleg stillingsstorleig har auka svakt til 76,73 %.



Figuren syner tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen, medrekna dei som f.t. er i permisjon og frivillig brannmannskap (FB). Den syner og delen heiltid og deltid blant dei tilsette, ikkje medrekna FB.

Dette er medrekna dei 74 tilsette som etter eige ønske har redusert stillingsstorleiken si med til saman 23,1 årsverk slik lov-/avtaleverk og velferdsreglar gir høve til. Av dei 74 er det 67 kvinner og 7 menn som i snitt har redusert stillinga si med 31,3 %. Dette bidreg diverre til å auke talet på mellombels deltidstilsette, men gjer og at nokre deltidstilsette får høve til å arbeide heiltid medrekna vikariat. Det er 42,3 % av dei fast tilsette som er tilsett i full stilling, mot 41,6 % i 2019.

I tråd med kommunestyrevedtak om heiltidskultur er det iverksett eit partssammansett arbeid som jobbar med problemstillingar kring dette. I 2020 var det i helse og sosial en gjennomsnittleg stillingsstorleik 65,8 %. Det er 63,9 % av dei fast tilsette som arbeider deltid, med ein gjennomsnittleg tilsettingsprosent på 50,21 %. Inkludert meirarbeid jobba dei 58,66 % i snitt i fjor. Meirarbeidet skuldast

fråvær og permisjonar, og utgjer til saman 40,5 årsverk. Medrekna desse årsverka er stillingsbrøken i tenesteområdet 71,2 % i snitt.

Stillingsstorleiken for kvinner er i snitt 74,4 % mot 73,5 % i 2019. I desse tala er det teke omsyn til ønskja redusert stilling, men ikkje medrekna ekstraarbeid. Det inneber at den eigentlege stillingsstorleiken er høgare. Stillingsstorleiken for menn er i snitt 80,7 % mot 78,2 % i 2019. Ikkje medrekna brannmenn er talet 89,3 % mot 87,9 % i 2019.

Kvinneandelen er stabil og ligg på omlag 83 %. Blant dei 86 mellomleiarane i kommunen er det 57 kvinner og 29 menn inkludert fagleiarar i teknisk sektor. I kommunedirektøren si leiargruppe er det fire kvinner og tre menn.

Utviklinga frå 2019 til 2020 syner at i tilsette i aldersgruppene 0 - 29 år er stabil. I aldersgruppa frå 30 – 39, 40 – 49 og aldersgruppa over 60 år syner ein nedgang. Aldersgruppa 50 – 59 år syner ein oppgang. Dei neste fire åra vil 70 tilsette ha rett til å ta ut AFP, likevel tilseier erfaringa at få nyttegjer seg av dette. Seniorar er ei viktig arbeidskraftressurs, og kommunen vil arbeide for å halde på kompetansen deira. Hovudtariffavtalen tillet at alderspensjonistar arbeider på særskilde vilkår medan dei tek ut pensjon, men seier at dei må avslutte arbeidsforholdet når dei fyller 70 år.

### Rekruttering og kompetanseutvikling

Arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling har fokus på at tilsette skal få nytte og vidareutvikle kompetansen sin. Medarbeiderundersøkinga som ble gjennomført i 2020 syner at dei tilsette i høg/svært høg grad opplever å få nytta kompetansen sin i arbeidet. Samstundes opplever dei i middels/høy grad å få individuelt retta kompetanseutvikling. Korona-beredskapen i 2020 har gjort at fleire kompetansehevingstiltak måtte venta. Resultata er på nivå med eller litt betre enn resten av landet. Undersøkinga synar at fleire faktorar i arbeidsmiljøet bidreg positivt til dei tilsette sin kompetansomobilisering, mellom anna graden av autonomi i arbeidet, støtte frå leiar, rolleklarheit, og ein kultur for å dela kompetanse og å gjera kvarandre gode.

Kommunen utarbeider årleg ein opplæringsplan for å budsjettere, planleggje og evaluere gjennomføringa av ulike kompetansetiltak. Kompetente og innovative fagmiljø bidreg til gode tenester, og skapar eit godt fagleg omdøme i møte med nye jobbsøkjjarar.

Fleire faggrupper er vanskeleg å rekruttera, mellom anna sjukepleiarar, vernepleiarar, barnehagelærarar, spesialpedagogar, lærarar, ingeniørar og arkitektar. Innan tekniske fag er det særskild vanskeleg å rekruttere og behalde seniorkompetanse. Kommunen har arbeidd målretta dei siste året med kompetansekartlegging og -planlegging i teknisk sektor, og har iverksett lønntiltak for å behalde naudsynt kompetanse. Det er konkurranse i regionen om desse fagfolka.

Arbeidet med Leiarutvikling og Leiarforum held fram. I 2020 blei nokre av samlingane gjennomført digitalt, mens andre blei utsett grunna koronatiltaka.

### Tariff og lønsforhandlingar

I 2020 var det Hovudtariffoppgjer mellom partane i KS sitt tariffområde. Grunna dei økonomiske og praktiske tilhøva under korona-pandemien, blei oppgjeret utsett og ramane redusert. Etter fleire brot landa oppgjeret i kapittel 4 rundt årsskiftet på ei årslønnsvekst på 1,6 %. Det blei ikkje avsett midlar til lokale forhandlingar i kapittel 4. For leiarar og akademikarar i kapittel 3 og 5 kom Hå kommune til eining med dei tilsette sine organisasjonar om eit flatt lønnsoppgjer på 6500,- kroner. Dette betydde ein datolønnsvekst på 0,9 % i snitt, og tilsvara lønnsoppgjeret i kapittel 4.

## Medarbeiderundersøkinga «10-faktor»

Hå kommune gjennomførde i 2020 medarbeiderundersøkinga «10-faktor» for tredje gong (2015 og 2017). 72,2 % av dei tilsette svara på undersøkinga som er eit viktig utviklingsverktøy for kommunen som arbeidsgjevar. 10-faktor er utvikla i samarbeid mellom KS og BI, forskningsbasert, validert på norske kommunar, og måler ti ulike faktorar som både påverkar og i seg sjølv er viktige for eit godt arbeidsmiljø.

Blant dei viktigaste faktorane i undersøkinga er motivasjon for arbeidsoppgåvene i seg sjølv, mestringsstro i møte med daglege oppgåver og utfordringar, autonomi til å kunne gjere eigne vurderingar og velje framgangsmåte, bruk av eigen kompetanse i arbeidet, mestringsorientert leiing, og mestringsklima – ein kultur for å gjere kvarandre gode.

Svara til dei tilsette i Hå kommune er på nivå med eller litt høgare enn landsgjennomsnittet, og syner at mange er svært nøgde med mye. På ein skala frå 1 til 5 er gjennomsnittet for alle svara 4,3. Tala synar og at dei tilsette i Hå kommune i stor grad er samde om korleis dei opplever sitt eige arbeidsmiljø. Alle leiarar og hovudtillitsvalde har fått opplæring i bruk av undersøkinga i utviklingsarbeid, og tilbod om prosessbistand frå personalavdelinga.


## Resultat frå undersøkinga

Navn på faktor	Norge			Hå		
	2020	2017	2015	2020	2017	2015
Indre motivasjon	4,3	4,3	4,3	4,4	4,3	4,3
Mestringsstro	4,3	4,3	4,3	4,3	4,3	4,3
Autonomi	4,2	4,2	4,2	4,3	4,3	4,3
Bruk av kompetanse	4,2	4,2	4,2	4,3	4,3	4,3
Mestringsorientert ledelse	4,0	3,9	3,9	4,0	4,0	4,0
Rolleklarhet	4,3	4,3	4,3	4,3	4,3	4,3
Relevant kompetanseutvikling	3,7	3,7	3,7	3,7	3,8	3,8
Fleksibilitetsvilje	4,5	4,5	4,4	4,5	4,5	4,5
Mestringsklima	4,2	4,1	4,1	4,2	4,2	4,1
<b>Prososial motivasjon</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>

## Inkluderande arbeidsliv (IA) og sjukefråvær

Det er brukt store ressursar på IA-arbeidet i 2020, i tråd med erfaringa om at varig fokus er naudsynt for gode resultat. Satsingsområde har vore leiaropplæring, samarbeid med NAV, avklaring i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom, og kulturarbeid.

Figuren syner at alle dei fire jærkommunane fikk eit auka sjukefråvær frå 2019 til 2020. Ein medverkande årsak er korona-pandemien med smitte og karantene gjennom året. Hå kommune hadde likevel det lågaste sjukefråværet blant nabokommunane på Jæren, og enda på 6,6 % (6,4 % i 2019).




Figuren syner samla sjukefråvær i nabokommunane (eigenmeldt og legemeldt) dei siste fire åra.


Fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar utgjer 86,5 % av det samla legemeldte fråværet. Langtidsfråværet over 40 dagar utgjer 73,9 %. Målretta arbeid i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom er difor viktig og tidkrevjande.

Første halvår var det legemeldte fråværet 5,9 % mot 5,7 % i 2019, medan det andre halvår var på 5,3 % mot 5,4 % i 2019. Det samla sjukefråværet for kommunen vart 6,6 % og synar ein auke på bare 0,2 prosentpoeng samanlikna med året før. Det legemeldte fråværet var 5,6 %, og syna ein auke på 0,1 prosentpoeng frå 2019. Eigenmeldt fråvær syna ein svak oppgang på 0,2 prosentpoeng frå 2019 til 2020.

I 2018 blei det starta opp eit prosjekt innanfor barnehageområdet, i dei fire barnehagane som synta høgast fråvær. Resultata har vore svært positive. Frå 2019 har fokuset blitt retta meir mot heile barnehagesektoren. Det samla sjukefråværet i prosjektbarnehagane syner ein nedgang frå 2017 til 2020 på 8,6 prosentpoeng. Dette svarer til meir enn ein halvering av fråværet. Vi ser og at sjukefråværet i heile barnehagesektoren er redusert, og nå er på 7,7 mot 7,8 % i 2019. Dette til tross for koronasituasjonen i 2020.



Det særskilde satsingsprosjektet som vart starta i helsesektoren i 2017 vart oppretthalde i 2018. Det blei etablert eit «*Raskare tilbake*»-forum i 2019 for å handtera krevjande og meir samansette sjukefråværs sakene, og slik finna gode løysningar saman med aktuelle parter. I 2020 har det framleis vore fokus på å redusera sjukefråværet i tenesteområdet, men på grunn av pandemien har det vore mindre tid og ressursar til oppfølgingsarbeidet. I 2020 var det eit totalt sjukefråværet på 7,2 % mot 6,2 % i 2019.



### Sjukefråvær for heile kommunen i 2020

Fråvær	Eigenmeldt	Legemeldt	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,87 %	5,48 %	6,35 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,07 %	5,57 %	6,64 %

### Sjukefråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2020			Fråvær 2019		
	Eigenmeldt i %	Legemeldt i %	Samla fråvær i %	Eigenmeldt i %	Legemeldt i %	Samla fråvær i %
Sentraladministrasjonen	0,79 %	6,61 %	7,40 %	0,80 %	7,28 %	8,08 %
Opplæring og kultur	1,19 %	5,28 %	6,47 %	0,98 %	5,51 %	6,49 %
Helse- og sosiale saker	1,05 %	6,11 %	7,16 %	0,77 %	5,38 %	6,15 %
Tekniske saker og næring	0,47 %	2,00 %	2,47 %	0,55 %	2,82 %	3,37 %
<b>Sum tenesteområde</b>	<b>1,07 %</b>	<b>5,57 %</b>	<b>6,64 %</b>	<b>0,87 %</b>	<b>5,48 %</b>	<b>6,35 %</b>

## Informasjon, kommunikasjon og involvering

Kommunen er til for innbyggjarane og det vert arbeidd på fleire måtar for å engasjere og få innspel frå ulike grupper. Det er viktig at det er lett å koma i kontakt med dei som arbeider i kommunen og i 2020 har me fortsatt arbeidet med å nå innbyggerane på digitale måtar. Innbyggerane er hovudpersonane i oppdraget til kommunen. Det er retningsgivande for alt som servicetorget gjer. Alle som henvender seg til kommunen skal bli møtt på ein god måte. Alle skal få eit raskt og godt svar.

### Innbyggjarrådet

Innbyggjarrådet tar del i den kommunale plan- og utviklingsprosessen og skal ha til uttale alle politiske saker som gjeld eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom sine levekår.

Innbyggjarrådet er kommunen sitt formelle organ i samband med brukarmedverknad og uttale frå rådet skal følgje saker i prosessen fram mot vedtak i det aktuelle politiske organet. Mandat vart vedtatt i KS-079/11. Innbyggjarrådet hadde 5 møter og handsama 34 saker i 2020 (29 i 2019).

Den planlagde festen på Varhaug Misjonshus i samband med Den internasjonale eldredagen vart avlyst av smittevernomsyn.

### Ungdomsrådet i Hå (URÅ)

Våren 2020 var for URÅ som for mange andre svært spesiell. Pga. covid-19, vart det ein sterk reduksjon i planlagde arrangement og aktivitetar. Me var heldige og fekk gjennomført utvekslingstur til vennskapskommunen Wegliniec i Polen 2.-7. mars. Overskrifta for turen var «Youth and Society», med økonomisk støtte frå Erasmus +. Det var ein fantastisk lære- og minnerik tur på alle vis!

Me har likevel fått gjennomført fleire styremøte, både fysisk og på teams/zoom, samt julebord 25. november på Hotell Jæren og årsmøte 30. november.

9. november arrangerte URÅ i samband med Verdsdagen for psykisk helse eit foredrag med Adil Khan på Samfunnshuset på Nærbø. Overskrifta denne kvelden var «Ta vare på di psykiske helse». Ein utruleg flott kveld, med musikalske innslag frå lokale ungdommar.

URÅ har på styremøte hatt besøk av utbyggingssjef Jan Sigve Tjelta om prioritering av gatelys, og kommuneplanlegger Tor-Eivind Fagereng om sentrumsplanen for Varhaug. På årsmøtet deltok kommunalsjef for opplæring og kultur Waldemar Pettersen og leiar i fritidsavdelinga Andreas Austrheim.

URÅ er representert i Innbyggjarrådet 2019-2023, Eivind Fagereng (vara: Aleksander Johannessen) og Mari Rimstad (vara: Tora Wiig Njærheim).

### Barn og unges kommunestyre (BUK)

Barn og unges kommunestyre (BUK) vart dette året arrangert for sjuande gong i Hå kommune. Dette er ein arena kor kommunen sine barn og unge får moglegheit til å seie si meining.



### Koronatilpassa BUK 2020

Dette året måtte me tilpassa BUK med antal elevar til å vera smittevern fagleg forsvarleg. Av den grunn blei kvar skule er representert med to (og ikkje tre) elevar frå 5.-7. trinn og to (og ikkje tre) elevar frå 8.-10. trinn - inkludert Tryggheim. I tillegg er ordføraren, kommunaldirektøren, kommunalsjefar og fleire politikarar til stades. Ungdomsrådet i Hå er òg til stades og informerer om kva dei arbeider med. Møtet føregår i kommunestyresalen og er bygd opp på same måte som eit ordinært kommunestyremøte, med sakliste, ordstyrar og stemmeskilt. Elevane blir utfordra til å halde framlegg rundt eit tema som er aktuelt i tida og ikkje minst i framtida.

I år var temaet: « *Korleis har korona endra kvardagen til barn og unge?*»

Elevråda på kvar sin skule hadde fått i oppgåve å diskutera erfaringar etter nedstenging av skulen sin, og dele desse med dei andre skulane i kommunestyremøtet.

Erfaringar var mange og ulike, på lik linje med at kvar og ein elev er seg sjølv.



Konklusjon: ***Alt i alt: Dæ gjekk godt!***

Barn og unges kommunestyre får sett av ein sum pengar som dei sjølv får råde over. Pengane må nyttast slik at barn og unge i heile kommunen kan få glede av dei. I 2020 vart vedtaket slik i barn og unges kommunestyre: ***Pengesummen blir likt fordelt mellom skulane.***



## Jegerprøveeksamen

Med god planlegging og tilrettelegging har me òg i dette koronaåret gjennomført nokre jegerprøveeksamenar.



[Miljødirektoratet](#) har det overordna ansvaret for jegerprøven, men det er kommunane som står for den praktiske gjennomføringa av eksamen.

Kvar kommune skal ha ein kommuneansvarleg for jegerprøven som skal vera tilsett i kommuneadministrasjonen. Kommuneansvarleg har det overordna ansvar for at jegerprøven vert gjennomført i henhold til forskrift 22. mars 2002 om utøvelse av jakt, felling og fangst. I Hå er det leiar i politisk sekretariat som er ansvarleg for jegerprøveeksamen.

Me har lagt til rette for at kandidatar kan kome til rådhuset for å avlegga eksamen både på dagtid og kveldstid. Kandidatar kan og få ta munnleg eksamen. Det krev noko meir planlegging og bruk av tid. Etter at kurslokala i Hå rådhus blei avstengd hausten 2020, har jegerprøveeksamen blitt «satt på vent».

## Val av meddommarar til Gulating lagmannsrett, Jæren tingrett og skjønnsmedlemmar til jordskifteretten

Det var mange av Hå kommune sine innbyggjarar som melde si interesse og hadde lyst til å bli meddommar - mange fleire enn det som kommunen fekk bestilling på frå dei ulike «rettane». Av den grunn var det mange som ikkje fekk ønskje sitt oppfylt, om det å vera meddommar. Informasjon om val av meddommarar la me ut på heimesida til Hå kommune samt på facebookside til kommunen.

## Kommunikasjon og innovasjon

### Digitalt servicetorg

Arbeidet med å vidareutvikla det digitale servicetorget har vore sentralt også i 2020. Og pandemien gjorde det ikkje mindre aktuelt å kunna tilby digitale løysingar og oppdaterte nettsider døgnet rundt. Korona-pandemien førte til at rådhuset og servicetorget hadde stengt for fysisk oppmøte frå 12. mars til 17. august 2020. Det blei ein god test av korleis dei digitale løysingane fungerte. Alle innbyggjarane som henvendte seg fekk hjelp, og fleire fekk erfara nytten av digitale skjema og løysingar.

Måten innbyggjarane tek kontakt med servicetorget på, endrar seg. Talet på telefonar går ned, og bruken av digitale bestillingar/sjølvetening er aukande. Det er likevel vanskeleg å samanlikna 2020 med åra før. Det meste av arrangement har vore avlyste. Innbyggjarane har dermed ikkje nytta seg av bestillingsmodulane våre for til dømes utleige av Lensmannsløa, billettbestilling i Stampen eller for å søka om skjenkeløve til arrangement.

### Mangfald av tenester



Eit av kjenneteikna til servicetorget er mangfald. Tenestene som blir utført her spenner breitt. Felles for tenestene er at dei er publikumsretta. Det gjer at innbyggjarane enkelt kan henvenda seg éin stad for å få hjelp.

I 2020 behandla servicetorget 116 søknader om parkeringslette for forflyttingshemma. Det har vore ein stor pågang med søknader dette året, og ein auke på 16 prosent mot 97 søknader i 2019. 316 meklarpakkar (391 i 2019), 84 konsesjonssøknader (164 i 2019), 77 søknader om kontantstøtte (117 i 2019) og 203 søknader om redusert betaling i barnehage (160 i 2019).

I tillegg behandla servicetorget i saman med politisk sekretariat 16 søknader om ambulerande skjenkeløve til lukka arrangement, og 16 søknader til opne arrangement. Pandemien sette ein stoppar for mange arrangement dette året, og skjenkestadene trong eit større område for å halda meteren mellom gjestene. Det blei dermed behandla søknader om utvida skjenkeområde i fleire omgangar for både Kafe Jærbuen, Holdeplassen Bar, Stasjoen pub og Pauserommet.

Desse tenestene blir tilbydd i servicetorget: Informasjon og rettleiing i byggesaker, kart-, eigedoms- og leidningsnettopplysningar, innsyn i offentlege dokument, meklarpakkar, nabolister, endring og avvik i renovasjon, fakturaspørsmål, konsesjonssaker, skjenke- og serveringsløve, parkeringskort for forflyttingshemma, rettleiing til å søka barnehageplass, saksbehandling redusert betaling i barnehage og kontantstøtte, utleige av Lensmannsløa, sentralbord og salskontor for tomter i Stokkalandsmarka.

23 par vart vigsla i 2020 av ordførar, varaordførar eller kommunedirektør. Servicetorget tilrettelegg for desse seremoniane.

### Kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga



Kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga (kominn) vart etablert i 2019. Avdelinga er fletta tett saman med servicetorget, noko som er ein stor fordel både i kommunikasjons- og innovasjonsarbeidet. Å vera tett på innbyggjarane er eit suksesskriterie for å kunna bygga gode nettsider, kommunisera forståeleg og for å utvikla nye, gode løysingar.

Korona-pandemien sette dagsorden for kommunikasjonsavdelinga stort sett heile 2020. God kommunikasjon er avgjerande i beredskapsarbeidet, og det har me fått testa ut i mange lag gjennom fjoråret. Eit nært samarbeid mellom beredskapsleiing, kommuneoverlege, tenestoområda og servicetorg/kominn har eksistert frå første stund. Dersom me skal dømma etter tilbakemeldingane, har me lukkast i å formidla klar og tydeleg informasjon. Utfordringa er å balansera kommunikasjonen slik at alvoret i situasjonen blir formidla, utan å skapa frykt og uro.

Nettsidene og Facebook (@hakommune ) har vore viktige kanalar for informasjon gjennom heile beredskapen. Me hadde rigga klar nettsidene med områdemelding og eit oppsett for krisekommunikasjon, og den 11. mars oppretta me ein eigen kommunikasjonskanal; <https://www.ha.no/koronaviruset/> med både lokal og nasjonal informasjon.

Behovet for informasjon var umetteleg – iallfall i starten. Ein kommunikasjonsrådgivar sat kontinuerleg og produserte nyheitssaker, oppdaterte informasjonen og laga innlegg til Facebook. Den første saka me hadde om korona var på Facebook 26. februar. Etter det gikk det slag i slag, og toppa seg sjølvstapt den 12. mars.



Me orienterte om stengte skular og barnehagar, felles luftvegslegevakt, koronatelefon, stengte verksemdar og kulturtilbod, hytteforbod og foreldrebetaling. Me oppfordra frivillige til å melda seg til koronadugnad, helsepersonell til å melda seg til teneste, og oppmuntra innbyggerane om å ta vare på kvarandre – og ikkje minst dei sårbare barna. Me oppretta ei eiga facebookgruppe i tett samarbeid med barnehagesektoren, med tips til foreldre som var heime med barn i koronakvardagen. Men det som fekk aller mest respons var når me takka og hylla mange av dei gode kvardagsheltane - våre tilsette innan reinhald, helse, teknisk, opplæring og kultur osv., som stod på ekstra og som løfta i lag. Då tok det fyr i hjarte, applaus og kjærlighetsemojiar, og dette nådde utruleg langt ut.

Før korona-pandemien hadde me etablert eit nettverk med kommunikasjonsavdelingane i Time og Klepp. Det var til stor nytte når me den 12. mars etablerte eit endå tettare samarbeid. Store delar av informasjonen ut skulle samkøyrast oss tre kommunar i mellom. Det var tidkrevjande, men veldig nyttig. Me samarbeidde om pressemeldingar, nettmøte, nyheitssaker, filmar og grafiske element. Me lånte og delte oss i mellom, og kommunikasjonen ut blei på den måten ekstra kvalitetssikra.

Koronanyheitene blir framleis mykje lest på nettsidene våre, og me bruker mykje tid på å oppdatera dei og formidla dei på ein klar og tydeleg måte.

### Minuttjakta

Mykje har endra seg i løpet av koronaåret 2020. Me lærte oss til dømes nye måtar å jobba saman på, då mange av oss måtte jobba på heimekontor. Sjølv om me saknar dei gode og kreative møta der me i fellesskap finn fram til nye, gode løysingar, har digitale møte gjort mange prosessar meir effektive. Om ikkje minuttjakta har vore lengst framme i panna på oss i løpet av beredskapsarbeidet, så har det likevel føregått mykje kvardagsinnovasjon. Me har alle blitt tvinga til å tenka nytt, og då dukkar som regel kreative løysingar opp. [Minuttjakta](#) i Hå kommune handlar ikkje om at folk skal springa raskare eller pressa fleire oppgåver inn i arbeidsdagen. Det handlar om ein ny måte å tenka på. Å vera open for å gjera oppgåvene på ein ny måte dersom det er formålstenleg. Det handlar om å bruka nye arbeidsmatar til å gjera dei same oppgåvene eller å slutta å gjera unødvendige oppgåver. På den måten blir det tid til å gjera meir nyttig og givande arbeid. Dette er Framtidsløftet i praksis!

## Nettsider

Tala under viser at interessa for nettsidene våre er stadig aukande. Koronainformasjonen til Hå kommune toppar statistikken over det som er mest besøkt på sidene våre, og et understrekar kor viktig kommunikasjonsarbeidet er i ei krise.

- 2020: 965 180 besøk på nettsida og 2 200 471 sidevisningar.
- 2019: 884 845 besøk på nettsida og 1 712 422 sidevisningar.

Altså 80.335 fleire besøk og 488.049 fleire sidevisningar i 2020 enn i 2019.

Mest populære sider på [www.ha.no](http://www.ha.no) i 2020:

- Koronaviruset (oversiktsside) – 61 429 besøk, 94 777 sidevisningar
- Ledige stillingar – 47 558 besøk, 50 354 sidevisningar
- Oppdatert informasjon om koronaviruset (samleside) – 25 156 besøk, 32 456 sidevisningar
- Politisk møtekalender – 17 484 besøk, 30 156 sidevisningar

Facebook er dessutan er viktig nyheitskanal, og i løpet av fjoråret nådde me målet om 6000 følgjarar. Det er ei stor mengd menneske, og Hå kommune kan på den måten nå langt ut med informasjonen.

## Økonomisk oversikt

Beløp i mill. kr

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
Sum generelle driftsinntekter	-1 063,5	-1 082,2	-1 095,7	-1 106,4
Motpost avskrivninger	-87,2	-90,3	-91,7	-91,7
Netto finansutgifter	57,5	67,3	56,9	56,9
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	25,4	25,4	39,5	70,0
<b>Til disposisjon</b>	<b>-1 067,8</b>	<b>-1 079,7</b>	<b>-1 091,0</b>	<b>-1 071,2</b>
Sentraladministrasjonen	162,1	161,0	162,5	160,2
Opplæring og kultur	464,0	476,3	467,9	467,3
Helse- og sosiale saker	378,5	404,4	397,1	384,3
Kyrkjer og andre trossamfunn	14,4	15,2	15,2	15,3
Tekniske saker og næring	49,5	54,1	53,8	59,1
Fellesfunksjoner	-33,0	-31,3	-5,4	-15,1
<b>Sum disponering</b>	<b>1 035,5</b>	<b>1 079,7</b>	<b>1 091,0</b>	<b>1 071,2</b>
<b>Meirforbruk -/mindreforbruk +</b>	<b>-32,3</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

Gjennom Kommuneplanen 2014 - 2028 har kommunestyret bestemt at Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Dette målet har vi nådd også i 2020. Netto driftsresultat på 98,6millionar kr er 6,3 % av driftsinntektene. Dette er meir enn målet på 1,5 % som er satt i kommuneplanen. Disposisjonsfond ved utgangen av 2020 var på 275 millionar kr noko som er 17,5 % av driftsinntektene. Dette inkluderer mindreforbruket i 2020. Det er nokså likt 2019, då disposisjonsfond var på 273 millionar kr. Drifta gav eit samla mindreforbruk (overskott) på 26,3 millionar kr. Etter ny kommunelov skal kommunedirektøren sette dette av til disposisjonsfond. Me har redusert planlagt bruk av fond til investering. Å ha midlar på fond er viktig for å sikre handlefridom og for at ikkje etterkomarane skal betale for det dagens politikarar vedtar.

### Kommuneplanen sine mål for økonomistyring blei nådd i 2020:

- **Netto driftsresultatet** er på 6,3 %, godt over målet på 1,5 %.
- **Låneopptaket er innafor forsvarlege rammer.**  
Netto langsiktig lånegjeld er 69,7 % av driftsinntektene, ein reduksjon frå 71,1 % i 2019. Målet i kommuneplanen er at dette forholdstalet skal vere innanfor 60 %. 63,2 % av eigne investeringar er ikkje finansiert med lån, dette er ein liten reduksjon frå 67,6 % i 2019. Netto finanskostnadar utgjer 3,6 % av driftsinntektene, 0,2 %-poeng lågare enn i 2019. Avskrivningar er framleis høgare enn ordinære avdrag på lån.
- **Kontrollert vekst i driftsutgiftene.**  
Samla har rammeområda har halde budsjetttrammene sine med endringar vedtatt gjennom året. Det er likevel ei stor utfordring å planleggja sidan det til dømes er uvisst kor mange ressurskrevjande brukarar det blir. Skatteinngangen er også uvisst sjølv om denne utryggleiken blir dempa av inntektsutjamninga. Dette syner at kommunen har ein effektiv ressursbruk. Hå har, i følge Kommunebarometeret for 2019, lågaste administrasjonskostnadar i landet.
- **Kostnadsorienterte prisar og avgifter.**  
Sjølvkostområda går i balanse med ei avsetting til fond mens det var budsjettert med bruk av fond. Grunna låge renter, lågare investeringskostnad hjå IVAR og lågare kost for kjøp av vatn ble utgiftene lågare enn planlagt. Prisane kan haldast låge framover også. Hå har lågaste gebyr og avgifter i landet i følge Kommunebarometeret for 2020.
- **Ubundne fondsmidlar** er 2 millionar kr høgare enn ved utgangen av 2019. Inkludert mindreforbruk er disposisjonsfonda på 248+26,6 millionar kr eller 15,8 % (17,5 %) av driftsinntektene.

**Utvikling i driftsresultat sidan 2015**

Millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsinntekter	1 296,0	1 390,2	1 425,1	1 472,7	1 516,9	1 572,1
Driftsutgifter	-1 243,0	-1 327,0	-1 380,5	-1 432,7	-1 412,2	1 508,1
Finansposter	-18,0	-35,3	-93,0	-55,6	-57,8	-57,1
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>86,0</b>	<b>81,3</b>	<b>21,0</b>	<b>63,5</b>	<b>46,9</b>	<b>98,6</b>
Netto avsetningar	51,0	36,7	-8,8	22,1	14,6	72,0
Overskott	34,0	44,6	29,8	41,3	32,3	26,6
<b>Netto driftsresultat i % av drifts-inntekter</b>	<b>6,6 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>4,3 %</b>	<b>3,1%</b>	<b>6,3%</b>

**Resultatoversikt****Netto driftsresultat for 2020 blei 98,6 millionar kr**

Investeringane var på 247 millionar kr, ei auke frå nivået i 2019 på 31 millionar kr. Av dette er 91 millionar kr finansiert ved låneopptak. I tillegg blir justeringsavtalar ført i investering og dette var 28 millionar kr i 2020.

Netto lånegjeld (utan startlån) pr. 31.12.2020 er 1 158 millionar kr som motsvarer 60 550 kr per innbyggjar. Overføring frå drift til investering er på 81,1 millionar kr. Det høge netto driftsresultatet gjer at me ikkje treng å bruka så mykje som planlagt av disposisjonsfond. Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene er likevel på 15,8 % før me legg til overskottet for 2020. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) etter tidlegare lov er 26,6 millionar kr.

**Kommunal drift**

Hå kommune ønskjer å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane. Innbyggjarane ventar mykje av dei kommunale tenestene, både når det gjeld kvalitet og omfang. I tillegg kommer det nye krav frå sentrale styresmakter om vidare utbygging av tilbod innanfor dei ulike tenesteområda og det er sett normar for bemanning innanfor barnehage og skule. Det er derfor gledeleg å sjå at tenesteområda likevel klarer å halda seg innanfor godkjent budsjetttramme for ordinær drift. Alle tenesteområda har vist stor fleksibilitet og evne til å omstilla seg.

Tenesteyting er arbeidsintensivt. Sjukefråværet i 2020 var 6,6 %, ein liten auke på 0,2 %-poeng frå 2019. Korona-pandemien med smitte og karantene er medverkande årsak til auken. Likevel vurderer kommunedirektøren at den målretta innsatsen for å redusere sjukefråværet gjev resultat. Talet på fast tilsette er gått ned med 0,9 % medan talet på årsverk utført av desse er gått opp med 0,5 %. Det totale talet på utførte årsverk er gått opp med 1,1 % til 1296 årsverk i 2020.

Kommunestyret har vedtatt nokre endringar i budsjettet gjennom året for å ta omsyn til nye oppgåver og endringar i inntekter. Det kan likevel vere vanskeleg å si akkurat kor mykje vi får og når utbetaling skjer når det gjeld tilskott og refusjonar. Likeeins kan det vere vanskeleg å seie når eller om planlagde endringar kommer. Samla gjekk tenesteområda med eit mindreforbruk. I tenesteområdet for helse- og sossalsaker fekk me eit mindreforbruk på 12,8 millionar kr og tenesteområdet for opplæring og kultur fekk eit lite mindreforbruk. På sjølvkostområda måtte me sette av til fond i staden for å bruka av fond. Samla er desse fonda auka med om lag 7,1 millionar kr i 2020. Saman med meir frie inntekter og

lågare utgifter i administrasjonen blir det eit overskott på 26,6 millionar kr. Etter ny kommunelov har kommunedirektøren sett dette av til fond.

### Investering

Kommunen sine investeringar i 2020 er lågare enn i 2019 og om lag som budsjettert. I tillegg til dei ordinære investeringane på 247 millionar kr fekk lokale utbyggarar refundert 28 millionar kr gjennom justeringsavtalar.

Bruken av lånemidlar er om lag som i 2019 – netto gjeld på eigne lån auka med 18 millionar kr i 2020. Delen av eigne investeringar som er lånefinansiert er auka frå 32,1 % til 36,8 % . Om lag ein tredel av investeringane er finansiert ved overføring frå drift.

Talet for netto lånegjeld i forhold til driftsinntektene er redusert frå 71,1 % i 2019 til 69,7 % i 2020. Reduksjonen skuldast reduserte pensjonsforpliktingar, reduserte ubrukne lånemidlar og utlån og at driftsinntektene er auka. Hå har ein robust balanse. Netto rente-eksponering når vi tar omsyn til innskott, ubrukne lånemidlar, investeringar i sjølvkost og lån med fast rente er svært låg.

Det største enkeltprosjektet i 2020 var arbeidet med utvidinga på Varhaug skule. 70,8 millionar kr (29 %) av investeringane i 2020 blei brukt her. Andre prosjekt med investeringar over 10 millionar kr er flaumtiltak på Vigrestad, sanering i Dysjalsdalsvegen/Toppavegen/Bratlansdhagen. Desse tre største prosjekta sto for halvparten av dei totale investeringane i 2020. Det er også brukt mykje pengar innan grøntområdet og til ENØK tiltak. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

### Vurdering

Rekneskapen viser at kommunen har god kontroll på ressursbruken knytt til den kommunale tenesteproduksjonen. Lånegjelda er holdt på same nivå og kommunen har relativt store ikkje disponerte midlar på disposisjonsfond. Det er viktig å fortsatt ha stor merksemd på god økonomistyring slik at ein kan oppretthalda dagens tenestetilbod og finansiere ein del av investeringane av drifta.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med rekneskapsforskrifta si § 10 den 15. februar 2020. Rekneskapen gjer eit dekkande bilete av Hå kommune sin økonomiske situasjon og resultat av verksemda i 2020 Hå kommune blir revidert av Rogaland Revisjon IKS.

## Hovudoversikt drift

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Opph. bud. 2020	Rekneskap 2019
Rammetilskudd		-581 926	-575 485	-549 851	-529 669
Inntekts- og formuesskatt		-495 345	-490 820	-503 920	-500 305
Andre skatteinntekter		0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten		-63 610	-58 810	-55 363	-64 684
Overføringer og tilskudd fra andre		-231 830	-182 770	-174 335	-221 504
Brukerbetalinger	14	-75 438	-75 905	-79 895	-81 369
Salgs- og leieinntekter		-123 916	-122 311	-124 011	-119 415
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-1 572 065</b>	<b>-1 506 101</b>	<b>-1 487 374</b>	<b>-1 516 946</b>
Lønnsutgifter	16,18	850 919	834 187	820 212	842 577
Sosiale utgifter	11	203 234	207 537	209 280	217 842
Kjøp av varer og tjenester	17	254 474	267 422	261 709	247 629
Overføringer og tilskudd til andre		107 801	115 300	112 390	104 213
Avskrivninger	5	91 720	91 743	90 300	87 187
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>1 508 150</b>	<b>1 516 190</b>	<b>1 493 891</b>	<b>1 499 448</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>-63 916</b>	<b>10 089</b>	<b>6 517</b>	<b>-17 498</b>
Renteinntekter		-8 265	-7 556	-9 556	-13 520
Utbytter		-28 718	-28 710	-28 710	-26 818
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	7,8	-196	-120	-120	-193
Renteutgifter		20 610	20 456	32 456	26 890
Avdrag på lån	9	73 641	73 861	74 261	71 440
<b>Netto finansutgifter</b>		<b>57 072</b>	<b>57 931</b>	<b>68 331</b>	<b>57 800</b>
Motpost avskrivninger	5	-91 720	-91 743	-90 300	-87 187
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-98 564</b>	<b>-23 723</b>	<b>-15 452</b>	<b>-46 885</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
Overføring til investering		81 759	81 759	69 500	25 572
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	13	17 647	-8 054	-5 955	-1 280
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-842	-49 982	-48 093	-9 707
Dekning av tidligere års merforbruk		0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>		<b>98 564</b>	<b>23 723</b>	<b>15 452</b>	<b>14 585</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-32 300</b>

Denne tabellen syner driftsrekneskapen etter konto, altså type inntekt eller utgift. Tenesteområda sine resultattabellar i dei einskilde kapitla syner ressursbruk både etter teneste og konto.

Utviklinga i brutto kostnader og netto rammer for tenestoområda sidan 2015 har vært:

<b>Driftsutgifter 1000 kr</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Sentraladm.	57 543	53 488	48 166	57 476	47 742
Eigedomsavdelinga (frå 2018)			114 119	126 838	128 565
Opplæring og kultur	613 384	626 702	586 299	589 628	578 374
Helse og sosial	546 439	570 975	561 217	593 317	598 206
Kyrkje	12 989	12 925	13 461	14 422	15 404
Teknisk og næring	114 808	127 551	137 120	146 475	150 499
Ymse	-18 207	-11 159	-27 676	-28 709	-10 729
<b>Sum</b>	<b>1 326 956</b>	<b>1 380 482</b>	<b>1 432 706</b>	<b>1 499 447</b>	<b>1 508 061</b>

Resultata for kvart tenestoområde er kommentert i eige kapittel.

### Driftsinntekter

Når det gjeld mange av inntekstpostane har dei ofte ei utgiftsside knytt direkte til seg - til dømes refusjonar og utbetaling av spelermiddel. Det er ikkje alltid utgiftene kommer i same år og midlar blir då overført via fond til bruk seinare år. Driftsresultatet er sett opp slik at det slår ut på "Netto driftsresultat" og i dette kapitlet blir avvik i høve til budsjett kommentert.

Sentrale inntekter er kommentert i eige kapittel.

### Andre overføringer, og tilskott frå staten - 63,6 millionar kr

Denne posten er 1 million kr lågare enn i 2019 og 4,8 millionar kr (4,8%) lågare enn regulert budsjett.

Vertskommunetilskott inngår også her med 27,3 millionar kr. Den andre store posten er tilskott/refusjon flyktningar på 29,3 millionar kr. Det som er ubrukt her er overført til fond.

Andre postar er spelemidlar og investeringstilskott idrettsanlegg.

### Overføringer og tilskot frå andre – 231,8 millionar kr

Samla blei dette redusert med 10,3 millionar frå 2019. Mesteparten av dette er knytt til bestemte føremål slik som sjukepengar, moms-refusjon og tilskott til bestemte tenester eller føremål.

Sjukepengerefusjonen er auka med 7,2 % frå 2019. Meir fråver og kortare arbeidsgjevarperiode i samband med korona er årsaken til dette. Refusjon er 14,6 millionar kr høgare enn budsjettet - men lønnskostnadane er også 12,9 mill. kr høgare enn regulert budsjett. Det er auka vikarbruk og overtid som er årsakene til dette. Samla er avviket på netto lønn 2,1 million kr, berre 0,2%.

I forhold til regulert budsjett er bokførte inntekter 49,1 millionar kr (26,8 %) høgare.

### Brukarbetalingar (75,4 millionar kr) og sals- og leieinntekter (123,9 millionar kr)

Til saman er det meir inntekter på 1,2 million kr i forhold til regulert budsjett (1,1%) og 1,4 million kr mindre (3,5%) enn i 2019.

### Lønsutgifter - brutto 1 054,2 millionar kr

Brutto lønsutgifter inkludert sosiale kostnader var 1 054,1 millionar kr, motsvarande 69,9 %, av driftskostnadane inkludert avskrivning. Denne delen er litt lågare enn i 2019. Tar ein omsyn til

sjukelønsrefusjonar er lønn 65,7 % av driftskostnadane.

Netto lønskostnadar var 1 004,2 millionar kr. Dette er 2,1 millionar kr (0,2%) lågare enn budsjett, og 9,6 millionar kr lågare enn i 2019.

### Andre driftsutgifter - 362,3 millionar kr

I sum er driftsutgiftene 20,5 millionar kr lågare enn budsjettet (5,3%) og 10,4 millionar kr høgare enn i 2019. Årsaken til avvika er lågare aktivitet i samband med korona, på kursbudsjettet aleine har med brukt 3,2 millionar kr mindre enn planlagt. Andre postar med mindreforbruk over ein million kr er transporttenester, diverse driftsutgifter, mat for vidareasal og skulemateriell. Lønsreserven blei ikkje brukt opp, men dette blei delvis oppvegd av at premieavviket blei mindre enn prognosene som var lagt til grunn. Det er brukt meir enn budsjettet på mellom anna forsikring, konsulentutgifter og gjesteelevar i andre kommunar.

I høve til regulert budsjett betyr dette at om lag 66 millionar kr av auken i netto driftsresultat skuldast auka inntekter i form av tilskott, refusjonar, eigenbetalingar og gebyr, mens driftsutgiftene blei redusert med 8 millionar kr.

## Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor 2019	Opph. bud.	Rev. bud. 2020	Rekneskap
Frie disponible inntekter				
Rammetilskudd	-529 669	-549 851	-575 485	-581 926
Inntekts- og formuesskatt	-500 305	-503 920	-490 820	-495 345
Andre generelle driftsinntekter	-33 479	-28 427	-29 375	-29 100
<b>Sum Frie disponible inntekter</b>	<b>-1 063 453</b>	<b>-1 082 198</b>	<b>-1 095 680</b>	<b>-1 106 371</b>

Samla frie inntekter (skatt, rammetilskott og inntektsutjamning) blei 11,0 millionar kr (1,0 %) høgare enn budsjettet. Skatteinngangen til Hå blei 4,5 millionar kr høgare og auka inntektsjamning var 2,9 millionar kr. Skatt per innbyggjar i Hå gjekk ned til 82,9% etter ein oppgang i 2019. I 2019 var skatt per innbyggjar 83,3 % av gjennomsnittet i landet. I 2014 var skatteinngangen 94 % av gjennomsnittet.

Den største delen av inntektene til kommunen er skatt og rammetilskot. Også i 2020 var dette om lag to tredelar av driftsinntektene.

Rammetilskotet er fast om ikkje styresmaktene vedtek endringar i form av meir eller mindre finansiering knytt til bestemte saker. I 2020 er der kome fleire rundar med tilleggsløyvingar i samband med koronapandemien. I høve til opphavleg budsjett fekk me 32,1 millionar meir. Om lag 25 millionar kr blei regulert for i tertial-gjennomgangane.

Skatteinngangen vil variere med talet på skattyttarar og inntektsnivået deira. Den delen kommunen får behalda av innbetalt skatt på inntekt og formue blir kalla skattøyre. Dette var 11,10% i 2020, ein reduksjon frå 11,55 % i 2019. Dersom skatteinngangen per innbyggjar er lågare enn landsgjennomsnittet vil kommunen få utbetalt inntektsutjamnande tilskot. Det betyr at kommunen får meir inntekter som blir finansiert av dei kommunane med høgare skatteinngang enn landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga blir betalt ut saman med rammetilskotet.

## Hå kommune årsmelding og -rekneskap 2020

I høve til 2019 så gjekk skatteinngangen ned med 1,0 % og rammetilskott (inkludert inntekts-utjamning) auka med 9,9 %. Skatt per innbyggjar ved utgangen av året blei 25 907 kroner i 2020. Dette var 1,7 % mindre enn i 2019 då skatt per innbyggjar var 26 344 kroner.

Skatteinntektene for landet blei 0,7 mrd. kroner lågare enn anslått i oktober, og reduksjonen frå 2019 blei 0,7% for kommunane og 2,3% for fylkeskommunane.

Vertskommuneinntektene blei 0,3 millionar kr. lågare enn regulert budsjett. Nedgangen frå 2019 er på 4,4 millionar kr og skuldast fråfall av vertskommunebebuarar.

Tabellen viser utvikling i frie inntekter sidan 2016 (millionar kr)

	2016	2017	2018	2019	2020
Skatt	468	470	475	500	495
Rammetilskott	416	426	435	463	513
Inntektsutjamning	37	59	69	67	69
<b>Sum</b>	<b>921</b>	<b>955</b>	<b>979</b>	<b>1 030</b>	<b>1 077</b>

### Investeringar

#### Investeringar

I 2020 blei det ført 274,9 millionar kr i investeringsutgifter i rekneskapen. Dette inkluderer 27,9 millionar kr i justeringsavtalar som ikkje var med i budsjettet. Kommenterar til dei største prosjekta finn de i tenestemråde-kapitla.

Millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Sentral mm	13,5	10,4	5,8	6,2	23,1
Opplæring og kultur	193,3	147,4	65,9	37,9	81,5
Helse og sosial	35,6	1	85,1	51,5	19,2
Kyrkje	8,4	1,5	0,5	6,3	1
Teknisk og næring	184,8	202,8	125	115,1	150,1
<b>Sum</b>	<b>435,5</b>	<b>393,1</b>	<b>282,3</b>	<b>217</b>	<b>274,9</b>

## Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor 2019	Opph. bud.	Rev. bud. 2020	Rekneskap
Finansinntekter/-utgifter				
Renteinntekter	-12 532	-9 057	-7 057	-7 386
Utbytter	-26 818	-28 710	-28 710	-28 718
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-193	-120	-120	-196
Renteutgifter	25 586	30 957	18 957	19 521
Avdrag på lån	71 440	74 261	73 861	73 641
<b>Sum Finansinntekter/-utgifter</b>	<b>57 484</b>	<b>67 331</b>	<b>56 931</b>	<b>56 863</b>

Tabellen viser kommunen sine finansinntekter og utgifter utan startlån eller renter/gebyr på forseinka betalningar. Dette utgjør 0,879 millionar kr i renteinntekt og 1,09 millionar kr i renteutgift.

Netto finansutgifter er om lag som i 2019 som følgje av lågare renter. Lånegjelda til kommunen er auka med 6 millionar kr. Eigne lån er auka med 18 millionar kr, medan startlån er redusert på grunn av ekstraordinære nedbetalningar og at me ikkje tok opp nye startlånmidlar i 2020.

I forhold til regulert budsjett blei netto finanskostnadane 0,9 millionar kr lågare på grunn av høgare renter på innskot.

Låneopptak til investeringar var på 91 millionar kr. Betalte avdrag på eigne lån var 73,6 millionar kr. Dette er 33,2 mill. kr meir enn minimumsavdraget som loven krev at me betaler.

I "Finansforvaltinga 2020" som er eige kapittel i årsmeldinga finn de meir detaljar om innskota og låna til kommunen.

### Utvikling i kommunen si gjeld

Gjeld pr. 31.12 - millionar kr	2016	2017	2018	2019	2020
Langsiktig/kortsiktig gjeld *)	1 309,8	1 454,3	1 432,6	1 417,5	1 419,9
Omløpsmidlar	684,9	666,8	589,8	605,0	634,5
<b>Netto gjeld</b>	<b>624,9</b>	<b>787,5</b>	<b>848,6</b>	<b>812,5</b>	<b>785,4</b>

Langsiktig lånegjeld	2016	2017	2018	2019	2020
Brutto samla lån*	1 093,8	1 204,1	1 212,8	1 201,0	1 207,4
Lån til utlån	84,7	70,1	70,9	60,6	49,7
<b>Netto samla lån</b>	<b>1009,1</b>	<b>1134</b>	<b>1141,9</b>	<b>1140,4</b>	<b>1 157,7</b>

## Avsetningar og årsoppgjørdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor 2019	Opph. bud.	Rev. bud. 2020	Rekneskap
Avsetningar og bruk av avsetningar				
Overføring til investering	25 572	69 500	81 759	81 759
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	595	0	2 900	6 168
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-801	-44 065	-45 153	-17 910
<b>Netto avsetningar</b>	<b>25 366</b>	<b>25 435</b>	<b>39 506</b>	<b>70 017</b>

Netto driftsresultat var 98,6 millionar kroner og det blei disponert som følger:

### Netto driftsresultat blei brukt slik:

	Beløp	Per innbyggjar
Til bundne fond	17,6 mill kr	920 kr
Netto bruk av fond	-0,8 mill kr	-45 kr
Til investeringar	55,2 mill kr	2 885 kr
Overskott til investeringar	26,6 mill kr	1 390 kr
<b>SUM</b>	<b>98,6 mill kr</b>	<b>5 160 kr</b>

I "Bundne fond" inngår avsetningar til sjølvkostfond, covid-midlar som er overført frå 2020, prosjektmidlar og øremerka midlar i tenesteområda.

I samband med nytt finansreglement er det sett av 2 millionar kr til kursreguleringsfond.

Det var planlagt å nytta tidlegare overskott til investering. Dette er erstatta av overføring frå drift, sjå også skjema §5-9 Disposisjonar i samband med årsoppgjørett under kapittelet Årsrekneskap.

## Investering og finansiering

### Overført til investering

Det er overført 81,8 millionar kr til investeringar i 2020.

Opphavelig budsjett for 2020 blei godkjent med 21,7 millionar kr overført frå drift og bruk av 47,8 millionar kr av tidlegare avsett overskott, til saman 69,5 millionar kr.

Etter ny kommunelov skal kommunedirektøren ikkje leggja fram driftsrekneskap med meir- eller mindreforbruk. Ho skal balansera dette ved å stryka bruk av eller overføring til fond.

For Hå i 2020 betyr dette av me ikkje har nytta disposisjonsfond som budsjettert. Mindreforbruket før denne balanseringa var 26,6 millionar kr. Dette er sett av til disposisjonsfond etter reglane i kommuneloven og sum disposisjonsfond ved utgangen av 2020 er uendra i forhold til 2019.

## Investeringar

I 2020 blei det ført 274,9 millionar kr i investeringsutgifter i rekneskapen. Dette inkluderer 27,9 millionar kr i justeringsavtalar som ikkje var med i budsjettet. Kommenterar til dei største prosjekta finn de i tenestemråde-kapitla. I den fullstendige investeringsrekneskapen er også tilskott til andre sine investeringar, eigenkapitaltilskott til KLP og startlån med.

Tabellen viser eigne investeringar de siste fem åra:

Millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Sentral mm	13,5	10,4	5,8	9,0	23,1
Opplæring og kultur	193,3	147,4	65,9	34,2	81,5
Helse og sosial	35,6	1,0	85,1	51,6	19,2
Kyrkje	8,4	1,5	0,5	6,7	1,0
Teknisk og næring	184,8	202,8	125	113,6	150,1
<b>Sum</b>	<b>435,5</b>	<b>393,1</b>	<b>282,3</b>	<b>215,0</b>	<b>274,9</b>


## Finansiering av investeringane

Millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Frå drift	27	29,3	23,3	25,6	81,8
Fra fond & tomtosal	78,2	85,8	64,4	9,0	13,3
Tilskott	18,8	19,3	26,0	87,1	60,3
MVA komp	52,1	53,9	39,3	23,3	28,5
Lån	259,5	234,1	129,3	70,0	91,0
<b>Sum</b>	<b>435,6</b>	<b>422,4</b>	<b>282,3</b>	<b>215,0</b>	<b>274,9</b>

## Resultat per innbygger

Innbyggartalet i Hå ved utgangen av 2020 var 19 120 personar.

### Inntekter og utgifter per innbygger



### Netto driftsresultat blei brukt slik:

	Beløp	Per innbygger
Til bundne fond	17,6 mill kr	920 kr
Netto bruk av fond	-0,8 mill kr	-45 kr
Til investeringar	55,2 mill kr	2 885 kr
Overskott til investeringar	26,6 mill kr	1 390 kr
<b>SUM</b>	<b>98,6 mill kr</b>	<b>5 160 kr</b>

## Kommunen sine tenesteområde

### Sentraladministrasjonen

#### Innleiing

Dei som arbeider i administrasjonen og dei systema og prosessane dei har ansvar for er heilt nødvendige for at drift og tenesteproduksjon skal fungera godt og for at innbyggjarane får den hjelpa dei treng.

#### Mål og prioriterte oppgåver

Sentraladministrasjonen si hovudoppgåve er å legge til rette for at kommunen leverer dei tenester innbyggjarane skal ha. Det betyr at me har rett kompetanse på rett stad, at alle tilsette får den løn dei har krav på, at me har gode arkivrutinar, at datasystema fungerer, innsyn, at me har kontroll på økonomien og at alt innanfor IT fungerer som det skal og at politikarane får hjelp og assistanse når dei har behov for det.

#### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2020	Rev. bud. 2020
Sentraladministrasjonen	44 813	42 453	44 687	45 304
Eigedom	117 255	117 769	116 310	117 160
<b>Sum</b>	<b>162 068</b>	<b>160 222</b>	<b>160 997</b>	<b>162 464</b>

#### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019	Opph. bud.	Rev. bud.
Lønn	64 185	69 338	69 336	65 956
Refusjon lønn	-3 572	-2 695	-2 485	-789
<b>Sum Lønn</b>	<b>60 613</b>	<b>66 643</b>	<b>66 852</b>	<b>65 167</b>
Drift	45 397	44 367	44 174	44 764
Kjøp av produksjon	2 803	2 886	2 454	3 154
Overføringer	10 650	16 995	9 918	9 918
Finansutgifter	56 205	50 856	52 191	53 352
<b>Sum Utgifter</b>	<b>115 055</b>	<b>115 104</b>	<b>108 737</b>	<b>111 189</b>
Brukerbetaling	-4 876	-5 286	-5 636	-4 936
Refusjoner	-11 068	-9 393	-8 456	-8 456
Overføringer	-43	0	0	0
Finansinntekter	-59	-5 000	-500	-500
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-16 046</b>	<b>-19 679</b>	<b>-14 592</b>	<b>-13 892</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>159 622</b>	<b>162 068</b>	<b>160 997</b>	<b>162 464</b>

## Kommentar til status økonomi

Samla sett er utgiftene i 2020 lågare enn budsjettet. Dette skuldast at me ikkje har leigt inn vikarar for tilsette som er ute i permisjon, lågare kurs/reise og mindre advokatutgifter ført sentralt.

Den resterande støtta til administrasjonsbygget på Jærmuseet blei ikkje utbetalt og beløpet på 2,5 millionar kr er ført over via fond til 2021 då me ventar at bygget vil stå ferdig.

## Samandrag status investeringar

Sjå omtale sienare i kapittelet.

## Viktigaste hendingar og resultat

- Korona-pandemien har ført til ei stor digital endring som IT-avdelinga har vore sentral i
- Ytterlegare styrking av innkjøpsfunksjonen. Sjå eige avsnitt nedanfor.
- Digitalisering og effektivisering gjev merkbare resultat innan faktura-handsaming og rekneskap. Totalt tal på inngåande faktura var 33 450 og talet på utgåande faktura var 41 758:
  - Elektronisk faktura (EHF) inn til kommunen er 96,5 %, auke frå 91% i 2019
  - Faktura som er merka frå leverandør slik at vår handsaming blir enklare er 43,8 %, auke frå 22 % i 2019
  - Elektronisk faktura til innbyggjarane er 74 % - opp frå 47 %.

## Innkjøp

I mai 2020 vedtok kommunestyret ny innkjøpsstrategi. Denne legg klare føringar for innkjøpsarbeidet vidare. Hovudmålet er at Hå kommune skal vera ein profesjonell og attraktiv oppdragsgjevar og samarbeidspartnar, som gjennom gode innkjøp bidreg til gode tenester.

Kommunedirektøren si leiargruppe har vedtatt internt innkjøpsreglement. Dette reglementet gir oss ei tydeleg rolle- og ansvarsavklaring, som igjen bidreg til effektive prosessar.

Innkjøpsressursen er auka frå 150% til 250%. Dette er gjort utan å auke totalt antal tilsette i kommunen.

## Kompetanse og nettverk

God kompetanse hos innkjøparane er heilt sentralt for å lukkast i arbeidet. Me har stor tru på å løfta i lag for å auka kompetansen, saman med våre egne tilsette, med samarbeidskommunane våre og med leverandørmarknaden.

Hå kommune deltek aktivt i eit innkjøpsnettverk saman med Time, Klepp, Gjesdal og Strand. Her samarbeider me om ei rekke rammeavtalar, drøfter problemstillingar knytt til regelverket og deler kunnskap og erfaring.

Alle som er involvert i innkjøpsprosessar i Hå, både av varer og tenester og bygg og anlegg, deltok i september på eit kurs over to dagar med ekstern føredragshaldar. Kurset ga ei grundig gjennomgang av det juridiske knytt til innkjøp. Ein av dei tilsette i innkjøpsavdelinga har i 2020 tatt KS sitt sertifiseringskurs i offentlege anskaffingar. I tillegg er innkjøpsjef med i ei mentorordning i regi av DFØ (direktoratet for forvaltning og økonomistyring) – Kompetanseløft for innkjøpsledere.

Auka kompetanse vil vera viktig i arbeidet vidare.

## Digitalisering

Eit av dei grunnleggjande prinsippa i regelverket om anskaffingar er etterprøvbarheit. Me har innført full integrasjon mellom Mercell og WebSak, som er vårt saks- og arkivsystem. I tillegg har me innført elektronisk signering av avtaler. Å digitalisera desse prosessane forenkler arbeidet og gjer oss betre på dokumentasjon og etterprøvbarheit.

## Samfunnsansvar

### Inkluderande kontrakt

Hå kommune ønskjer å vera ein inkluderande kommune, og tar samfunnsansvar ved å skapa eit rausare arbeidsliv ved å nytta reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt når det høver. Me har gjennomført vår første konkurranse med inkluderande kontrakt – *matlevering mindre einingar*. Dette er eit spennande arbeid, i godt samarbeid med NAV.

### Lokalt næringsliv

I september arrangerte me kurs for lokalt næringsliv i det digitale konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell. Fleire av leverandørane som deltok har levert tilbud til kommunen etter dette.

## Rammeavtalar

Me jobbar med å auka antal rammeavtalar. I haust hadde med konkurranse om rammeavtale for matlevering til mindre einingar. Denne konkurransen blei delt inn i 6 delkontraktar (geografiske soner). Lokale butikkar vann i 4 av 6 soner. Andre rammeavtalar me kan nemna frå 2020 er:

Bedriftshelsetenester, Elektrikertenester, Byggeleiartenester, Asfalt og asfalttenester, Tømming av sandfang, septik og tette kloakkrøyr, Arbeidstøy og institusjonstøy og Læremidler.

## Sjukefråvær

Fråvær	Egenmeldt	Legemeldt	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,80 %	7,28 %	8,08 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,79 %	6,61 %	7,40 %

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året	
	Godkjent løyving	Påløpt totalt	Total prognose	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
Covid investering hovedprosjekt	Ikkje rel.	920	982	2024	5 000	920
ENØK	Ikkje rel.	14 531	14 539	2028	4 000	12 622
IT investeringar	Ikkje rel.	10 837	11 032	2024	7 876	6 364
Ladestasjon elbil	Ikkje rel.	656	725	2030	0	656
Sambbrukshus Nærbo	Ikkje rel.	2 911	200 000	2026	2 500	2 046
Sum øvrige prosjekt		1 371	2 013		1 800	455
<b>Sum</b>	<b>Ikkje rel.</b>	<b>32 042</b>	<b>231 179</b>		<b>21 176</b>	<b>23 063</b>

## Statustekst investeringar

### Covid investering hovedprosjekt

Hå kommune har fått tildelt 8,3 mill. kr i statlege midlar i samband med den pågåande koronapandemien. Midla skal gå til vedlikehaldsoppdrag. I formannskapet, sak 084/20 blei liste med forslag til moglege prosjekt godkjent. Fleire av desse oppdraga blei påbegynt i 2020. Dei resterande skal påbegynnast og ferdigstillast i 2021.

### ENØK

Det er i løpet av 2020 utført vedlikehald basert på ENØK midler for omlag 12,6 mill.kr. Hovedtyngden av desse arbeida består i utbygging av ventilasjonsaggregater basert på rapportar og anbefalingar utarbeid av NIRAS og vedteke av kommunestyret i sak 030/19.

Både skular, helsebygg og barnehagar er omfatta av desse arbeida som vil fortsetta inn i 2021.

### IT investeringar

Denne posten består av mange ulike prosjekt. Nokre planlagte prosjekt er utsett slik at det blei eit mindre forbruk i 2020 enn budsjettert.

### Ladestasjon elbil

I kommunestyret den 07.04.20, sak 011/20 vart det vedteke og gjera ei systematisk omstilling av den kommunale kjøretøyparken, til utslippsfrie køyretøy. Det vart og vedteke at det skal settast opp ladestasjonar som kan betene dei kommunale el-bilane. Omlegginga skal finansierast ved bruk av bidrag frå vindparken med 3 mill.kr pr år.

I 2020 er det satt opp ladepunkt ved både klokkartunet og Rådhuset på Varhaug, og ein av vaktmesterbilane er skifta ut til el-bil. I 2021 skal det investerast i 2 nye el-bilar ved Rådhuset og arbeidet med å bygga ut ladestasjonar ved dei kommunale bygga fortsett.

### Sambrukshus Nærbø

Kommunedelplanen for Nærbø sentrum blei vedtatt i kommunestyret 15. november 2018. Planen er eit resultat av ein planprosess basert på ein kontinuerleg dialog mellom politikarar og administrasjon.

Den 29 oktober 2020 vedtok utval for tekniske saker og næring (UTN) å leggja *Plan 1190, Detaljreguleringsplan for gnr 21 bnr 98, Sambrukshus, bustader og torg, Nærbø sentrum* ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan og bygningsloven §12-10.

### Vidare arbeid vil omfatte:

- Sanering av avløpsanlegg i Nærbø sentrum
- Prosjektering
- Bygging

Sambrukshuset kan stå ferdig i 2026

## Kva kan gjerast betre?

- Halde fram med IA-satsinga. Forsking syner at varig fokus er det viktigaste tiltaket i arbeidet med å redusere sjukefråværet i ei verksemd. Dette ser vi også i Hå.
- Fortsette digitaliseringa som ledd i Framtidsløftet om å stadig forenkla, fornye og forbetre oss.
- Fortsatt fokus på kompetansebygging på tvers i organisasjonen både når det gjeld innkjøp, dokumentsenter og økonomistyring.

## Eigedomsavdelinga

Om lag 76 personar har sin daglege arbeidsplass i eigedomsavdelinga og dei utgjør 65,86 årsverk. Det er reinhaldsavdelinga som har flest tilsette.

## Mål og prioriterte oppgåver

Målsettinga er å gjennomføre investeringsprosjekt i tråd med vedtekte budsjett og planar. Likeins skal drift og vedlikehald gjennomførast etter vedtekte budsjett og planar. Eksisterande bygningsmasse må takast i vare, vedlikehaldast og reingjerast på ein slik måte at verdi og funksjon blir tatt i vare og ikkje blir forringa.

## Drift og vedlikehaldsavdeling

Drift og vedlikehaldsavdelinga brukar IK Bygg som internkontrollsystem. Systemet er eit svært nyttig reiskap for å avdekka feil og manglar knytt til drift og vedlikehald av kommunen sine eigedomar. Innrapportering i systemet er høg. I løpet av 2020 har ein starta med utsteding av arbeidsordre til vedlikehald frå systemet, noko som gjer ein svært god oversikt og sporbarheit. Det vert kvart år lagt fram ei politisk sak som syner status og tilstand til dei kommunale bygga og synleggjer vedlikehaldsetterslepet. Saka som ble lagt fram hausten 2020 synte at vedlikehaldsetterslepet har gått noko ned, frå 107,2 mill. kr til 91,7 mill. kr. Dette er ei gledeleg utvikling. Det er likevel viktig å presisera at dette kan variera ein del framover.

I 2020 er det utført opprusting og vedlikehald basert på investering og driftsmidlar for omlag 13,5 mill. kr. Samstundes er det utført opprusting og vedlikehald basert på ENØK midlar for omlag 12,6 mill. kr. Korona-pandemien har så langt ikkje påverka drift og vedlikehaldsavdelinga i nemneverdig grad.

## Reinhaldsavdeling

Reinhaldsavdelinga har det daglege ansvaret for reinhald i 58 kommunale bygg, som totalt utgjør 80.000 m<sup>2</sup>. Dei skal levera reinhaldstenester som ivaretek bygningsmassen og inneklima i dei bygga som kommunen nyttar til tenestene sine. Avdelinga brukar moderne metodar og utstyr, godt tilrettelagt for arbeidsoppgåvene. Maskinbruken er aukande. I 2020 vart arbeidet med utarbeiding av areal- og reinhaldsplanar for kvart enkelt bygg ferdigstilt. Implementering av dei nye planane starta på slutten av 2020 og skal fortsetta inn i 2021. Det er og gledeleg å konstatera at sjukefråværet i løpet av 2020 har gått ned i reinhaldsavdelinga. Til tross for den pågåande korona-pandemien har reinhaldsavdelinga klart å levera sine reinhaldstenester på ein framifrå måte.

## Bygg

Byggavdelinga har 2 fast tilsette prosjektleiarar. Dei har ansvar for å gjennomføra dei større byggeprosjekta i kommunen. Økonomi og framdrift inngår i dette. Stillingane rapporterer til eigedomssjef.

## Kva kan gjerast betre

- Eigedomsavdelinga må stadig oppdatera seg for å holda tritt med utviklinga innan byggefaga og regelverket som gjeld. Dette er ein prosess som pågår heile tida.
- Det er allereie etablert eit godt samarbeid med andre kommunar, spesielt Klepp og Time. Korona-pandemien har vanskeleggjort dette arbeidet noko i 2020, men ein vil framover utvida samarbeidet med desse kommunane og me vil delta i tverrfaglege fora innanfor eigedomsområdet.  
I 2020 blei Norsk Kommunalteknisk Foreining (NKF) sine felles kravspesifikasjonar for bygg og eigedom kjøpt inn og i 2021 planlegg me å testa den ut på fleire nybygg.

## Drift og vedlikehald

- I 2021 vil det bli meir fokus på eigedomsavdelinga sine lovpålagte kontrollfunksjonar av bygg. Til dømes brann og elektrisitet. IK bygg vil bli vidareutvikla og nødvendig kursing av dei tilsette vil bli foretatt.  
I løpet av 2021 vil me og starta arbeidet med klassifisering av bygg i henhold til vedteken "Eiendoms- og forvaltningsstrategi"

## Reinhald

- I 2021 vil me fortsetta arbeidet med å få ned sjukefråværet. Me håpar og å kunna ferdigstill implementeringa av nye reinhaldsplanar og ta i bruk ein oppdatert reinhaldsstandard for ein endå betre kvalitet innanfor reinhaldstenestene. Nødvendig kursing av dei tilsette vil og bli foretatt.

## Opplæring og kultur

### Innleiing

Den nye delen av Varhaug skule er teken i bruk. Planlegging av ny barnehage på Brusand har starta opp. Urhei barnehage blei lagt ned frå hausten 2020. Me er i gang med ein ny runde med felles satsing på inkluderande barnehage- og skulemiljø, der fire barnehagar og fire skular er med. Innafor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle, formidla kunst og kulturarv og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.

### Mål og prioriterte oppgåver

Alle barn skal oppleve læring og meistring kvar dag. Bemanningsnormar i barnehage og skule gjer at me fortsatt må arbeida med å rekruttera og behalda personell med godkjent utdanning, samstundes som me styrker formell kompetanse i eksisterande arbeidsstokk. Vidare er det framleis sterkt fokus på barn og elevar sin rett til eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2020	Rev. bud. 2020
Administrasjon Opplæring og kultur	5 743	5 183	5 846	5 717
Barnehage	171 899	172 381	176 831	176 013
Skule	245 316	249 100	252 292	244 528
Kultur	41 041	40 629	41 379	41 635
<b>Sum</b>	<b>463 998</b>	<b>467 293</b>	<b>476 348</b>	<b>467 893</b>

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019	Opph. bud.	Rev. bud.
Lønn	455 092	467 255	453 146	448 121
Refusjon lønn	-23 341	-24 624	-17 904	-20 259
<b>Sum Lønn</b>	<b>431 751</b>	<b>442 631</b>	<b>435 242</b>	<b>427 862</b>
Drift	37 024	43 065	42 130	42 491
Kjøp av produksjon	52 057	47 455	44 664	47 908
Overføringer	29 775	26 336	22 191	24 691
Finansutgifter	8 982	10 051	5 491	4 357
<b>Sum Utgifter</b>	<b>127 839</b>	<b>126 907</b>	<b>114 477</b>	<b>119 448</b>
Brukerbetaling	-42 368	-50 100	-48 084	-43 394
Refusjoner	-38 258	-46 946	-23 455	-31 692
Overføringer	-9 249	-5 362	-1 831	-4 331
Finansinntekter	-1 822	-3 132	0	0
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-91 697</b>	<b>-105 540</b>	<b>-73 371</b>	<b>-79 418</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>467 893</b>	<b>463 998</b>	<b>476 348</b>	<b>467 893</b>

## Kommentar til status økonomi

Sluttresultatet for tenesteområdet syner at me i 2020 går 600 000 i mindreforbruk etter at 2,7 millionar kr i mindreforbruk er overført til fond. I 2019 hadde tenesteområdet eit mindreforbruk på totalt 2,0 millionar kr.

Av dei til saman 3,3 millionar kr i mindreforbruk, hadde barnehage samla sett eit mindreforbruk i forhold til budsjett på om lag 1,2 millionar kr. Dette skuldast blant anna eit lite mindreforbruk av løn på tenesta styrka barnehagetilbod.

Skule hadde samla sett eit meirforbruk i forhold til budsjett på om lag 4,0 millionar kr.

Kultur hadde samla sett eit mindreforbruk på 0,7 millionar kr, blant anna fordi dei fekk auka tilskot til aktivitetar og kompensert for tapte inntekter i løpet av nedstenginga.

Tenesteområdet hadde eit godkjent driftsbudsjett på 467,9 millionar kr i 2020, samanlikna med 464 millionar kr i 2019.

## Samandrag status investeringar

Sjå omtale til sist i kapittelet.

## Viktigaste hendingar og resultat

### PPT - Pedagogisk-Psykologisk-Teneste

PP-tenesta skal hjelpe barn, elevar og vaksne med behov for særskilt tilrettelegging. Hensikta er å gje eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod. PP-tenesta skal og hjelpe barnehagar og skular med å leggja til rette for barn og elevar med særskilte behov.

PP-tenesta sitt mandat er regulert i [opplæringslova § 5-6](#) og [barnehagelova § 34](#). PP-tenesta har både system- og individretta arbeidsoppgåver. Det er viktig at desse oppgåvene vert sett i samanheng. Det er 11 fagstillingar i PPT. Kvar barnehage og barneskule har fast pedagogisk/psykologisk rådgjevar og logoped knytt til si eining. Kvar ungdomsskule har og ein pedagogisk/psykologisk rådgjevar og får hjelp av logoped ved behov. Synspedagog har bistått i elevsaker der synet er ramma.

Gjennomsnittet av antal klientar i løpet av dei siste 5 åra er 865. Etter oppmelding til PPT vert det gjennomført ein oppstartsamtale med foreldre/føresette. Skulane og barnehagane legg ved ein pedagogisk rapport. Ulike kartleggingar ved PPT vert gjort etter behov og passande tiltak vert iverksett. Ein stor del av PPT sitt arbeid føregår ute i skulane og barnehagane.

Totalt 1146 barn gjekk i barnehage i 2020. Til saman er 123 barn i barnehagealder melde til PPT for Hå. Dette utgjer 10,73 % av barna i barnehagealder. 24 barn av dei 1146 barna fekk spesialpedagogisk hjelp. Dette utgjer 2,1 % av barnehagebarna.

Det var 2662 elevar i grunnskulealder i 2020 i dei kommunale skulane. Av desse fekk 169 elevar spesialundervisning, noko som utgjer 6,35 % av elevane i grunnskulealder.

Skuleåret 2020 har Team for uønska skulefråvær arbeida aktivt i 17 saker. Nokre er framleis aktive.

Ein del av PPT sitt arbeid er på systemnivå. PPT bistår til dømes med utarbeiding av rutinar med tanke på utredning av lese- og skrivevanskar og tekniske hjelpemiddel og anna veiledning. Ved førespurnad frå skular og barnehagar kan PPT halda ulike føredrag som t.d. veiledning av språkstimulering, arbeid med klasse- og barnehagemiljø, informasjon om ADHD, autisme, inkludering og deltaking.

### Vaksenopplæringa

PPT nyttar [§ 4A-2](#) for å gje vaksne rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område.

PPT hadde 40 vaksne personar (født før 2004) i systemet vårt pr 31.12.2020. Det er stort behov for synspedagog og logoped i samband med slag eller hjerneblødning. Desse sakene vert stort sett tilmeldt frå lege p.g.a. stemmevanskar, eller i samband med andre sjukdommar som hemmar syn eller språk.

I sakene som gjeld syn, skriv PPT ei sakkunnig vurdering. Deretter er det synspedagog, som er tilsett i 20% stilling, som utfører arbeidet.

Når det gjeld afasi, stemmevanskar eller andre språkvanskar, skriv PPT sakkunnig vurdering når det er behov for det. Det er logoped ved vaksenopplæringa, avdeling Vigre, som gjennomfører opplæringa.

### SLT (samordning av rus- og kriminalitets-førebyggande tiltak)

Målgruppa er barn og unge i alderen 0-23 år.

Sør-Vest politidistrikt sin kartlegging og statistikk viser at det er ei auke i registrert kriminalitet blant dei yngste ungdommane, spesielt vinning, hærverk og vald. Det oppsøkjande arbeidet, foreldrenettverks- og oppfylgingsarbeidet med ungdom viser det same. Oppsøkjande arbeid på Jæren vart gjennomført i samarbeid med Klepp våren 2020, mens me hausten/vinteren 2020 utførte det oppsøkjande arbeidet med egne ressursar. Rapporten viser at færre ungdommar samla seg ute våren 2020, truleg på grunn av covid-19. Hausten 2020 vart derimot prega av grupperingar med ungdom som gjorde skadeverk, brukte fyrverkeri, trua med vald, utøvde vald og naska i butikkane. SLT var med på presentasjon av funna frå politiet si kartlegging av barn/unge sin kriminalitet på Jæren. I tillegg har SLT hatt innlegg og deltatt i debatt på Rogaland fylkeskommune sitt møte for føresette til rusen. Møtet vart streama til alle vidaregåande skular i Rogaland.

Me har etablert OSG (operativ SLT-gruppe) i samarbeid med politiet, og me set raskt i gang arbeid med ungdom som kjem i kontakt med politiet. SLT fylgjer opp ungdom på frivillige ungdomskontraktar, påtaleunnlating med vilkår og ungdomsoppfølging. Me har hatt ei lita auke i saker i 2020. SLT har eit godt samarbeid med SLT Jæren og SLT-nettverket i Sør-Rogaland.

*Sterk&Klar* starta som planlagt i 2020 ved ungdomsskulane i kommunen, men på grunn av covid-19 vart nokre foreldremøter avlyst mens andre vart gjennomført digitalt. Det er eit tilbod til alle foreldra på alle trinn der målet er å styrka foreldra i foreldrerollen i forhold til å redusera tidleg rusdebut og å styrka den psykiske helsa.

SLT og psykisk helse og rusvern har undervisning for alle 10.klassar om cannabis, og elles ved førespurnad. Føremålet er å gje ungdommen faktaopplysningar og få dei til å reflektera over egne haldningar til rus. *Bli kjent kveldar* vert arrangert i overgangen barneskule og ungdomsskule i samarbeid med fritidssektoren. I tillegg har me bidrege i samtalegrupper på ungdomsskulane, og nokre skular sine utfordringar med krevjande elevgrupper. I samarbeid med fritidssektoren har me reist på sommarferie med ungdommar, og me har hatt ungdommar med i Kongeparken og laga desemberkveld for å skapa positive kvardagslege minner for dei som strevar på ulikt vis.

Oppfølgingstenesta for Jæren og Hå kommune tilbydde avtale til 3 ungdommar som er under 18 år og som av ulike grunnar har slutta i vidaregåande skule eller som ikkje kjem i gang med opplæring. Målet er at desse ungdommane skal koma seg raskt tilbake i utdanningsløp eller ordinært arbeid.

### Kva kan gjerast betre?

Med tanke på ei negativ utvikling i ungdomsmiljøet og ei auke i kriminaliteten spesielt nasking, hærverk, truslar om vald og fysisk vald, bør me setja oppsøkjande ungdomsarbeid i system. Det er avhengig av at kommunen setter av ressursar til dette arbeidet.

### Alle med i Hå

Målet er at alle barn skal delta i minst ein fritidsaktivitet uavhengig av foreldra si inntekt. Barn av innvandrarfamiliar er høgt representerte blant dei som kjem frå familiar med låg inntekt.

- Det er oppretta ei nettside for Alle med i Hå, under kultur og fritid. <https://www.ha.no/kultur-idrett-og-fritid/alle-med-i-ha/>
- Per i dag har me hjulpe over 200 barn og unge frå 29 forskjellige nasjonalitetar i kommunen, og mange barn og unge på Nærland asylmottak, inn i aktivitet.
- «Ungdommer på gata», fra gata til organisert basketball-trening i samarbeid med Nærbø idrettslag og SLT. Per i dag har me 20 medlemmar, og stadig fleire ungdommar blir med.
- Utrolig godt samarbeid med politikontakten i arbeidet med barn, unge og familiar med utfordringar.
- Mange som vil samarbeide med Alle med i Hå. Idrettslaga får tilskot frå ulike veldedige organisasjonar o.l.
- Barn på asylmottaket får tilbod om fotball- og håndballskule og andre aktivitetar.
- Opplæring i norsk tradisjonsmat for kvinner med innvandrarbakgrunn i samarbeid med Bygdekvinnelaget.
- Innsamling av utstyr saman med Nærbø og Varhaug idrettslag.
- Gratis hockey-skule i samarbeid med Farmers hockey for alle barn på 4 og 5 år i barnehagane.
- Godt samarbeid med Flyktningeeininga i forhold til nye familiar som buset seg i Hå kommune og andre viktige saker, særleg info om covid-19.
- Godt samarbeid med SLT
- Godt samarbeid med Time, Klepp og Gjesdal kommune.
- Fylkesmannen i Stavanger bruker ofte eksempel frå Alle med i Hå, under føredrag eller presentasjonar.
- Besøk av Gjesdal og Vindafjord kommune for å læra om Alle med i Hå etter at desse kommunane fekk midlar frå Bufdir.
- Besøk av Sparebankstiftelsen SR- bank for å læra om Alle med i Hå.
- Fekk støtte frå Sparebankstiftelsen SR- bank.
- Besøk av Barne- og familieminister for å læra om Alle med i Hå.
- Stadig fleire kontaktar oss (kommunar, lag og organisasjonar) for å læra om prosjektet Alle med i Hå.
- «Flexid». Alle med- koordinator er sertifisert for å driva Flexid-kurs saman med ein annan tilsett. Flexid er kurs for krysskulturelle ungdommar.
- Veiledning og informasjon for barn og unge for å læra om norsk kultur.
- Månedlige Alle med-møter (Alle med-koordinator, SLT-koordinator/oppvekstkoordinator, idrettskonsulent og kommunalsjef).

## Sjukefråvær

Fråvær	Egenmeldt	Legemeldt	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,98 %	5,51 %	6,49 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,19 %	5,28 %	6,47 %

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året	
	Godkjent løyving	Påløpt totalt	Total prognose	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
Brusand barnehage	44 000	538	44 000	2023	0	50
Garderober svømmehall NUS	500	519	648	2020	500	519
Høyland skule	Ikkje rel.	346	5 300	2022	800	47
Hå gamle prestegard	Ikkje rel.	869	885	2024	400	509
Ny kantine NUS	6 150	1 794	6 150	2021	6 150	1 794
Skular uteanlegg	Ikkje rel.	3 055	3 368	2024	800	3 018
Tiltak barnehagar	Ikkje rel.	498	507	2024	800	231
Tiltak skular	Ikkje rel.	8 150	8 166	2023	2 400	1 058
Uteområde barnehage	Ikkje rel.	364	364	2024	1 000	364
Varhaug skule	115 400	97 303	116 500	2021	75 000	71 312
Sum øvrige prosjekt		227 017	227 017		600	2 630
<b>Sum</b>	<b>167 800</b>	<b>342 026</b>	<b>415 632</b>		<b>88 450</b>	<b>81 533</b>

## Statustekst investeringar

### Brusand barnehage

Arbeid med regulering og løysingar knytt til tomte der barnehagen skal byggast pågår. Arbeidet med dette er framleis ikke ferdig. Planlegging og prosjektering av den nye barnehagen på Brusand, vil starta opp så fort dette er på plass, truleg etter sommarferien i 2021. Det er løyvd totalt 44 mill. kr. til ny 4 avdelings barnehage på Brusand.

### Garderober svømmehall NUS

I Det blei i kommunestyret, sak 103/19, vedteke at garderober knytt til svømmehall ved Nærbø ungdomskule skal opprustas. Arbeida blei ferdigstilt ved årsskiftet. Prognosar synar eit mindre meirforbruk.

### Høyland skule

Det har lenge vorte planlagt å bytta vindauga ved Høyland skule. Arbeidet har blitt utsett fleire gonger og då det endeleg kom i gang, vart det avdekke branntekniske tilhøve som ein måtte ta tak i. Eit nytt brannkonsept for skulen er nå på plass og det er behov for fleire bygningsmessige endringar ved skulen for å løysa manglane som er påpeikt. Totalkostnadane for dette inklusiv nye vindauge og nytt tak ved skulen er kalkulert til om lag 5,3 mill. kr.

I samband med hansaminga av budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 vart det tillegsløyvd 4,5 mill.kr for å løysa dei bygningsmessige utfordringane ved skulen. Arbeidet er planlagt å starta til våren 2021.

### **Ny kantine NUS**

Det er løyvd totalt 6,15 mill.kr til ny kantine ved Nærbo ungdomskule. FS. sak 064/20. Forsinkingar hos mellom anna arbeidstilsynet, grunna koronapandemien førte til endringar i framdriftsplanen. Ny kantine kunne dermed ikkje takast i bruk ved årsskiftet som planlagt.

Arbeidet held fram i 2021 og er planlagd ferdigstilt i løpet av 1 kvartal. Prognose synar kostnader innanfor vedteken ramme.

### **Skular uteanlegg**

Det er i 2020 utført arbeid for omlag 3 mill.kr ved uteanlegg skular. Mesteparten av pengane har gått til opparbeiding av området knytt til adkomst og ferdsel rundt Vigrestad storskule, men det er og utført arbeid ved Varhaug skule og Varhaug ungdomsskule.

### **Tiltak barnehagar**

Det er i 2020 brukt omlag 0,23 mill.kr til tiltak barnehagar. Det er utført mindre vedlikehaldsoppdrag ved fleire av barnehagane i kommunen.

### **Tiltak skular**

Det er i 2020 brukt omlag 1 mill.kr på vedlikehaldstiltak ved skular. Tiltaka fordeler seg over fleire av skulane.

### **Uteområde barnehage**

Det er i 2020 bruk omlag 0,36 mill.kr til uteområder for barnehagar og det er ved Trekløveren barnehage det er utført vedlikehald.

### **Varhaug skule**

Arbeidet med påbygg og rehabilitering ved skulen går etter planen. Arbeida ved sjølv påbygget vart ferdigstilt ved årsskiftet og overteke av kommunen. Arbeid med rehabilitering av nokon av dei eksisterande areala pågår. Alt arbeid er planlagd ferdigstilt til skulestart i 2021. Det er løyvd 115,4 mill.kr til arbeida. Førrelse prognosar synar meirforbruk på mellom 1 og 2 mill.kr. På grunn av naboklager, blei det tidleg i prosjektet beslutta å flytta teknisk rom frå eit oppbygg på tak, til kjellaren i den bygningsmassen som ble revet. Dette hadde sjølsagt ein kostnadskonsekvens. I samband med rehabilitering av dei eksisterande areala, er det og avdekka feil og mangler frå tidlegare utført arbeid i 2010 som må rettast opp.

## **Barnehage**

### **Mål og prioriterte oppgåver**

Kommuneplanen 2014-2028 legg til grunn følgjande hovudmål for barnehagane:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle barn i barnehagane i Hå skal oppleve læring og meistring kvar dag.

### **Kompetanseheving**

Det føregår kompetanseheving på ulike plan og nivå. All kompetanseheving skal vera i tråd med strategien frå kunnskapsdepartementet, «*Kompetanse for framtidens barnehage, 2018-2022*».

For å nå måla i Rammeplan for barnehage og Kommuneplan 2014-2018, må me arbeida gjennom dei tilsette i barnehagen. Kommunen legg til rette for å lyfta leiarkompetansen til styrarane. Styrarrolla er i

endring, og det kjem stadig nye og tydelegare krav til leiarrolla. Me arbeider jamt med å styrka styrarrolla, og oppmodar styrarar til å ta styrarskulen. Det ligg også stor verdi i leiarteam som arbeider saman om prosess og måloppnåing for barnehagen. Det er eit jamt trykk hos barnehagane for å vidareutvikla og styrka leiargruppene.

Det er etterspurnad etter meir kompetanse og utdanning hos tilsette i barnehagen. Ved utgangen av 2020 hadde vel 41 % av dei tilsette godkjent pedagogisk utdanning. Det er gledeleg at me er i ferd med er i ferd med å nå nasjonalt krav om 43 % .

Dei siste åra har behovet for å rekruttera fleire spesialpedagogar blitt synleggjort i Opplæringsplanen. Me har nå 6 pedagogar som har masterutdanning innanfor spesialpedagogikk og to som er undervegs i løpet.

Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar er kompetanse som barnehagane har behov for. 32 % av dei tilsette har nå dette fagbrevet. Hå har her den høgaste prosentandelen av jærkommunane.

Det føregår kompetanseheving på ulike plan og nivå. Det viktigaste er likevel at all ny kompetanse blir implementert i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

Kommunane har årleg søkt Fylkesmannen om statlege tilretteleggingsmidlar. Frå 2019 vart det endring i tildelinga av statlege midlar til lokal kompetanseheving. Me er nå pålagt å utvikla regionale nettverk og samarbeidsfora, men skal likevel framleis ta utgangspunkt i strategien, «*Kompetanse for framtidens barnehage, 2018-2022*».

I vårt regionale nettverk er det lagt opp til to storsamlingar pr år. Samlingane er for styrarar i kommunale og private barnehagar, hovudtillitsvalde (HTV), administrasjonen frå kommunane og representantar frå UiS. I 2020 vart samlingane gjennomført digitalt. Tema har vore leiing og *Barnehagebasert kompetanseutvikling* – Korleis få kompetanseutviklinga ut i alle ledd i barnehagen.

### Planar

Barnehagane i Hå arbeider i tråd med Kvalitetsplan for barnehage 2018-2021. Planen gjer retning og mål for det pedagogiske arbeidet. Kvalitetsplanen er eit nyttig, konkret og felles styringsverktøy for å auka kvaliteten på det pedagogiske innhaldet. Årleg har barnehagane eit satsingsområde som det blir fokusert ekstra på, men som skal henge saman med tidlegare satsingar. Barnehageåret 2020/2021 har barnehagane i kommunen «**Trygt og godt barnehagemiljø**» som felles fokusområde. Inneverande barnehageår legg me til rette for felles kurs og kompetanseheving innanfor dette området, samstundes som me held fast fokuset på leiing i barnehagen. Personalet i barnehagen har ansvar for å leggja til rette for struktur, forutsigbarhet og tydelege rammer. Dette er eit kontinuerleg arbeid som har innverknad på barn sin trivsel, utvikling og læring. Leiarar og personale må vera motiverte og ha tydelege forventningar til kvarandre og til det enkelte barn.

Arbeidet med stabilitet og kontinuitet er eit sentralt arbeid i barnehagen. Me arbeider målretta for gode og helsefremjande arbeidsplassar. I dette arbeidet har barnehagesektoren over år hatt god støtte og nyttig samarbeid med Arbeidslivsenteret. Ei arbeidsgruppe representert med styrarar, IA- kontakt frå personal- og organisasjonsavdelinga, HTV frå Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Delta, i tillegg til to representantar frå Arbeidslivsenteret, har saman utarbeida handlingsplan for dette arbeidet.

Hausten 2020 vart det på ny gjennomført digitale samlingar for alle tilsette i alle kommunale barnehagar med nærvær og helsefremjande arbeidsplass som tema.

Samarbeidet på tvers og arbeidet med fråvær har gitt resultat, og barnehagesektoren hadde i 2020 eit samla fråvær på 7,6 %. Det er om lag same resultat som i 2019, og dermed dei to beste åra sidan vi starta det systematiske arbeidet i 2014.

### Viktigaste hendingar og resultat

Året 2020 vart eit spesielt år med tanke på covid-19. Nettverk, møter og diverse samlingar vart i stor grad gjennomført digitalt, flytta på og enkelte gongar avlyst.

### Leiarutvikling for styrarar

- Jamne styrarmøte med leiarfokus, prosessarbeid og informasjon.
- Halde fram med jamne profesjonsmøte for styrarar i faste grupper. Målet er mellom anna å halda oppe fokus på leiarrolla.

### Rekruttering og tiltak for å behalde barnehagelærarar

- Alle nye barnehagelærarar er med i eit kommunalt leiartreningsprogram «Ny som pedagogisk leiar». Bjørnson organisasjonspsykologane er aktivt inne i dette programmet.
- Alle nyutdanna barnehagelærarar har lokale rettleiarar.
- Tilby felles kommunal kompetanseheving for å styrka leiarrolla og leiarteama.

### Andre hendingar

- Barnehageåret 2020/21 er fokusområdet «Trygt og godt barnehagemiljø», jf. Kvalitetsplan for barnehage. Barn skal oppleve barnehagen som ein trygg og inkluderande arena der dei er ein del av eit fellesskap. Fokusområdet i år bygger på godt språkmiljø som er ein føresetnad for utvikling av vennskap og deltaking i fellesskapet.
- Spesialpedagogane har lagt til rette for eit systematisk og godt arbeid for å styrka språkmiljøet i barnehagane. Materiell og vegleing er nytta for å bygge systemkompetanse innan alternativ kommunikasjon i barnehagane. Alle barnehagar er nå i gang med dette.
- Fleirspråkleg rettleiar fortsetter arbeidet med «*Dialogisk lesing*» for mindre grupper med minoritetsspråklege barn i ulike barnehagar. Om lag 60 minoritetsspråklege barn deltok førre år. Gruppene går over ein periode frå fem til tolv månader.
- Barnehagesektoren i dei fire jærkommunane har over tid arbeidd med eit felles prosjekt for å redusera spesialpedagogisk hjelp hos barna. Målet er eit felles kompetanseløft i det ordinære barnehagetilbodet. Kompetanseløftet er ei nasjonal satsing der Rogaland fekk ressursar til to prosjekt. Dei fire jærkommunane fekk midlar til å starta pilotprosjektet «Utviklingsstøttende praksiser på småbarnsavdelingene i barnehagene».
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø er ei nasjonal satsing i arbeidet for trygge læringsmiljø i barnehagar og skular. Frå januar 2020 vart det med fire nye barnehagar og fire skular. Det har vore ei inspirerande satsing som har gitt god og naudsynt kompetanseheving. Deltakarane har jobba med tema som læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leing og organisasjonsutvikling.

## Skule

### Mål og prioriterte oppgåver

Kommunen sitt hovudmål med skulane er i tråd med ny læreplan (LK2020), kommuneplanen 2014 – 2028, «Kvalitetsplan for skulane i Hå» og Jærskulen sitt grunnlagsdokument:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.

- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og meistrane kvar dag.
- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

Hå kommune har ein utviklingsplan som er meir spissa enn «Kvalitetsplan for skulane i Hå». For skuleåret 20/21 er “elevmotivasjon” hovudsatsingsområde.

Hå kommune har mål om at me skal styrka det faglege nivået og læringsmiljøet i skulen, slik at me på sikt er på nasjonalt nivå når det gjeld nasjonale prøvar, avgangskaraktarar, motivasjon og læringsmiljø.

Kommunen har hatt låge tal på motivasjon/trivsel, spesielt på ungdomstrinnet. Motivasjon og trivsel er blant dei viktigaste momenta som skaper lærelyst og læring. Av den grunn meiner me at arbeid med motivasjon er eit kjerneområde for å auka dei faglege prestasjonane. Det er derfor gledeleg at 7. trinn i 2020 har kome opp på landsgjennomsnitt i trivsel, og over landsgjennomsnitt i mestring og motivasjon. Det som ikkje er like gildt er at elevundersøkinga på 10. trinn ikkje er like bra, og svara på nokre av ungdomsskulane viser at der er mange ting som elevane ikkje er nøgde med, og deriblant fortel dei om låg motivasjon. Dei gode resultatata på 7. trinn skaper grunnlag for at me kan vere optimistiske, samstundes gjev elevane på 10. trinn oss svar som viser at me treng å bli betre. Resultata til skulane vil vere ein viktig del av utviklingsplanen kommunen og skulane skal lage for skuleåret 21/22.

Elevane sitt psykososiale miljø er ein viktig faktor i all læring. Me må arbeida planmessig og aktivt for å hindra mobbing og utrygge skulemiljø. Fokus ligg på førebyggjande tiltak og handling dersom mobbing vert avdekket. Me er glade for å kunne vise til ei betring i mobbetala hjå oss. Elevundersøkinga frå 2019 og 2020 viser at me likt eller litt betre enn landsgjennomsnittet på elevar som opplever å verta mobba, både på 7. trinn og 10. trinn.

På nasjonale prøver er mykje likt som før. I lesing og engelsk på 5. og 8. trinn er me på 48-49 skalapoeng, landsgjennomsnittet er 50 poeng. Me gjer det framleis best på rekning og er her på eller over landsgjennomsnittet. Me kommenterer normalt ikkje fram enkeltresultat, men ønskjer å trekke fram fram at 5. trinn på Varhaug skule gjorde det særskilt godt i 2020 med utrulege 65 skalapoeng, 15 over landsgjennomsnittet. Det er og gledeleg at 9. trinn er på landsgjennomsnittet, både i lesing og i rekning.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### Innføring av ny læreplan

Innføring av ny læreplan har vore ein prosess som skuleeigar har kjørt både gjennom Jærskulen og i egne rektormøter over lang tid. Vidare så har rektor leia prosessane på eigen skule. Første halvdel av 2020 skulle skulane gjere seg klare for å ta i bruk ny læreplan for skuleåret 20/21. I denne siste delen av førebuing vart råka av pandemi og alle utfordringane som den medførte. Heldigvis hadde me lagt eit godt grunnlag over tid, og i denne perioden var det digitale kompetansepakker produsert av Utdanningsdirektoratet som var sentrale i kompetanseutviklinga. På rektormøte i haust meldte rektorane at vi har kome godt i gang med nye læreplan. Det var gledeleg å få dei tilbakemeldingane. Det vitnar om at lærarar og leiarane har arbeidd godt under vanskelege kår.

#### Utvikling av klasseromsobservasjon som metode

Gjennom oppfølgingsordninga vart det sett fokus på klasseromsobservasjon som metode. Sjølv om ordninga er avslutta, så har me helde fram med dette i 2020. I februar hadde rektorane og skulekontoret ei fagsamling i Egersund kor me la grunnlaget for å utvikle kva dette skal vere i Håskulen. Samlinga var og med å legge grunnlag for at klasseromsobservasjon blei ein sentral del i utviklingsplanen for skulane i 20/21. Me meiner å ha identifisert ein metode som har eit unikt potensiale i utvikle klasseromspraksis i ein ønska retning.

Klasseromsobservasjon var og sak på rektormøte tidlig på hausten og i oktober 2020 hadde me samling med rektorane og lagleiarane for felles kunnskapsutvikling. Skal me bli gode på dette må leiarane øve og utvikle kompetanse. Lærarane våre seier at dei ønsker å bli sett, og klasseromsobservasjon er så nært på praksis som vi kan kome. Alle skulane er i gang med klasseromsobservasjonar og har laga ein plan for korleis det skal gjennomførast på sin skule.

### Jærskulen

Med pandemi har Jærskulen hatt eit annleis år. Planen var å utvikle nye nettverksgrupper og ha fire årlege storsamlingar med alle nettverka samtidig. Grunna Covid-19 har me i Jærskulen enten måtte avlyse eller gjennomføre digitale møter. Arbeidet er naturleg nok prega av begrensa samhandling, men me er nøgde med at dei nye nettverka er etablerte, og at dei har begynt å bli kjent med kvarandre. Me gler oss til å kunne treffast fysisk igjen i nettverksarbeidet.

I Jærskulen har me felles samarbeid kring å utvikle lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse (PfDK) og utvikle lærarane sin undervisningspraksis i tråd med ny læreplan. Desse to tinga er ein del av det som heiter desentralisert kompetanseutvikling, også kalla DEKOMP.

- Til arbeidet med PfDK har me i Hå to ressurspersonar som har frikjøpt tid til å arbeide ut skulane. Det er utarbeid eigen plan som dei arbeider ut frå. Arbeidet ut mot skulane er sjølv sagt noko redusert pga. pandemien, men dei har i hovudsak fått gjort tiltaka som ligg i planen. Dei digitale ressurspersonane deltek og i eigne samlingar i Jærskulen.
- Til å utvikle undervisningspraksisen til lærarane har me i Jærskulen etablert 3 grupper som arbeider tett med ressurspersonar frå Universitetet i Stavangar. Gruppene har treff ca ein gong i månaden, med arbeidsoppgåver mellom samlingane. Målet er å finne gode eksemplar på undervisningspraksis kor elevane har høg grad av medverknad og ein aktiv rolle i undervisninga. Frå Hå er det fire lærarar med i desse gruppene.

Tilstandsrapport for Jærskulen 2020 finn de her [LENKE](#)

### Elevane sitt psykososiale miljø

Hå kommune har, saman med Jærskulen, stort fokus på elevane sitt psykososiale skulemiljø. I 2020 har me vore opptekne av å gjennomføre aktivitetsplikta på ein god måte. Skulane våre skal lage aktivitetsplanar i saker kor elevane ikkje opplever å ha eit trygt skulemiljø. Me opplever at skulane er blitt enda flinkare på dette.

Fire av skulane våre er med i den nasjonale satsinga "Inkluderande barnehage- og skulemiljø". Tidlegare har me hatt med to skular. Det betyr at seks av ni skular har arbeid særskilt med dette dei siste åra. Hå kommune mottok midlar som gjer at vi kan ha to ressurspersonar som støtter og vegleiar både barnehagane og skulane undervegs. Me er godt nøgde med utviklinga i skulane har i prosjekt. Dessverre blir den nasjonale ordninga avvika slik at me ikkje kan få med dei tre siste. Heldigvis har me fått med oss mykje som kommune, og me har søkt på, og fått, ekstramidlar til å bruke ressurspersonane våre heilt fram til 2022.

### Kultur

#### Mål og prioriterte oppgåver

- Utvikla biblioteket som møteplass og som arena for læring, oppleving og debatt.
- Ha varierte og aktuelle tilbod om fritidsaktivitet til alle, med særleg vekt på barn og unge og til menneske som av ulike grunnar treng særleg støtte.

- Ta vare på og formidla kulturarven, gjennom arrangement, produksjonar og vedlikehald av verdfulle faste kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard.
- Støtta opp om arbeidet i organisasjonslivet. I kommunen er det mange veldrivne organisasjonar, idrettsanlegg og kulturbygg. Frivillige lag og organisasjonar knytt til bygga har nærare 9000 medlemmar under 19 år. Det blir lagt ned om lag 145 årsverk i dugnad.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### Biblioteka

- Det totale utlånet i biblioteka gjekk ned med 17% i 2020, medan besøket gjekk ned med 31%.
- I løpet av året var det 230 skule- og barnehagebesøk i biblioteka, mot 205 i 2019. Me laga også mange bokkassar til skulane.
- Utlånet av e-bøker og e-lydbøker auka med 95%. Då landet stengde ned fekk biblioteka tilført midlar frå Nasjonalbiblioteket til å auke tilbodet av e-bøker.
- 13. mars stengte både hovudbibliotek og kombinasjonsbiblioteka på Varhaug og Ogn grunnna smittevernomsyn. Me starta med takeaway-utlån. Posar med bøker vart henta av lånarane utanfor biblioteka.
- I september gjekk me tilbake til ordinære opningstider, men med begrensningar på antall publikum i lokalet og kor lang tid dei kunne bruke. Dette førte til færre impulslån.
- Det var 4 lesesirkelmøter, med 10 deltakarar pr. gong og det vart gjennomført 5 laurdagsarrangement for barnefamiljar.
- *Mellom* er klubben for dei mellom 10 – 13 år. Barna er gamle nok til å komma til biblioteka utan føresette og klubben har blitt eit populært tilbod. I 2020 fekk me gjennomført *Mellom*-klubben 7 gonger på Nærbø med eit gjennomsnitt på 21 deltakarar og 6 gonger på Varhaug med eit gjennomsnitt på 8.
- 70% av alle frå 1. – 7. klasse var med på *Sommarles*. Det vart lest i gjennomsnitt 14,6 bøker. Kampanjen, som inneheld ein del element frå spel-verda, appellerer også til gutar.
- I samarbeid med Frivilligsentralen, IT-avdelinga og Servicetorget vart det søkt om midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å oppretta eit kommunalt rettleiingstilbod innan digital kompetanse for kommunen sine innbyggjarar. Hausten 2020 var det 3 samlingar. Dette held fram i 2021.
- Då me måtte stenga biblioteka fekk me tatt fatt på fotosamlinga. Nå er 60% av samlinga registrert med opplysningar og emneord, slik at det er lettare for brukarane å få treff i billedbasen.



### Kulturtoget

- Besøket i Lensmannsløa ungdomsklubb var på om lag 60 pr. klubbkveld i 2019. Då klubben opna etter sommaren dukka det opp 100. Korona blussa opp på hausten og klubben måtte redusera tilbodet om fysisk frammøte. Det vart i staden ulike aktivitetar på sosiale medier og oppsøkjande ute.
- Besøket i Loen har jamnt vore på 120 – 140 ungdom før korona. Etter kvart måtte klubben gå ned i deltakartal, men det vart gitt tilbod på sosiale medier og det var oppsøkjande verksemd med m.a ulike konkurransar.
- Ungdomsrådet gjennomførte utvekslingstur til Wegliniec i Polen 2. – 7. mars. Tema for turen var «Youth and Society, med støtte frå Erasmus+.
- Ungdomsrådet markerte Verdsdagen for psykisk helse med eit føredrag av Adil Khan: «Ta vare på di psykiske helse».
- A-laget hadde 5 deltakarar og Vennegruppa 9. Begge gruppene har medlemmar med svært ulike utfordringar. Av den grunn gjekk også talet på medlemmar ned frå 2019.
- Kulturkafè hadde 1562 besøk, ein nedgang frå 2019 på 60%.
- Det er gjort 11 institusjonsbesøk med Syng deg glad-program, i tillegg til 10 – 15 allsang-program på sjukeheimen.
- Kulturskulen hadde på det meste 508 elevplassar i aktivitet mot 515 i 2019. Ved utgangen av 2020 var det 215 elevplassar på venteliste. Av dei 82 personar heilt utan plass.
- Kulturskulen og fritidsavdelinga arrangerte *Ung i juli*. Det vart registrert 1250 besøkjande, mot 550 i 2019.
- Kulturskulen og Nærbo sanitetsforening arrangerte *Barn i juli* med 827 registrerte besøk.
- Hå kulturskule skulle markert 50-års jubileum med mange ulike arrangement i juni. Ved å omdisponera økonomiske ressursar til *Barn i juli* og *Ung i juli* fekk me vera «kulturskule for alle» og bidrog til at barn og unge fekk ein fin sommar.
- Kulturskulen har fokus på elevar og grupper som særleg treng kulturtilbod. Gjennom prosjektet *Alle med i Hå* har fleire elevar fått eit slikt tilbod. I 2020 hadde kulturskulen faste

## Hå kommune årsmelding og -rekneskap 2020

aktivitetar på ATO ved Bø skule, Møllerhaugen, band for ungdom ved Nærland mottak, Dagsenteret og Tunet brukarstyrte senter, i tillegg til faste bandaktivitetar i Loen ungdomsklubb.

- Kulturskulen bidreg med produksjonar for Den kulturelle skulesekken, dette året med *Sirkus*.
- Som ei motvekt mot all digital undervisning utvikla lærarar i kulturskulen brettspel og kortspel som til nå har solgt for over kr 50.000 til kulturskular i andre kommunar.



### Kulturvern, Hå gamle prestegard og Obrestad fyr

- På Hå gamle prestegard og Obrestad fyr var anlegga stengt ned frå 12. mars - 1. juni. Dette fekk store konsekvensar for både utstillingar og arrangement som var planlagde og avtalte. Utstillingar vart sette på vent, andre utsett til ny dato.
- Grunna nedstenging for publikum fekk dei tilsette andre oppgåver: På begge anlegga vart lagerrom rydda, heile anlegga vaska ned og vegger måla.
- På Obrestad fyr vart sjølve fyrbygningen renovert for fukt, sopp og råte i mur og trekonstruksjon.
- Det vart inngått avtale med Jæren kystlag om 10 års leige av uthus på fyret.
- Hovudutstillinga om Alexander L. Kielland ulykka (dokumentar og kunstutstilling) vart vist som planlagt. Det same for den store utstillinga med Kjell Torriset.
- Det vart gjennomført ROS-analyse på både Hå gamle prestegard og Obrestad fyr og arbeid med forprosjektering av isolering av den nye løa vart starta.
- Hovudhuset på prestegarden fekk ny kledning og isolasjon på begge langsiden.



### Internasjonalisering, friluft og anna

- Folkepuls-prosjektet er godt etablert med aktivitetar fleire stader i kommunen. Både Nærbø IL, Nærbø Makotokaiklubb, Varhaug IL, Vigrestad IK og Ognå golfklubb har aktivitetar som rekrutterer inaktive ungdom og vaksne. I 2020 var det til saman 188 nye deltakarar på Folkepulstiltak i Hå. Prosjektet har vore eit viktig bidrag til at vi ser ein markant auke i før inaktive vaksne medlemmar i idrettslaga.
- Den digitale kartløyisinga og applikasjonen TellTur vart tatt i bruk i samarbeid med nabokommunane og Jæren friluftsråd. ([telltur.no/friluftsrad/jaeren](http://telltur.no/friluftsrad/jaeren))
- Sykkelruta Jærruta vart etablert og tatt i bruk av reiselivaktørar, turistar og innbyggjarar i kommune. ([www.jaerruta.no/](http://www.jaerruta.no/))
- Kommunestyret godkjente at Hå kommune kan inngå samarbeidsavtale med regionalt Pilegrimssenter Avaldsnes. Me er i gang med avklaring med Statsforvaltaren angående ferdsel i verneområda.

### Kva kan gjerast betre?

Ombygging og oppussing i biblioteket (Varhaug), i tillegg til eit år med pandemi, har ført til nedgang i både besøk og utlån. Det er gledeleg at nedgangen ikkje er større. Utlånet har særleg gått ned for vaksne, medan elevane har hatt tilgang til biblioteket i sine kohortar. Me vil satsa særleg på å få opp utlånet når pandemien er over.

Eit viktig tiltak er å rettleia innbyggjarar som treng det, til digital kompetanse. Hå kommune fekk kr 200.000 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til dette prosjektet som held fram i 2021.

Fotosamlinga til Hå kommune er digitalisert, men det står igjen å registrera opplysningar til kvart bilde. Pandemien førte til at ressursar kunne omdisponerast og nå er 60 % av samlinga registrert med opplysningar og emneord. På Hå gamle prestegard og Obrestad fyr fekk også tilsette nye oppgåver. Anlegga har aldri vore så ryddige og reine som dei er nå.

Prosjektet *Den gode bibliotektimen* var vellukka. Tilbakemeldingane frå skulane er gode. Lærarane er meir engasjerte i bokval ved besøk i biblioteket fordi dei har fått meir kunnskap. Då får elevane hjelp til å finne bøker som er tilpassa til kvar enkelt. Elevane finn seg betre til rett på biblioteket og reserverer ofte dei bøkene som vert presenterte. Dette gir auka utlån på skulane. Me vil satsa endå meir på leseglede for barn framover.

Det er framleis ei opphoping av søknadar på 50% kommunalt investeringstilskot til kulturbygg og 50% kommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg. Ventetida for nye søknadar på begge desse ordningane er nå over 11 år.

I kulturskulen er det høg aktivitet og stort behov for eigna lokale. Om lag 1/3 av aktivitetane er på Nærbø, resten på Varhaug, Vigrestad og Ognå. Dette har sine kvalitetar, men gjer også samarbeid og fellesaktivitetar meir utfordrande. Det er også for få arbeidsplassar til dei tilsette. Rehabilitering av Kulturtorget har ført til eit betring, men framleis er det utfordrande å finna tid og plass til alle aktivitetane som skal vera på same tid.

## Helse- og sosiale saker

### Innleiing

Korona-pandemien har dominert utfordringsbiletet totalt for helsetenestene frå mars 2020. Fleire av tenestene vart mellombels stengde ned eller gjort på nye måtar. Digitale verktøy vart i utstrekkt grad teke i bruk. Overbelegg ved institusjonane har ført til meirforbruk på denne tenesta, mens andre tenester har hatt mindreforbruk på grunn av Covid 19.

Hå kommune fekk 947 600 meir vertskommunetilskott i 2020 enn budsjettet.

### Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmåla for 2020 var å sikra dei eldre ein trygg livssituasjon, og sikra eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilte og samansette behov med best mogleg integrering i lokalsamfunnet.

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2020	Rev. bud. 2020
Administrasjon Helse og sosialsaker	246	963	2 048	2 025
Bustader	-8 326	-8 450	-8 481	-8 481
Institusjon	116 586	115 998	115 971	112 933
Heimetenester	63 478	62 148	66 797	64 422
Funksjonshemma	88 429	87 223	97 798	94 517
Transport og lærlingar	4 192	5 527	5 310	5 574
Lege-fysio	33 802	32 944	33 597	34 449
Helse	15 449	17 349	19 372	18 401
Barnevern	39 074	34 220	36 297	35 852
Sosial	18 060	20 924	17 733	20 551
Rus og psykisk helse	16 805	17 694	20 000	19 079
Flyktningar	-9 169	-2 921	-2 332	-2 791
Utanfor ramme	-96	678	339	523
<b>Sum</b>	<b>378 531</b>	<b>384 298</b>	<b>404 449</b>	<b>397 055</b>

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019	Opph. bud.	Rev. bud.
Lønn	497 922	494 179	500 923	494 004
Refusjon lønn	-21 769	-18 315	-13 536	-14 329
<b>Sum Lønn</b>	<b>476 153</b>	<b>475 864</b>	<b>487 388</b>	<b>479 675</b>
Drift	46 155	48 352	49 392	52 438
Kjøp av produksjon	7 989	7 582	8 637	8 637
Overføringer	43 721	40 946	40 922	42 874
Finansutgifter	19 864	11 205	2 450	2 420
<b>Sum Utgifter</b>	<b>117 729</b>	<b>108 085</b>	<b>101 401</b>	<b>106 368</b>
Brukerbetaling	-57 474	-57 808	-55 701	-55 401
Refusjoner	-114 094	-102 098	-99 636	-97 316
Overføringer	-29 641	-29 943	-25 625	-25 625
Finansinntekter	-8 375	-15 570	-3 378	-10 646
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-209 583</b>	<b>-205 418</b>	<b>-184 340</b>	<b>-188 988</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>384 298</b>	<b>378 531</b>	<b>404 449</b>	<b>397 055</b>

## Kommentar til status økonomi

37,6 % av driftskostnadane vart i 2020 dekkja av tilskott og inntekter innan tenesteområdet. I 2019 var dette 37,7 %.

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit overskott på om lag 12,8 millionar kr. Resultat for 2019 var 11,9 millionar kr og i 2018 23,2 millionar kr.

Forklaring på mindreforbruk:

Teneste	Kroner	Forklaring
Dagsenter heimebuande	1 450 000	Nedstengt deler av året grunna corona
Aktivitetstilbud funksjonshemma	1 500 000	Nedstengt deler av året grunna corona
Dagavdeling institusjon	1 300 000	Nedstengt grunna corona
Transport	380 000	Mindre på grunn av nedstenging etter corona.
Støttekontakt	800 000	Nedstengt deler av året grunna corona
Friskliv	340 000	Nedstengt deler av året grunna corona
Helsestasjon/skolehelsetjeneste	330 000	Sjukdom uten tilgang på vikarer
Frivillighetsentral	400 000	Sjukdomsforfall
Lege	1 600 000	Meir inntekter enn budsjettet.
Legevakt	-600 000	Meirforbruk grunna corona
Fysio/ergo	320 000	Ledighet i driftsavtale, lågare kurskostnader etc.
Funksjonshemma	5 100 000	Innsparing for å komma ned til budsjettnivå for 2021.
Psykisk helse	1 200 000	Lågare lønnskostnader og litt høyere inntekter
Rusvern	180 000	Noko av besparelsen kan nok tilleggst corona.
Institusjonspleie	-4 900 000	Overbelegg grunna corona m.m.
Barnevern	1 600 000	Sjukemeldingar og ledighet i stillingar på slutten av året.
NAV	-400 000	Mindre kvalifiseringsordning grunna noko nedstenging og 1 mill. kr meir i livsopphald
Heimesjukepleie	-470 000	Meir press på heimesjukepleie med overbelegg på sjukeheimen
Heimehjelp	1 300 000	Noko av besparelsen kan nok tilleggst corona.
Brukarstyrt personlig assistent	-430 000	Meirforbruk pga behovsauke
Anna hjelp i heimen	300 000	Mindre personale heim pga corona
Administrasjon	900 000	Mindre studier, kurs, annonsekostnader
Vaskeri og Kjøkken	600 000	Lavere diverse utgifter
<b>Resultat for 2020</b>	<b>12 800 000</b>	

Helse- og sosialtenesta legg vedtatt kommuneplan om ei bærekraftig utvikling, samt politisk vedtekne fagplanar, til grunn for styringa si. Det er stor budsjett disiplin innan tenesteområdet.

Tenesteområdet hadde opphavleg totalt 550,4 stillingsheimlar i 2020 og eit godkjent brutto driftsbudsjett på 600,3 millionar kr (netto ramme 397,1 millionar kr) samanlikna med 544,7 stillingsheimlar og eit brutto driftsbudsjett på 588 millionar kr i 2019 (netto ramme 376,7 millionar kr).

### Samandrag status investeringar

Sjå omtale til sist i kapittelet.

### Viktigaste hendingar og resultat

Først i kapittelet kjem ei oppsummering av viktigaste hendingar og resultat. Meir detaljert omtale av kvart teneste/funksjonsområde er tatt inn seinare i teksten.

#### Funksjonshemma:

Implementeringa av Aktiv Støtte har i 2020 starta på leiarnivå i enhet for funksjonshemma. Det vart gjort ei omlegging av tenesta for å koma ned på budsjettnivå for 2021.

#### Jordmor, helsestasjon og skulehelsetenesta

Tenesta er i gang med opplæring i TIBIR (tidlig innsats barn i risiko). Det er sett i gang kompetanseheving helsestasjon for ungdom. Tenesta er blitt del av koordinerande enhet og har hatt sine fyrste saker der.

#### Frivilligheten

Samarbeidet mellom kommunen og frivillige har vore enormt under den pågåande korona-pandemien og det er sett i gang mange nye tiltak.

I 2020 nominerte me kommunen til prisen som Årets Frivilligkommune. Hå kom på pallen og var ein av tre kommunar i landet som stod att til slutt.

#### Helsetenesta

Pandemien har dominert utfordringsbiletet totalt for helsetenestene frå mars 2020.

Legevakttenestene har hatt interkommunalt samarbeid rundt handtering av luftvegs pasientar med Sandnes/Klepp/Time/Gjesdal frå mars 2020.

Legetenestene har i større grad lagt om til digital vurdering i form av telefon, e-konsultasjon og videokonsultasjon der det er nødvendig for smittevern.

#### Psykisk helse og rusvern

Etablering av Ungdomsteamet, digitalisering og vidareutvikling av Tunet brukarstyrt senter har hatt hovudfokus i 2020.

### Klagar

- Innan pleie og omsorg er det tatt imot 3 klagar i 2020 etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, mot 10 klagar i 2019. Av desse er 2 sendt vidare til Statsforvaltaren.
- Psykisk helse og rusvern har fått 2 klagar i 2020. Den eine fekk medhald og den andre fekk delvis medhald. Avdelinga mottok ingen klagar i 2019. Bustadutvalet for bustader til flyktningar og vanskelegstilte har tatt imot 2 klagar i 2020 ( 1 munnleg og 1 skriftleg) som begge fekk medhald. I 2019 mottok vi 1 klage.
- Eining for funksjonshemma har motteke 7 klagar på vedtaket etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester. 4 vart sendt vidare til Statsforvalteren. Kommunen fekk medhald i 2 av

sakene. I ei sak vart kommunen bedt om å ta ny vurdering og i ei sak ventar me på svar. I dei 3 sakene som ikkje vart sendt til Statsforvalteren, fekk 2 av klagarane innvilga tenester og ein godtok avslaget.

- Kommuneoverlegen har tatt imot 29 (31 i 2019) klagar. 6 har vorte behandla av NPE (Norsk pasientskadeerstatning) 14 er tilsynssaker og rettighetsklager som er handtert via Statsforvaltaren. 9 klager og bekymringar er løyst lokalt. I 2019 tok me imot 17 klagar.
- NAV har tatt imot 14 (24 i 2019) klagesaker i 2020, 1 sak er trekt, 7 omgjort og 6 oppretthalde. Oppretthalde saker vart sendt til Statsforvaltaren for vurdering. Av desse er 6 oppretthalde vart 2 omgjort og 4 oppretthalde.

## Helsetenesta

Pandemien har dominert utfordringsbiletet totalt for helsetenestene frå mars 2020.

Legevakttenestene har hatt interkommunalt samarbeid rundt handtering av luftvegspasientar med Sandnes/Klepp/Time/Gjesdal frå mars 2020. Dei same kommunane samarbeider om kommuneoverlegevaktberedskap for handtering av positive prøvesvar og bakvaksfunksjon for luftvegslegevakta.

Tenestene har handtert smittesporing og byrja mot slutten av 2020 på planarbeidet for Covid 19 vaksinerings. I tillegg vart influensavaksinerings gjennomført med høgare grad av smitteverntiltak enn vanleg.

Legetenestene har i større grad lagt om til digital vurdering i form av telefon, e-konsultasjon og videokonsultasjon der det er nødvendig for smittevern.

## Legetenesta

Hå tilsette ein ny fastlege på Vigrestad hausten 2020. Det er god tilgang på ledige listeplassar på Vigrestad, og gjennom året har det vorte utvida med fleire plasser på Varhaug. Det har vore stabil og god legedekning gjennom heile året med hovudsakleg god tilgang på legevikarar.

I starten av pandemien og i ferieavviklinga var det utfordrande å dekkja legebehovet. Hå har 60% avsett kommuneoverlegeressurs og 20 % smittelege. Dette var for lite til å handtera behovet spesielt i den innleiande fasen. Dette vart kompensert med reversering av planlagt overlegepermisjon og redusert etterspørsel av pasienttimar pga smitteredse i befolkninga. Kommunen deltek i prosjekt primærhelseteam og har hatt utvida ressursar til å driva oppfølging av risikogrupperne.

Det er i 2020 gjennomført brukarundersøking for legekontora på Vigrestad og Varhaug, og for primærhelsetenesta/Nærbø legekantor.

## Fengselhelsetenesta

har to legar fordelt på 70 % stilling og 4 heile sjukepleiarstillingar der 3 har vidareutdanning i psykisk helse.

Tenesta har ein fysioterapeut i 80 % stilling som driv tradisjonell behandling og i tillegg har dei ei sentral rolle i isolasjonsførebyggjande arbeid.

Fengselshelsetenesta arbeidar tett opp mot spesialisthelsetenesta SUS, psykiatrisk divisjon, avd. sikkerhet som har oppretta eigen fengsels-poliklinikk i Åna fengsel. Me har også tett samarbeid med LAR Stavanger som driv klinikk i Åna.

Åna har totalt 161 soningsplassar der 137 er på lukka avdeling, og 24 på open avdeling.

Åna fengsel hadde i 2020 totalt 250 nye innsettingar. Helseavdelinga har gjennomført innkome-/kartleggingssamtale med alle desse.

Fangar med større helseproblem kjem til Åna fengsel framfor andre fengsel i regionen. Dette vert gjort på grunn av totalstorleik på fengselet, handikapceller og god tilgang til helsehjelp. Helsetenesta rapporterer om stadig fleire innsette med kompliserte helseutfordringar og generelt dårlig fungering.

Innsette med behov for helsehjelp utover ordinær arbeidstid får hjelp av kommunal heimeteneste.

Fengselshelsetenesta har godt samarbeid med kriminalomsorga på alle nivå.

Fengselshelsetenesta på Åna er ei godt driven teneste med høg grad av tverrfagleg samarbeid.



## Legevakta

I 2020 hadde Hå legevakt totalt 115 024 samtalar (inn- og utgåande). Av desse er 72 976 inngåande samtalar (29 890 i 2019).

Hå legevakt har og legevakttelefonen for Dalane og 30 445 av samtalane kom frå dette distriktet (6 554 i 2019).

Årsaka til den store auka er korona-pandemien frå februar/mars 2020. Pandemien førte til endring i bemanninga for både lege og sjukepleier. Hå kommune danna luftvegslagevakt saman med fire andre kommunar; Time, Klepp, Sandnes og Gjesdal. Pasientar frå Hå med luftvegssymptom vert sende til Klepp. Hå legevakt tok imot pasientar frå Time kommune utan luftvegssymptom (kvardagar kl. 15-23 og helg 8-23). Hå kommune handterte eigne pasientar med luftvegssymptom på natt.

Hovudvekta av innkomande samtalar er i tidsrommet legevakta på Bekkeheien er bemanna. For den bemanna perioden er det framleis størst pågang rett etter at legekantora stenger, mellom kl. 15-17. Gjennom pandemien har me vore bemanna med to sjukepleiarar i dette tidsrommet, og det har vore naudsynt. Auka bemanning har og ført til at me treng fleire vikarar. I løpet av 2020 har me tilsett 4 nye vikarlegar og 6 sjukepleiarar.

Gjennom heile året og døgnet, og for heile døgnet varierer talet på telefonar som vert svart på innan 2 minutt, frå 93 til 99%, med 96% som gjennomsnitt for 2020. Forskriftskravet er på 80%.

I slutten av 2019 starta to sjukepleiarar på legevakta eit prosjekt med hjarte- og lungeredningskurs til tilsette i Hå kommune. Prosjektet blei sett på vent under pandemien då det ikkje var mogleg å gjennomføra kurs med smittevern-restriksjonane.

Hå kommune gjekk i desember i samtalar med Klepp kommune om å finna ei løysing for felles legevakt på Jæren. Arbeidet med dette fortsetter i 2021.

Det er i 2020 gjennomført brukarundersøking for tenesta.

## Fysio- og ergoterapitenesta

### Tal på nye tilvisningar

Tal på nye brukarar	2019	2020
Fysioterapi (utanom institusjon)	406	483
Fysioterapi i institusjon	519	249
Ergoterapi	739	676
Syn og hørsel	121	89
<b>Total</b>	<b>1 785</b>	<b>1 497</b>

Alder	Fysioterapi		Ergoterapi		Syn og hørsel	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020
0 - 17	284	292	63	83	9	5
18 - 66	234	295	141	146	21	17
> 67	348	359	278	231	91	72
<b>Total</b>	<b>866</b>	<b>946</b>	<b>482</b>	<b>460</b>	<b>121</b>	<b>94</b>

## Fysioterapi individuelle konsultasjonar

	2019	2020
Førebyggjande behandling barn*	379	389
Kurativ/poliklinisk beh 0-100 år	3 787	3 446
Institusjon **	2 909	2 200
<b>Total</b>	<b>7 075</b>	<b>6 035</b>

\* i hovudsak sped-og småbarn tilvist av helsestasjon

\*\* i hovudsak Hå sjukeheim

Talet på konsultasjonar har gått ned på grunn av nedstenging og smitteverntiltak. Unnataket er førebyggjande behandling av barn som er oppretthalde.

49 pasientar har deltatt i gruppetrening, 130 pasientar i varmtvassbasseng og 18 barn og 1 voksen på terapiriding i 2020 (treninga har i periodar vore stengt).

## Prosjekt Styrking av Helsestasjon- og skulehelsetenesta

- Barselgruppe: 18 gonger gjennomført ved 4 månaders alder.
- Skulehelsetenesta: 27 undervisningar på 4. og 9. trinn.
- Ergoterapitenesta har gitt 395 individuelle konsultasjonar i løpet av året, mot 591 i 2019. Syn/høyrselekskontakt har gitt bistand til 50 brukarar, mot 121 brukarar i 2019.

Active brukarar	Brukarar med utleverte hjelpemidlar	Nye brukarar	Utleverte hjelpemidlar	Innleverte hjelpemidlar	Samla verdi for utleverte hjelpemidlar
1485	447	136	4675	1 142	Kr 11 243 241

Hjelpemiddelsentralen i Rogaland har utlevert 4 675 hjelpemidlar til brukarar i Hå i året som gjekk. Henta frå: «Kommunestatistikk fra NAV Hjelpemiddelsentralen i Rogaland i 2020» (Tal med atterhald).

På grunn av den pågåande pandemien har ergoterapeutane tatt fleire konsultasjonar pr. telefon i staden for i heimen, dette forklarar nedgang i talet på konsultasjonar.

Fysio- og ergoterapiavdelinga var stengt grunna korona-pandemi i 5 veker. Tre fysioterapeutar og ein ergoterapeut ga behandling og bistand der det vart vurdert som nødvendig helsehjelp.

Dei andre tilsette vart omdisponert til andre avdelingar innafor pleie- og omsorg.

## Frisklivssentralen

har i 2020 hatt 70 tilvisingar til individuell oppfølging, mot 89 i 2019. Dei fleste ønskjer oppfølging med fokus på endring av fysisk aktivitet og kosthaldsvanar. I tillegg vert dei tilvist på grunn av snus- og røykeslutt, søvnnvanskar, livs- og stressmeistring, samt støtte til å leva med langvarige helseutfordringar.

Sentralen tilbyr trening for alle deltakarar gjennom «Friskliv Jæren». Dette er eit samarbeid mellom frisklivssentralane i Hå, Klepp, Time og Gjesdal med nettportalen [frisklivjæren.no](http://frisklivjæren.no). Hå kommune

koordinerer og administrerer tilbudet. I starten av 2020 vart det gitt 27 ulike treningstimar i veka fram til mars då tilbudet vart redusert. Frisklivssentralen haldt likevel oppe eit tilbod ved å flytta treningar ut, dela opp i mindre grupper og introdusera online-trening. Ved utgangen av året var det registrert 210 medlemmar i «Friskliv Jæren». Ca. 550 jærbuar deltok på trening i regi av Friskliv Jæren kvar veke.

Friskliv Jæren tilbyr fleire kurs med fokus på endring av levevanar. I 2020 deltok ca. 90 (130) personar på desse kursa. På grunn av Covid 19 vart nokre kurs utsett eller gjennomført med færre deltakarar.

Frisklivssentralen i Hå var med som kursleiarar på «Bra mat for bedre helse», «Røykesluttkurs», «Søvnkurs» og «Tankeviruskurs» i 2020.

I tillegg til basistilbodet har Friskliv Jæren delteke på ulike samarbeidsprosjekt.

### Miljøretta helsevern

Det har i liten grad vore ordinære tilsyn med skular, barnehagar og andre verksemder på grunn av pandemien. I den rolege fasen tidleg hausten 2020 vart det gjennomført nokre tilsyn med fokus på rutinar.

Ressursen frå miljøretta helsevern har vorte nytta til rådgjeving inn mot skular, barnehagar og andre behov rundt smittevern. Skjenkekontrollen driv tilsyn etter smittevernlova på serveringsstader. Rogaland Brann og redning har kome i gang med tilsyn av utsalsstader for tobakk.



## Smittevern

Det har vore nedgang av dei fleste infeksjonar i 2020. Dette heng saman med auka avstand og betra hygienetiltak i samfunnet generelt. Det har vore kun sparsomme tilfelle av kikhoste, ingen kjente utbrot av mage/tarm virus og influensasjukdom er fråverande.

Det var høg deltaking og god oppslutning om influensavaksinering.

Covid 19: 55 personar folkeregistrert i Hå fekk påvist Covid 19 i 2020.

Arbeidet med smittevern har tatt mykje tid.

Hå har ikkje hatt utbrot i kommunale institusjonar, men eit par tilfelle med karantene rundt smitta bebuarar/tilsette i kommunale tenester.

Tryggheim VGS hadde eit lite utbrot der me hadde tett samarbeid.

I tillegg til dei mange tiltaka i kommunen sine ulike avdelingar har me hatt nokre større tiltak som resultat av pandemien:

- Felles luftvegslegevakt og teststasjon 08-23 ilag med Klepp/Time/Gjesdal/Sandnes
- Felles kommuneoverlegevakt for oppfølging av positive prøvar utanom ordinær arbeidstid ilag med same kommunar
- Utvida smittesporingskapasitet
- I 2020 starta opp planlegging med vaksinerings.

Kommuneoverlegen deltek i fagråd 11 for smittevern og beredskap, samt smittevernforum ilag med SUS og øvrige kommuneoverlegar, i tillegg til hyppige samarbeidsmøte med aktuelle samarbeidsparter i regionen etter behov. Desse samarbeidsorgana har møtehyppighet som raskt skalerast opp og ned i tråd med pandemiutviklinga.

## Folkehelse

Folkehelseoversikta i Hå vart slutført og ny folkehelseplan for 2019 – 2022 vart vedtatt av kommunestyret 13.06.2019 saksnr. [KS 038/19](#).

Desse fokusområda med strategiar vart valde ut til at me skal halda ekstra auge med dei neste fire åra:

- Gode levekår som utjamnar ulikskap
- Alle med i fellesskapet gjennom heile livet
- Gode og sunne nærmiljø som legg til rette for fysisk aktivitet og sosialt samspel
- Tilrettelegging for kvardagsaktivitet
- God psykisk helse og trivsel, utan rus
- Aktive og deltakande eldre som får bu lenge heime

I 2020 bruke me partnerskapsmidlea på desse prosjekta

- Ungdom i risiko
- Verdensdag for psykisk helse
- Ungdomskveld/julebord
- Synlighet for helsestasjon for ungdom.

## Jordmor, helsestasjon og skulehelsetenesta

### Korona

- Under nedstenginga i mars avga helsestasjon- og skulehelsetenesta personell til luftvegslegevakta, heimetenestene og Hå sjukeheim. Alle var tilbake i sine ordinære jobbar før sommarferien, eit par var tilbake etter sommarferien.
- I periodar har tenesta gjort tilpassingar som: heimebesøk gjennomført på helsestasjonen, barselgrupper har ikkje vorte gjennomført, timebestilling på helsestasjon for ungdom.
- Tenesta har til ei kvar tid følgd råd i nasjonal koronarettleiar.
- Tenesta har klart å oppretthalda eit forsvarleg tilbod til familiar og barn i Hå kommune.
- Helsestasjon og skulehelsetenesta har som tala under viser, hatt langt fleire telefonar i 2020 enn i 2019.

	2017	2018	2019	2020
Skulestartkontroll	305	217	230	337
Konsultasjonar	2 350	2 796	2 767	2 699
<b>Telefonkonsultasjonar</b>	<b>1 254</b>	<b>1 205</b>	<b>1 363</b>	<b>1 507</b>

Kva har tenesta gjort av nye ting i 2020?

- I gang med TIBIR (tidlig innsats barn i risiko) – opplæring.
- Satt i gang kompetanseheving helsestasjon for ungdom.
- Tenesta har vorte del av koordinerande enhet og har hatt sine fyrste saker der.
- Jobba aktivt for å ta initiativ til tidlegare tverrfagleg innsats i enkeltsaker.

### Svangerskapsomsorga

tilbyr konsultasjonar både hjå jordmor og fastlege. I 2020 har 192 nye gravide vore til konsultasjon hjå jordmor (240 i 2019). Det er fødd 258 barn i kommunen i 2020 (247 i 2019). Jordmødrene tilbyr tidleg heimebesøk til dei som har født, og gjennomførte i 2020 totalt 117 slike heimebesøk (148 i 2019). Jordmødrene har eige fagteam.

### Helsestasjonen

tilbyr faste konsultasjonar for alle barn mellom 0 – 5 år. Den fyrste konsultasjonen er eit heimebesøk. I 2020 fekk 234 barn og foreldra deira besøk av helsesjukepleiar heime (241 i 2019). Totalt har helsestasjonane gjennomført 11472 helsekontrollar i 2020 (9672 i 2019). Av desse kontrollane var 1108 ekstrakonsultasjonar (1423 i 2019), det vil seie konsultasjonar som kjem i tillegg til det ordinære helsestasjonsprogrammet. I tillegg vart det gjennomført 203 (435) ikkje-planlagde konsultasjonar og 2015 (1569) telefonkonsultasjonar. Helsestasjonane er med i ressursgrupper i alle barnehagane i kommunen. Dei som arbeider i helsestasjon 0 – 5 har eige fagteam for å sikra kvalitet i tenesta.

### Skulehelsetenesta

er tilgjengeleg på alle skulane i kommunen. Det vert gitt vaksine i 2., 5., 6., 7. og 10. klasse. Russen på Tryggheim vidaregåande skule får også tilbod om vaksineringskvart år. Helsesjukepleiar deltek på foreldremøte og i ressursgrupper på alle skulane i kommunen. Tenesta tilbyr kosthaldsundervisning for alle elevar i 1. klasse, måling av høgde og vekt i 3. klasse, pubertetsundervisning i 5. og 9. klasse og helsesamtale med alle elevar i 8. klasse. Mange av desse tiltaka fører til oppfølging i etterkant. Skulehelsetenesta tilbyr i tillegg drop-in for elevar, individuelle samtalar, rettleiing av foreldre og andre

tiltak i samarbeid med skulane i kommunen. Skulehelsetenesta har eige fagteam for å sikra kvalitet i tenesta. Det vert også gjennomført individuell rettleiing av tilsette.

Tabellen under syner talet på skulestartkontrollar og eit utval konsultasjonar i skulehelsetenesta:

	2017	2018	2019	2020
Skulestartkontroll	305	217	230	337
Konsultasjonar	2 350	2 796	2 767	2 699
<b>Telefonkonsultasjonar</b>	<b>1 254</b>	<b>1 205</b>	<b>1 363</b>	<b>1 507</b>

Tenesta tilbyr **reisevaksine**. I 2020 er det gitt reisevaksine til 151 personar (501 i 2019). Det har vore totalt 209 reisevaksinekonsultasjonar (713 i 2019).

### Helsetasjon for ungdom (HFU)

Kommunen har HFU både på Nærbø og på Vigrestad. Tilbodet er for ungdom mellom 13 og 20 år og er ope 2 timar i veka på Nærbø, og 1,5 time annan kvar veke på Vigrestad. HPV-vaksineringa vart ferdig i 2019. Tabellen under syner talet på konsultasjonar på HFU.

	Nærbø			Vigrestad		
	2018	2019	2020	2018	2019	2020
HVP - vaksinering	237	110	-	43	19	-
<b>Ordinære konsultasjonar</b>	<b>246</b>	<b>247</b>	<b>188</b>	<b>3</b>	<b>7</b>	<b>2</b>

Dei fleste som nyttar helsetasjon for ungdom er mellom 16 – 21 år.

Helsetasjonen leverer tenester til **Hå mottaksenter**. Helsesjukepleiar har ansvar for barn mellom 0 og 16 år, totalt 33 barn i løpet av 2020 (36 i 2019).

### Barnevern

Det er godt samarbeid mellom barneverntenesta og dei andre aktørane som arbeider for barn og unge. Det er utvikla gode rutinar for å ivareta barn der det er mistanke om vold. I praksis ser me at dette fungerer godt. Tala syner at det er ei markant endring i mottatte bekymringsmeldingar. Ei av årsakene til dette er at rutinane for registrering av meldingar er endra, men me ser også at fleire barn treng hjelp av barnevernet. Det vert arbeidd kontinuerleg med at dei rette sakene skal koma barneverntenesta i hende, og me ser at godt samarbeid mellom dei ulike aktørane bidreg til dette.

Alle innkomne meldingar er behandla innan fristane. Barnverntenesta i Hå har fokus på godt fagleg arbeid, godt samarbeid og relasjonar med alle involverte. Hovudfokuset er sjølvstøtt å sikra at barn får god og forsvarleg hjelp i eigen heim. Når det er nødvendig at barn vert plassert ut av heimen, vert det fokusert på tett oppfølging både med biologisk familie og fosterheimen. Også her er samarbeid i høgsetet for å sikra at barnet dreg nytta av omsorga i ny heim.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Bekymringsmeldingar *	324	235	324	254	277	237	452
Nye undersøkingar	228	207	260	212	246	204	242
Avslutta undersøkingar	189	227	242	239	221	109	145
<b>Henlagte undersøkingar</b>	<b>113</b>	<b>121</b>	<b>136</b>	<b>140</b>	<b>143</b>	<b>115</b>	<b>135</b>

\* I tillegg kjem meldingar i opne og bortlagte saker

## Hå kommune årsmelding og -rekneskap 2020

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Barn i hjelpetiltak	98	113	145	131	140	153	209
Barn i institusjon, utan samtykke	0	1	1	1	2	1	0
Barn i institusjon, med samtykke	1	0	0	1	1	1	1
Midlertidig vedtak i akutt situasjon	5	6	8	6	7	6	1
Fosterbarn kommunen har tilsynsansvar for (plassert av andre kommunar + Hå)	75	73	78	98	77	65	59
<b>Barn plassert i fosterheim frå Hå</b>	<b>25</b>	<b>26</b>	<b>41*</b>	<b>45</b>	<b>51</b>	<b>30</b>	<b>37</b>

\* Inkludert 2 einslege mindreårige (EM)

### Omsorgstenesta

Me held fram med satsinga på reforma «leve hele livet», som skal bidra til at eldre kan meistra livet lenger. Buavdelingane ved Hå sjukeheim er i gang med sertifisering til «livsgledehem». Eldre skal ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei treng det, at pårørande kan bidra utan at dei vert utslitt, og at tilsette kan bruka sin kompetanse i tenestene. Hovudfokuset i stortingsmeldinga er å skapa eit meir aldersvennleg Norge og finna nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene.

Pleie- og omsorgstenesta har tatt imot alle pasientar frå sjukehuset som er klare til utskrivning. Fagteama fungerer tilfredsstillande, og det er god flyt mellom dei ulike tenestene. Samarbeid både mellom sjukehus og andre tenestemråde i kommunen er i fokus.

Avtalen med Telenor om handtering av kommunen sine tryggleiksalarmar fungerer godt, og samarbeidet med Kristiansand responscenter er bra. Me har ikkje fått negativ tilbakemelding frå brukarar av denne tenesta.

Hå kommune er med i «velferdsteknologiprojektet Sør Rogaland» som er ein del av Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Målet med projektet er at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av det kommunale tenestetilbodet i helse- og omsorg i Sør-Rogaland for at innbyggjarane skal kunna bu lengst mogleg i eigen heim, og at ressursane i helse- og omsorgstenestene skal nyttast mest mogleg effektivt. Hå kommune har innført elektroniske medisindispensarar i eitt heimetenestedistrikt, og vil vidareføra dette arbeidet til dei to andre distrikta. Me vil sjå på moglegheit for å ta i bruk lokaliseringsteknologi og har testa ut nokre klokke med GPS-funksjon, men det står framleis att ein del arbeid med dette. Me arbeider med anbud på nytt pasientvarslingsanlegg, noko som vil gje auka moglegheit for velferdsteknologiske løysingar på sjukeheimane og i omsorgsbustadar.

Ein del av dei tilsette har og deltatt i "Velferdsteknologiens ABC" som er eit opplæringsprogram frå KS.

Samarbeidet med frivilligenheten omkring ulike aktivitetar for bebuarane har vorte tett og fungert godt. Spesielt viktig har bidraget frå frivillige besøksvertar vore i denne tida.

## Heimetenesta

Tabellen under syner talet på brukarar som har fått tildelt tenesta heimesjukepleie og praktisk bistand for heile året.

	2016	2017	2018	2019	2020
Heimesjukepleie	358	400	414	406	447
<b>Praktisk bistand</b>	<b>238</b>	<b>231</b>	<b>221</b>	<b>215</b>	<b>194</b>

## Institusjon

Tabellen under syner talet på personar som har hatt tenester på sjukeheim (Hå sjukeheim og Klokkarhagen sjukeheim) i løpet av året.

	2016	2017	2018	2019	2020
Langtid	149	154	148	132	155
Avlastning	13	12	19	15	13
Avslag søknadar langtidsplass	3	1	4	8	7
Klagar avslag søknad om langtidsplass	-	1	5	2	1
<b>Snitt butid langtidsplass*</b>	<b>2,9 år</b>	<b>2,5 år</b>	<b>1,9 år</b>	<b>2,9 år</b>	<b>2,1 år</b>

\* Klokkarhagen og 1. avd. Hå sjukeheim er ikkje rekna med.

Per 31.12.2020 var det 5 personar på ventelista på sjukeheimen.

169 personar har hatt korttidsopphald i løpet av året, samanlikna med 144 året før.

Det har vore 191 innleggingar i 2020 ved øyeblikkeleg hjelp totalt mot 138 i 2019. Gjennomsnitt liggedøgn har vore 2,7 dagar. Tala for tenesta øyeblikkeleg hjelp vil for 2020 vera mindre detaljerte enn førre år. Dette er på grunn av at rapporteringa til Helsedirektoratet, kor desse tala vart henta frå, ikkje skulle hentast inn på grunn av koronasituasjonen.

98 personar har mottatt lindrande behandling, mot 85 i 2019.

Tenesteområdet sine dagavdelingar for eldre gjer aktivitetstilbod og fungerer samstundes som avlastning for pårørande, heimetenesta og institusjonane. Totalt 128 personar har hatt vedtak om tenesta, mot 114 i 2019.

Dagsentera vart stengt ned med den store nedstenginga 12.mars. Ein starta opp tilbodet gradvis frå 7.mai, først ved eit senter som tok i mot frå heile kommunen (på Nærbø). Ein brukte då ein tilsett frå kvart av dagsentera, som arbeida utelukkande med dette. Tilbodet vart gitt til nokre få i frå kvar bygd, utvald etter kven ein såg hadde størst problem med å berre vera heime. Dei som vart vurderte til å ha størst behov fekk tilbod, med bakgrunn i tilbagemeldingar frå heimetenestene. Ved oppstart av tilbodet igjen, la ein vekt på å utarbeida gode rutine for smittevern.

Frå 8.juni opna ein alle dagsentera, og har så mange brukarar kvar dag som me fysisk kan ta inn av smittevernsomsyn. Det er nå slik at alle får eit tilbod, om enn noko redusert.

## Kvardagsrehabiliteringa

Frå mars vart tenesta utvida med eit ekstra årsverk. Tenesta vart stengt ned frå mars til medio mai, og dei tilsette omplassert. Trass i at tilbodet dessverre tok pause, er vi heldige som fekk nye erfaringar og innsikt frå andre tenester i kommunen.

Sjølv med pandemiavbrudd, har kvardagsrehabilitering fått auke i talet på tilvisingar i 2020.

År	Talet på tilvisingar	Innvilga
2015	13	9
2016	78	32 (41%)
2017	65	39 (60%)
2018	76	45 (59%)
2019	101	70 (69%)
<b>2020</b>	<b>111</b>	<b>78 (70%)</b>

- Gjennomsnittsalderen på søkjarane er 79 år.
- 44 % bur i distrikt Nærbø, 25 % Varhaug og 31 % Vigrestad, Oгна og Sirevåg.
- Omlag 50 % vert tilvist frå korttidsavdelinga, medan resten av tilvisingane er jamt fordelt mellom spesialisthelsetenesta, heimetenesta, fastlege og «andre» (søkja sjølv, familie, o.a)

Talet på menn som søker har auka frå 35 % i 2018 og 2019 til 44 % i 2020.

Kvardagsrehabilitering består nå av 2,5 årsverk. 50 % sjukepleiar, 100 % ergoterapeut og 100 % fysioterapeut. Utvidinga på eit årsverk gjer tenesta mindre sårbar, betre flyt og liten grad av avlyste planlagde avtalar.

## Funksjonshemma

Implementering av Aktiv Støtte har i 2020 starta på leiarnivå i eining for funksjonshemma. Situasjonen med pandemien har forsinka prosessen noko, men i løpet av 2021 er målet at miljøterapeutane skal verta i stand til å ta i bruk rammeverket i avdelingane saman med resten av personalet.

Behova hjå brukarane er samansette og til dels komplekse.

### Heimebuande funksjonshemma – i hovudsak barn og unge, men også vaksne

Avlastning vert gitt for å avlasta foreldre med eit særst tyngande omsorgsansvar. Tenesta vert gitt i private heimar, eller i Blåbærtua avlastningsbustad.

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg bistand for personar med nedsett funksjonsevne og stort hjelpebehov. Av 6 som har tenesta, er det 3 vaksne og 3 barn. Ein av desse vart avslutta i juni.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Blåbærtua – brukarar	14	15	17	17	20	15	19
Blåbærtua avlasting døgn	936	1 024	1 135	1 127	934	913	717
Privat avlasting	27	36	36	39	38	39	35
Støttekontakt		114	118	97	109	122	105
Omsorgsstønad – personar	21	22	18	17	17	22	20
<b>Brukarstyrd personleg ass (BPA)</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>

I 2020 var det 11 (15) barn og unge som fekk døgnopphald i Blåbærbua og 8 barn og unge som berre fekk timebasert opphald eller berre sommaravlastning.

	2017	2018	2019	2020
Antal brukarar med ein eller fleire tenester	160	183	197	178
Tal på personar som har fått avslag på ein eller fleire tenester	12	16	25	18

**\* Nedgang i tal på personar kan skuldast ny rapportmodul i fagsystemet**

Det er tradisjonelt mykje kontakt mellom rådgivar og pårørande, brukarar, støttekontaktar og avlastarar, samt interne og eksterne instansar. Dette aukar proporsjonalt med talet på brukarar. Det siste året har det også vore stor pågang av personar som tek kontakt for å få rettleiing av kva tenester som finns i kommunen, og korleis koma i kontakt med NAV og 2. linetenesta. Dette gjeld både kjente pårørande og personar som ikkje tek imot tenester.

### Avlastningsbustad

Ein ny avlastningsbustad er under planlegging, og er forventa ferdig hausten 2021. I avlastningsbustad gjev me tenester til barn og unge med utviklingshemming og/eller samansette funksjonsvanskar med behov for mykje tilsyn og oppfølging.

### Aktiviteten

Aktiviteten er eit dagsenteret for personar med utviklingshemming. Her er det eit godt og variert tilbod. Tenesta er utadretta, og tek mellom anna småoppdrag for enkelte næringslivsaktørar i Hå. Grøn omsorg er integrert i tenesta. 26 personar nytta denne tenesta i året som gjekk som i 2019. Det er ein auke i unge utviklingshemma som vil ha behov for dagtilbod nå når dei avsluttar vidaregåande skule. Dette gjer at eit meir tilpassa opplegg til unge brukarar vert meir aktuelt i tida framover.

### Omsorgsbustader

Kommunen har no 9 bufellesskap med til saman 56 leilegheiter. 6 av 9 bufellesskap har døgnbemanning.

I 2020 flytta 2 personar inn i leilegheit, mot 5 i 2019. Kommunen har i dag 3 barnebustader som er det same som i 2019.

10 personar bur i bustad utan personalbase. Dei tek imot tenester frå nærliggjande bufellesskap. Dette var 11 i 2019.

### Frivilligheten

Frivilligheten arbeider etter «Plan for frivillig arbeid». Planen inneheld ulike mål og tiltak for å sikra at det frivillige arbeidet i heile kommunen vert utvikla.

Frivilligkoordinator deltek i nettverk for frivilligsentralar i Sør – Rogaland. Leiar frivilligheten er med i styret til Frivillig Norge Rogaland.

I 2020 nominerte me kommunen til prisen som Årets Frivilligkommune. Me kom på pallen og var ein av tre kommunar i landet som stod att til slutt.

## Korona

Samarbeidet mellom kommunen og frivillige har vore enorm under den pågåande korona-pandemien. Frivillige har eit sterkt ynskje om å bidra og me har saman jobba fram mange tiltak som er innbyggjarane i Hå til gode. Desse tiltaka er sett i gang på grunn av pandemien og i samarbeid med frivillige:

- Besøksvertar på Hå sjukeheim.
- Parkeringsvakter luftvegslegevakta.
- Sjøførar – levering av prøvar frå luftvegslegevakta til SUS.
- Sjøførar – arbeidstøy i heimetenestene og institusjonar.
- Handlehjelp til einslege, eldre og sjuke.
- Kjøring – mellom anna henta innbyggjarar som hadde utfordringar med å koma seg heim etter sommarferien.
- Sy gruppe – munnbind og stellefrakkar.
- Utdeling av mat i påsken.
- Turvenn på Hå Sjukeheim.

## Ta vare på, styrka og anerkjenna det frivillige arbeidet

Det er gjort ulike tiltak for å nå dette målet i planen. Dei viktigaste tiltaka og arrangementa i 2020 er:

- Møter i frivilligrådet.
- Frivilligprisen – gjekk til Ønsketransporten.
- Planlagt frivilligbørs som måtte avlysast.
- Markering frivillighetens dag 5.12 – blomeutdeling og merksemd i sosiale medier.
- Deltaking på fellesarrangement i Rogaland for å markera frivillighetens dag.
- Opna kafé i frivilligsentralen sine lokalar.
- Markering av frivillighetens dag 5.12 – blomeutdeling og merksemd i sosiale medium.
- Leiar har hatt innlegg om arbeidet i Hå på konferansar i regi av Statsforvaltaren og KS.

Frivilligkoordinator har i tillegg delteke på mange arrangement og møtt mange frivillige i løpet av året.

## Gjera lokal og utstyr tilgjengeleg for dei frivillige

Me arbeider tett med servicetorget for å sikra dette. Kommunale bygg vert leigd ut gratis til frivillige lag og organisasjonar. Skular, fleirbrukshallar, kulturbygg, velferdssenter og kantiner er opne for, og legg til rette for, at lag og foreiningar skal ha gode og praktiske lokale for verksemda si.

## Utvikla samarbeidet mellom frivillige og kommunale tenester

I 2020 har desse prosjekta/tiltaka vore prioritert:

**Livsgledehem** – Hå sjukeheim. Samarbeidsprosjekt mellom Hå sjukeheim og frivilligheten for å oppfylle mange av krava i Leve hele Livet og verdighetsforskrifta. I 2020 har me hatt desse Livsglede – arrangementa:

- Påskekonsert på parkeringsplassen – samarbeid med Martin og Grete Våland, næringslivet og frivillige.
- Russetreff på parkeringsplassen i mai.
- Utekonsert med Martin og Grete Våland i juni.
- Sommarfest for bebuarane – samarbeid med ungdomsgruppa på Varhaug bedehus.
- Utekonsert med Kjell Elvis – samarbeid med pårørende, næringslivet og Nærbø Sanitetsforening.
- Laga film frå Hå sjukeheim til Nærbø idrettslag då dei var i cupfinalen.

- Lysfest i samarbeid med pensjonistforeninga, lag og organisasjonar og næringslivet på Nærbø.

**Kafé/møteplass i Nærbøparken** – denne opna i 2020. Det har i periodar vore stengt på grunn av korona og fugleinfluenta. I dei periodane tilbodet har vore ope, har det vore veldig populært. Det er arrangert to utekonsertar i parken saman med Nærbø skulekorps og Nærbø musikk- korps.

**Digihjelp** – prosjekt i samarbeid med IT – avdelinga, servicetorget og biblioteka. Målet er å styrka innbygarane sin digitale kompetanse. Samarbeidet er utvida til å inkludera Flyktingenheten. Me har digi – drop in i Nærbøparken og på biblioteket på Nærbø.

**Barn i juli** – samarbeidsprosjekt mellom Nærbø Sanitetsforening og Kulturskulen.

**TV – aksjonen** – samarbeid med frivillige, politikarar og organisasjonar.

## Psykisk helse og rusvern

Hovudfokus i avdeling psykisk helse og rusvern har i 2020 vore etablering av Ungdomsteamet, digitalisera og vidareutvikling av TUNET brukarstyrt senter.

### Heimetenesta

Talet på tilvisingar som fører til kartlegging i avdelinga si heimeteneste\* aukar framleis. Tabellen under viser utviklinga dei siste 4 åra:

	2017	2018	2019	2020
Psykisk heimeteneste	222	262	312	323

\*Heimetenesta er psykisk helse og rusvern for dei som bur i heile kommunen, utanom Klokkartunet.

Talet på brukarar som får individuelle tenester samtidig, stig og framleis. For å handtera auken i talet på henvendingar er tenestene meir målretta, meir digitale og vert gitt i eit kortare tidsrom enn før.

	2017	2018	2019	2020
Individuelle tenester	174	178	191	224

Det er psykisk helsearbeid som aukar mest. Auken skjer hovudsakeleg i tenester til personar med milde og milde moderate psykiske helseplager. For rusvern er talet rimeleg stabilt. Me ser likevel ei auke i aldersgruppa 18-23 år generelt.

Satsinga på det digitale verktøyet for å måla relasjon og betring (FIT) hjå brukarane er vidareutvikla og forsterka i 2020. Med støtte frå Statsforvaltaren i Rogaland er det gjennomført endå meir målretta opplæring og vegleiing.

Heimetenesta har i 2020 gjennomført kurs i belastningsmeistring (KiB) for 17 personar. (38 i 2019) 34 personar har deltatt på Tankeviruskurs i 2020 (40 i 2019) På grunn av pandemien har tenesta i periodar ikkje kunne tilby kurs.

115 personar har teke i bruk tenesta Assistert sjølvhjelp i 2020, mot 110 personar i 2019.

Hausten 2020 tok heimetenesta over hovudansvaret for utdeling av LAR-medisinar (Legemiddelassistert rusvernbehandling). Frå november vart ansvaret for psykisk helsearbeid for bebuarane ved Nærland mottak tilbakeført frå Jæren DPS til heimetenesta. Desse to ansvarsområda har vore spennande og stimulerenda for avdelinga.

På grunn av fleire oppgåver og fleire brukarar er kapasiteten sett under press. Spesielt hausten 2020 har vore utfordrande med stor auke i arbeidsmengd i kombinasjon med pandemien me er i. Videokonsultasjonar har vore eit godt hjelpemiddel.

### Ungdomsteamet i heimetenesta

Ungdomsteamet starta opp som prosjekt ungdom og rus sommaren 2018 i tråd med kommunen sin rusvernplan og den statlege opptrappingsplanen for rusfeltet. Rekrutteringa av brukarar er framleis god. Med støtte frå opptrappingsplanen auka teamet frå 1 til 2 årsverk frå august 2020. Talet på brukarar har auka tilsvarande, ved årsskiftet gav teamet individuelle tenester til 34 ungdommar. Totalt har temaet gitt tenester til 60 ungdommar i løpet av 2020. Teamet bidreg også i ulike gruppe- og undervisningsaktivitetar.

Med namnebytet har teamet utvida målgruppa. Teamet arbeider spesielt tett opp mot ungdom som står i fare for å droppa ut av skule, tiltak, lære eller arbeid. Me ser at risikoen stig raskt for dei som ikkje har struktur og innhald i kvardagen sin. Samarbeid med andre avdelingar, både i og utanfor kommunen, er godt og avgjerande for at teamet lukkast. I august gjennomførte me difor eit seminar med fokus på samordning og samarbeid. Det har vore retningsgjevande for vidareutviklinga av teamet.

### Tunet Brukarstyrt senter

Tunet har i 2020 hatt stor auke i arbeid og aktivitetar, til tross for pandemien. For senteret har pandemien i sum skapt nye aktivitetar, nye prosjekt og fleire brukarar.

Då Norge stengte ned i mars tok ei gruppe av brukarane initiativ til å lage middag og køyre ut til brukarane. Dette utvikla seg til eit samarbeid med Matsentralen, og matposar til 30 brukarar med svak økonomi vert nok køyrt ut kvar veke. I tillegg har brukarane som har ansvar for kaféen fått avtale med lokale daglegvarebutikkar om å få overskotsmat. Kaféen sel i snitt 20 middagar 6 dagar i veka.

«Prosjekt arbeid» som vart starta i 2018, har nå 13 deltakarar, dei utfører i snitt 65 dagsverk i månaden. Fram mot årsskiftet planlegg brukarane å starta opp catering, og har tatt kurs i regi av mattilsynet i Rogaland.

Tunet har eit brukarstyre på 5 personar. Brukarstyret har ansvar for deler av økonomien og alle aktivitetar utanom «prosjekt arbeid».

### Vinkelbygget

Året under eitt fekk 21 personar opphald i 2020. Av dei var 5 interkommunale opphald og 7 langtidsopphald. 9 (8) personar har fått totalt 19 (25) mellombels opphald, øyeblikkeleg hjelp plass, i 2020. Vinkelbygget gav i tillegg tenester til 2 einetiltak (personar i kommunale bustader) knytt til institusjonen, Klokkartunet 38 og Klokkartunet 40. Desse har og medikamenthandtering (på ansvarsoverføring frå lege) frå Vinkelbygget. Det er auka etterspurnad etter korttidsopphald frå andre deler av tenesteområdet og frå fastlegetenesta.

### Hybelhuset

15 personar har hatt bustad i Hybelhuset i 2020, det same som i 2019. 7 (6) personar har hatt 7 (6) opphald på krisehybel i 2020.

### Familiesenteret

Familiesenteret har i 2020 ytt tenester til totalt 299 (332 i 2019) personar, der 61 er barn og unge i alderen 6 - 17 år og 238 vaksne over 18 år. Det er gitt 101 barn og unge tenester (116 i 2019) psykisk helse til barn og unge og 200 (216 i 2019) er gitt foreldrerettleing.

## Hå kommune årsmelding og -rekneskap 2020

Familiesenteret har hatt 245 henvendingar, av desse er 148 nye henvendingar og 97 er re-inntak.

De er gitt fire ulike gruppetilbod på familiesenteret i 2020:

- Til foreldre i Circle of Security Parenting, to grupper, totalt 14 (21 stk. 2019)
- Til foreldre med engstelige barn, to grupper: totalt 12 (7 stk. 2019)
- Til Foreldre som har barn i risiko for å utvikle atferdsvansker( TIBIR) 7 stk.
- Tankevirus for Ungdom; totalt 6 (5 stk. 2019)

### Flyktingenheten

I 2020 vart det busett 11 (19) personar, i tillegg til 7 på familiegjenforening (familiar og vaksne). I 2019 busette me ingen på familiegjenforening. Dei som vart busette i 2020 kom frå Afghanistan, Syria og Tyrkia. Ved utgangen av 2020 hadde me 45 (63) deltakarar i introduksjonsordninga. Dei kjem frå 8 forskjellige land. Omlag halvparten kjem frå Syria. Andre land er Eritrea, Somalia, Afghanistan, Irak, Etiopia, Kongo og Tyrkia.

I samband med pandemien har deltakarane i introduksjonsprogrammet veksle mellom heimeskule og vanleg skule. Hausten har for det meste vore vanleg skule.

### NAV/sosialtenesta

Tabellen under syner talet på stønadsmottakarar og fordeling på stønadstypar

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring
Økonomisk sosialhjelp	12 262 642	13 537 899	14 410 088	14 384 477	14 448 389	15 163 503	715 114
Sum stønadsmottakarar	324	308	404	389	369	395	26
Sosialhjelp flyktning (0-5 år)	3 972 049	5 369 250	6 561 258	6 291 272	4 681 538	4 200 622	-480 916
<b>Sum stønadsmottakarar</b>	<b>77</b>	<b>119</b>	<b>84</b>	<b>84</b>	<b>57</b>	<b>59</b>	<b>2</b>

	2017	2018	2019	2020	Endring
Antal mottakarar av økonomisk stønad	404	389	358	395	10,3 %
Av desse over 6 md	166	167	178	146	-18,0 %
Antal flyktinger	84	89	77	59	-23,4 %
Antal med økonomisk stønad som hovedinntektskilde	146	112	101	116	14,9 %
Av desse over 6 md	76	78	60	60	0,0 %
Mottakarar med forsørgelsesplikt for barn under 18 år i husholdningen	136	135	162	138	-14,8 %
Av desse over 6 md	75	76	86	80	-7,0 %
Av desse økonomisk stønad som hovedinntektskilde	22	24	34	26	-23,5 %
Unge mottakarar (under 25) av økonomisk stønad	94	100	80	79	-1,3 %
Antal nye mottakarar av økonomisk stønad	99	80	54	187	246,3 %
Antal i KVP (i løpet av året)	10	32	58	37	-36,2 %
Antal med § 17 vedtak (råd og veiledning)	80	107	295	79	-73,2 %
<b>Antal med § 27 vedtak (midlertidig bolig)</b>			<b>9</b>	<b>-</b>	<b>-100,0 %</b>

Antal med § 17 vedtak (råd og veiledning) har auka med 79% etter tilsyn frå Statsforvaltaren.

Det er gitt gjeldsrådgjeving til 145 personar i løpet av året, mot 140 i 2019.

I NAV Hå jobbar dei tilsette i 3 team som er Skaffe Arbeid, Behalde Arbeid, og Økonomiteamet. I Skaffe Arbeid har NAV Hå 3 grupper, ungdomsteam, 30+ og kvalifiseringsprogrammet (KVP). Dette har gjort at NAV Hå kan reindyrka oppfølging, og spesialisera kompetanseområda sine.

## Sosialhjelp

NAV har luktast med å få fleire langtidsmottakarar ut i yrkesretta aktivitet, auka er mindre enn forventa på grunn av Covid 19 og mindre tilgang på arbeidsgjevarar. NAV jobbar tett opp mot småbarnsfamiliar som er sosialhjelpsmottakarar. Vi ser at dette fører fram og at fleire kjem ut i yrkesretta aktivitet og ut i arbeid. Aktivitetsplikt for ungdom og aktivitetskrav generelt er med på å fleire personar ut i yrkesretta aktivitet og arbeid.

## KVP (Kvalifiseringsprogrammet)

2020 har vore eit spesielt år med liten moglegheit til å få brukarar inn i KVP med mål om arbeid. Nedgangen i personar på KVP har vore markant og på grunn av Covid 19 har det vore vanskeleg å gjennomføra program. Totalt har 56 personar gjennom året vore ein del av KVP programmet, same tal som ved utgangen av 2019.

På grunn av «forskrift for bruk av midlertidig stans», vil det påverka når me får resultat og svara for alle deltakarane. Me har difor ikkje oversikt over tal på alle som har stopp i mottak av KVP og årsaka for dette. Deltakarar skal ikkje ha varig stopp før eit år etter at dei har fått midlertidig stopp.

Pr. 31. desember 2020 er 19 KVP deltakarar i midlertidig stopp. Direkte årsak for stopp i denne gruppa er Covid 19. (5 av dei 19 har midlertidig stans på grunn av arbeid). Vegleiar arbeider tett med dei resterande 14 for at dei igjen skal oppfylle vilkåra for Kvalifiseringsprogram eller koma i arbeid.

Etter avslutta KVP gjekk deltagarane ut til følgjande:

	2019		2020	
	Antal	Effekt avslutta	Antal	Effekt avslutta
Arbeid	9	56,3 %	9	47,4 %
Flytta	2	12,5 %	2	10,5 %
Avklart til AAP eller uføretrygd	4	25,0 %	5	26,3 %
Fengsel	1	6,3 %	3	15,8 %
<b>Totalt</b>	<b>16</b>		<b>19</b>	

## Arbeidsløyse og uføre (tal frå desember 2020):

Heilt ledige i Hå har steget frå 2,1 % i 2019 til 2,8 % i 2020. Auken i Hå er ikkje like høg som resten av fylket og landsgjennomsnittet som har gått frå 2,6 % og 2,7 % til 3,5 % og 3,8 %. Andel mottakarar med Arbeidsavklaringspengar AAP har auka frå 2,9 % i 2019 til 3,1 % pr. des 2020. Det ligg framleis under landsgjennomsnittet på 3,4 % (Rogaland 3,3 %).

Andel på uføretrygd har gått frå 9,5 % i 2019 til 9,6 % i 2020. Her ligg me godt over Rogaland på 8,8 %, men under landsgjennomsnittet på 10,3 %.

## Unge under 30 år

Ved utgangen av 2020 har Hå 85 heilt ledige ungdommar, noko som utgjør 2,9 % av den unge arbeidsstyrken. Tilsvarende for Rogaland er 3,4 %. Tala er meir nedslåande for unge med nedsett arbeidsevne i Hå. Her har det vore ei aukande trend, og andelen på 3,7 % ligg høgare enn fylket og landsgjennomsnittet som har 3,2 % og 3,1 %.

### Unge under 30 år med rett til AAP (arbeidsavklaringspengar)

	des.20	des.19	des.18
Antall unge under 30 år med rett på AAP i Hå	106	100	80
Gjennomsnitt i % av befolkning under 30 år for Hå	3,7 %	3,5 %	2,7 %
Gjennomsnitt i % av befolkning under 30 år for Rogaland	3,1 %	3,0 %	2,9 %
<b>Gjennomsnitt i % av befolkning under 30 år for Norge</b>	<b>3,2 %</b>	<b>2,9 %</b>	<b>2,9 %</b>

Hå har hatt ei auke på 6 unge uføre i 2020, noko som utgjør ei auke frå 2,2% til 2,4%. Tilsvarende for fylket og landet er 2,5% for både. Sjølv om Hå har ein mindre andel på uføretrygd, så har me no ein større andel på arbeidsavklaringspengar. Dette viser at me framover må styrka innsatsen vår for dei unge med nedsett arbeidsevne for å sikra at dei får ei tilknytning til arbeidslivet.

Vedlikehaldsverkstaden har utført arbeid på oppdrag av tenesteområda i kommunen. Det har vore god tilgang på arbeidsoppgåver. På grunn av Covid-19 vart alle tiltak sett på vent i ein periode. NAV har fått innvilga prosjektmidlar til å gjennomføra eit avklaringsiltak på Vedlikehaldsverkstaden i tillegg til tiltaket som i dag i hovudsak tek inn personar som må ha aktivitetsplikt. På grunn av Covid-19 har det vore ein del færre personar på Vedlikehaldsverkstaden i 2020. Når Covid-19 tiltaka lettar igjen er vi klar for å starta opp nytt tiltak.

## Andre tenester

Kjøkkenet ved Hå sjukeheim lager ca. 5000 middagar kvar månad mot 6000 i 2019. Nedgangen skuldast nok i stor grad pandemien. Heimebuande kan abonnera på mat levert på 3 ulike alternativ: 3, 6 eller 7 dagar kvar veke.

Vaskeriet har hatt eit spesielt år med mykje tekstilar som skal behandlast. Me har tatt imot arbeidskraft frå flyktningeenheten, frå Hå Mottak, NAV og personar i praksis, som har vore til god hjelp.

Tenesteområdet hadde pr 31.12.2020 59 bilar, mot 58 bilar i 2019. Det er kjøpt 4 nye bilar og 3 er kondemnert.

## Sjukefråvær

Fråvær	Egenmeldt	Legemeldt	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,77 %	5,38 %	6,15 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,05 %	6,11 %	7,16 %

Også i 2020 har me hatt fokus på sjukefråvær. «Sterkare tilbake» som vart starta sommaren 2019 er vidareført.

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året	
	Godkjent løyving	Påløpt totalt	Total prognose	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
Hybelhus	21 600	1 542	21 600	2022	2 000	1 056
Møbler sjukeheimen	Ikkje rel.	833	833	2020	0	562
Nytt nøkkelsystem hjemmesykepleien	Ikkje rel.	1 078	1 119	2020	0	189
Ombygging Heimtun	6 600	961	4 600	2021	2 600	839
Opprusting Jadarvegen 5	2 100	2 639	2 673	2021	2 100	2 639
Personbil	Ikkje rel.	2 160	2 517	2025	1 500	798
Påbygg Hå sykehjem	Ikkje rel.	159 368	223 454	2021	0	1 314
Riving Langaberget 7&11 Oгна	1 000	615	615	2021	1 000	615
Skjeraberget avlastingsbustad for barn	37 500	6 596	37 500	2022	7 000	5 647
Tiltak helsebygg	Ikkje rel.	3 862	4 208	LØPANDE	2 500	3 838
Sum øvrige prosjekt		5 368	5 526			1 706
<b>Sum</b>	<b>68 800</b>	<b>185 529</b>	<b>311 351</b>		<b>18 700</b>	<b>19 203</b>

## Statustekst investeringar

### Hybelhus

Det er løyvd totalt 21,6 mill.kr til rehabilitering av Hybelhuset og Byggefirma O. Torjussen og sønner er vald som GE for oppdraget. FS. sak 096.20. Kontrakt blei signert 09.11.20. Søknads og prosjekteringsarbeid blei satt i gang i løpet av 2020. Dei fysiske arbeida ved Hybelhuset er planlagd påbegynt februar 2021. Prognosar syner kostnader innanfor vedteken ramme.

### Ombygging Heimtun

Det er løyvd totalt 6,6 mill.kr til ombygging av Heimtun. FS. sak 067/20. I løpet av 2020 er prosessar knytt til søknader og anbud gjennomført. Dei fysiske byggearbeida startar opp rett utpå nyåret og er planlagd ferdigstilt i april - mai 2021. Prognosane syner kostnader innafor vedteken ramme.

### Opprusting Jadarvegen 5

I økononiplan 2020-2023, kommunestyresak 103/19, blei det vedteke at det gamle kommunehuset på Nærbo, Jadarvegen 5, skal opprustast med nye vindauge og oppussing av fasadane. Det vart løyvd totalt 2,1 mill.kr til arbeida som blei utført og ferdigstilt i løpet av 2020. Prognosane synar eit meirforbruk på omlag 0,5 mill.kr

### Påbygg Hå sykehjem

Påbygg Hå sjukeheim blei ferdigstilt i mars 2019. Mindre arbeider, innreguleringar og prøvedrift har pågått i heile 2020. Det er løyvd 157,5 mill.kr til påbygget. Prognosen synar at prosjektet vil gå med eit mindre meirforbruk.

### Riving Langaberget 7&11 Oгна

I 2020 vart Langaberget 7 & 11 sanert i henhold til vedteken plan og med totalkostnader innanfor den vedteke rammen.

### Skjeraberget avlastingsbustad for barn

I kommunestyret, sak 041/20, vart Jætre AS vald som totalentreprenør for prosjektet. Arbeida er påbegynt. Det er løyvd totalt 37,5 mill.kr til Skjeraberget. Prosjektet har fått tilsagn om husbankstøtte på

totalt 13,17 mill.kr. Førebelse prognosar synar kostnader innanfor vedteken ramme. Skjeraberget avlastningsbustad er planlagd ferdigstilt i 2021.

### **Tiltak helsebygg**

Det er i 2020 brukt omlag 3,83 mill.kr til tiltak helsebygg. Fleire av kommunens helsebygg har fått nausynt oppgradering, til dømes fleire av dei kommunale utleigeboligane.

### **Kva kan gjerast betre?**

- Legga til rette for at eldre kan bu lenger heime med fokus på mestring og kvardagsrehabilitering. Sikra omlegging frå institusjonsbasert omsorg til omsorg i heimen i tråd med kvalitetsreforma «leve hele livet».
- Frivillig arbeid vert ein stadig viktigare del av det kommunale tenestetilbodet, spesielt innafor aktivisering av eldre og funksjonshemma. Me må difor fortsetta aktivitetsauken i Frivilligsentralen i tråd med plan for frivillig arbeid.
- Barneverntenesta vil fortsatt jobba med enda meir treffsikre i tiltak.
- Fortsette digitaliseringa i helse og sosial. Både ta i bruk fagprogram, og sikre god kommunikasjon mellom dei.
- Meir velferdsteknologi inn i institusjonane, bufellesskapa og i heimane til brukarane.
- Kommunen må fortsetja arbeidet med å skaffa arbeid og integrera personar som fell utafor arbeidslivet.
- Fortsette arbeidet for at fleire funksjonshemma kan klara seg sjølv i eigen bustad.

## Kyrkjer og andre trossamfunn

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2020	Rev. bud. 2020
Kyrkjer og andre trossamfunn	14 353	15 344	15 205	15 205
<b>Sum</b>	<b>14 353</b>	<b>15 344</b>	<b>15 205</b>	<b>15 205</b>

### Kommentar til status økonomi

Netto resultat for "kyrkjer og andre trossamfunn" viser eit lite meirforbruk i forhold til budsjett. Dette skuldast at støtta til andre trossamfunn blei høgare enn budsjettet. Dette beløpet er vanskeleg å rekna ut - og frå 2021 får desse støtta si direkte frå staten og ikkje via kommunane.

Når det gjeld investeringar så er prosjektet "Bevaring gamle gravminne" ikkje kome igang. Grasklypparen der kyrkja har stått for innkjøp sjølv, kosta mindre enn budsjettet.

### Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året	
	Godkjent løyving	Påløpt totalt	Total prognose	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
Tiltak kyrkje	Ikkje rel.	7 637	7 637	2024	1 125	977
Sum øvrige prosjekt			202		438	202
<b>Sum</b>	<b>Ikkje rel.</b>	<b>7 637</b>	<b>7 840</b>		<b>1 563</b>	<b>1 180</b>

## Tekniske saker og næring

### Mål og prioriterte oppgaver

Tenestemrådet har som målsetting å vera samfunnsutviklar og leggja til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal vera overlevert i rett tid og innanfor godkjente budsjetttrammar. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2020	Rev. bud. 2020
Administrasjon Tekniske saker og næring	271	1 161	408	318
Samfunnsutvikling	6 282	7 404	7 655	7 440
Næring og utbygging	2 917	2 370	3 020	3 025
Landbruk og naturforvaltning	3 598	4 089	4 271	4 146
Samferdsel og grøntstruktur	28 692	34 143	33 486	34 161
Vatn, avløp og renovasjon	-2 387	51	-4 837	-5 265
Brann og feiing	10 129	9 906	10 070	9 938
<b>Sum</b>	<b>49 502</b>	<b>59 124</b>	<b>54 074</b>	<b>53 764</b>

### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019	Opph. bud.	Rev. bud.
Lønn	43 443	53 487	48 391	47 162
Refusjon lønn	-1 299	-987	0	-48
<b>Sum Lønn</b>	<b>42 144</b>	<b>52 500</b>	<b>48 391</b>	<b>47 115</b>
Drift	22 770	19 057	30 072	29 091
Kjøp av produksjon	44 563	39 793	43 224	43 224
Overføringer	8 208	5 472	6 654	6 704
Finansutgifter	47 020	33 452	30 167	33 132
<b>Sum Utgifter</b>	<b>122 561</b>	<b>97 774</b>	<b>110 116</b>	<b>112 150</b>
Brukerbetaling	-94 637	-87 609	-94 485	-94 485
Refusjoner	-7 880	-7 679	-3 843	-4 861
Overføringer	-1 522	-40	0	0
Finansinntekter	-1 542	-5 443	-6 105	-6 155
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-105 580</b>	<b>-100 771</b>	<b>-104 433</b>	<b>-105 501</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>59 124</b>	<b>49 502</b>	<b>54 074</b>	<b>53 764</b>

### Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet for tekniske saker og næring hadde eit avvik i forhold til budsjett på - 5,4 millionar kr.

Av dette utgjer sjølvkostområda ca. -5,2 millionar kr. Dette skuldast i hovudsak at me må setta av midlar til fond i staden for å bruke av fond slik det var budsjetttert. Me hadde lågare utgifter (drift), lågare kapitalutgifter og høgare inntekter enn budsjetttert. Lågare kapitalkostnadar/renter utgjer nesten 4,0

millionar kr. Grunnen til at sjølvkost var budsjettert med å gå med overskot, var inndekking av kalkulatoriske kapitalkostnader og at tilskott (til dømes frå NVE ) og justeringsavtalar blir handsama ulikt i kommunerekneskapen og i sjølvkostrekneskapen. Sjå note 14 til årsrekneskapen for sjølvkostrekneskapen.

Rekneskapen frårekna sjølvkosttenestane, syner eit meirforbruk på ca. 0,2 millionar kr. Meirforbruket skuldast blant anna at løna til kommunalsjefen ikkje kan førast på sjølvkostområda. Dette blir vegd opp av meir inntekt på næring. (- 0,8 millionar kr administrasjon og + 0,6 millionar kr næring). Det er diverse mindre avvik +/- på dei andre tenesta.

### Sjølvkostområda

For vatn (3450) var det eit meirforbruk på 1,0 millionar kr (5,1 millionar kr i avsetning til fond i staden for 1,1 millionar kr i bruk av fond.)

For avløp (3530) var det eit meirforbruk på 4,0 millionar kr. (2,3 millionar kr i avsetning til fond i staden for 1,5 millionar kr i bruk av fond.)

For renovasjon (3550) var det eit meirforbruk på 0,2 millionar kr. (1,1 millionar kr vert brukt av fond, mot budsjettert 2,7 millionar kr)

Tenestområdet hadde i 2020 61,6 stillingsheimplar.

### Samandrag status investeringar

Millionar kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Teknisk og næring	184,8	202,8	125,0	115,1	150,1

Dei store prosjekta går stort sett etter planen.

Sanering av området Bratlandshagen prosjekt nr T401 og flaumsikring av Vigrestad T402 (utvida M3) er dei største prosjekta dette året. Begge er ferdigstilte i 2020.

Flomsikringsprosjekta med stønad frå NVE er godt i gang på Vigrestad og fleire delprosjekt er ferdige. Nå fortsett flaumsikringa med omlegging av Flådabekken.

Me er også godt i gang med vassleidningsprosjekt som skal utførast etter avtalen med IVAR. Kommunen tilpassar framdrifta av vassleidningsprosjekta til framdrifta av høgdebassenget. Arbeidet med ny hovudvassleidning Prestakrysset til Håland er ferdig, og det vert arbeida med planlegging av denne leidninga vidare fram til Kviamarka og til Stokkalandsmarka. Ny vassleidning frå Lindal til Årdal er ferdig.

Planane for Austmarka var klar og er nå tekne fram frå skuffa og "pussa støvet av".

Fleire strekningar med gateløys vart satt opp av Hå kommune i samarbeid med Statens vegvesen.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### Samfunnsutvikling

##### Planstrategi

Planstrategi for inneverande planperiode vart utarbeidd og vedteken 11. juni 2020 i [KS-sak 044/20](#).

Planstrategien fastset at både samfunns- og arealdelen skal reviderast, og at det skal leggjast særleg vekt på seks av FN sine berekraftsmål i det kommunale planarbeidet framover.

## Kommuneplan

10. desember 2020 vedtok kommunestyret å leggja forslag til planprogram for ny kommuneplan 2021 - 2036 ut på høyring og offentleg ettersyn ([KS-sak 123/20](#)). Planprogrammet gjer greie for korleis me skal laga ein ny kommuneplan der utvalde berekraftsmål dannar utgangspunkt for satsingsområda i kommunen, og korleis desse skal danna det overordna rammeverket for utvikling av Hå-samfunnet.

## Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Kommunestyret vedtok i [KS-sak 090/20](#) den 15. oktober 2020 å leggja utkast til kommunedelplan for Varhaug sentrum ut til offentleg ettersyn. Det kom inn totalt 24 høyringsmerknader. Bane NOR, Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune hadde motsegn til planforslaget. Kommunedirektøren vil leggje frem kommunedelplanen til endeleg behandling våren 2021.

## Stokkalandsmarka sentrum

Sommaren 2019 vart tre arkitektkontor inviterte til å utarbeida idéar og konseptløyningar for framtidig utvikling av sentrumsområdet. Kommuneplanutvalet vedtok 31. mars 2020 i [sak 005/20](#) at Bark sitt moglegheitsstudie vart lagt til grunn for arbeidet med områdereguleringsplan for Stokkalandsmarka sentrum. Arbeidet med å utarbeida områdereguleringsplanen vart påbyrja i 2020.

## Kviamarka og Grørdaland

10. desember 2020 vedtok kommunestyret i [KS-sak 122/20](#) at Hå kommune byrjar på arbeidet med å utarbeida områdereguleringsplan for Kviamarka og Grørdaland parallelt med revisjonen av kommuneplanen, og at hovudtrekka frå områdereguleringsplanen skal leggest inn i arealdelen til kommuneplanen.

## Trafikksikker kommune

Trafikksikker kommune er ei godkjenningsordning i regi av Trygg Trafikk. For å oppnå godkjenning må kommunen dokumentera trafikktryggleiksrutiner innanfor kvart tenesteområde og i tillegg ha ein trafikktryggleiksplan. Den påkravde dokumentasjonen og trafikktryggleiksplanen vart utarbeidd i løpet av året, og planen vart vedteken av kommunestyret 10. desember 2020 i [KS-sak 117/20](#). (Me vart godkjent som trafikksikker kommune, 22.02.21.)

## Mobilitetstilbod

Kolumbus sine bysyklar har blitt prøvde ut på Nærbø, og 2020 var første heile driftsåret. I september fekk me moglegheita til å auka talet på subsidierte bysyklar. I løpet av 2021 vil me ha eit nettverk av ladestasjonar for bysyklar som strekk seg frå Stokkalandsmarka i sør til Nærbø i nord. Med 26 syklar vil bysyklane framstå som eit godt supplement til, og ei forlenging av kollektivtilbodet på Jærbanen.

## Arealplan

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Godkjende priv. reguleringsplanar	Stk.	5	4	1	5	5
<b>Godkjende kom. reguleringsplanar</b>	<b>Stk.</b>	<b>4</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>-</b>	<b>2</b>

I 2020 vart det arbeida med områdeplanar for Kvermefloen på Brusand og Stokkalandsmarka sentrum, og detaljreguleringsplanar for Sambrukshuset på Nærbø, omkøyringsveg Vigrestad, idrettsanlegg på Varhaug, bustadområde på Nærbø og Vigrestad, endringar i hytteområde, fleire vegkryss, gang- og sykkelveggar og to masseuttak i kommunen.

Følgjande reguleringsplanar vart godkjende av kommunestyret:

5 private planar:

- 1171 - Toppen Gård – Rideanlegg på Rimestad
- 1183 - Vatnamotholmane og Tuen – (utviding av) hytteområde og ny vegåtkomst
- 971E-1 - Bustadområde Mellemstrandmarka, Vigrestad
- 997-4 - Blokkbustader Dalvegen 1, Nærbø
- 1158 - Masseuttak og deponi/dyrkingsområde Varden

2 kommunale planar:

- 1010A-3 Rundkjøring Fv. 504 x Dysjalsvegen, Varhaug
- 1052A Kryss Fv. 44 x Nordsjøvegen, Grødal

I tillegg er det gjort administrative vedtak i fleire mindre reguleringsendringar, hovudsakleg i samband med mindre bustadprosjekt.

Det har vore framgang i fleire langtrukne plansaker, der det er venta sluttbehandling i 1. halvår 2021. Det er og innleia arbeid med 6-7 planar som formelt skal varslast oppstart for i 2021.

## Byggesak

I gjeldande bustadbyggingsprogram (kommuneplanen) var det lagt til grunn at det skulle byggast 166 bustader i 2020. Trenden med få godkjente bustadar held fram. Dette viser at den økonomiske situasjonen i regionen enno er noko utrygg.

Talet på godkjende bueiningar (dvs. bueiningar det er gitt igangsettingsløyve for) har i 2020 vore ein god del lågare enn tidlegare år. I 2020 er det likevel gitt rammeløyve for eit par større prosjekt, som sannsynlegvis vil få løyve til igangsetting i 2021. Talet for 2021 vil difor kunne bli ein god del høgare enn talet for 2020.

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Godkjende bustader (bueiningar)	Stk.	79	92	59	78	20
Saker etter delegasjon	Stk.	352	341	318	283	259
<b>Gitt byggjeløyve</b>	<b>Stk.</b>	<b>267</b>	<b>262</b>	<b>284</b>	<b>238</b>	<b>242</b>

## Kart og oppmåling

Seksjonen har ansvaret for fortløpande å registrere opplysningar om adresser, bygningar og eigedomar i det nasjonale eigedomsregisteret, matrikkelen. Me gjennomfører oppmålingsforretningar, utarbeider matrikelbrev, utfører adressering, utarbeide temakart samt sal av digitale kartdata og meglaropplysningar.

Me forvaltar og gjer tilgjengeleg for forvaltning og eksterne brukarar eit utval av digitale kartdata etter gjeldande standardar. Me forbetrar kvaliteten på eksisterande data med tanke på digitalisering av offentlege tenester.

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Nye matrikkeleiningar	Stk.	74	152	115	113	92
<b>Samanføring av eigedomar</b>	<b>Stk.</b>	<b>13</b>	<b>27</b>	<b>14</b>	<b>34</b>	<b>42</b>

- Det vart tildelt 30 nye vegadresser i kommunen.
- Vi har bidratt med standardisering og kvalitetssikring av digitale plandata og gjort disse tilgjengeleg internt og eksternt.
- Vi har bidratt med klarlegging av grenser og eigedomsforhold for overføring av utvalgte kommunale G/S-veg til Fylkeskommunen.

### Bustadfelt - Stokkalandsmarka

Det vart selt fire bustadtomt i Stokkalandsmarka i 2020. Ved inngangen til 2021 er det 40 ledige tomter for sal i Stokkalandsmarka. På same måten som i tidlegare år, har kommunen gjennom heile 2020 arbeidd med profilering av Stokkalandsmarka for å synleggjere Stokkalandsmarka betre for innbyggjarane i Hå og i regionen.

Kommunedirektøren inviterte sommaren 2019 til eit parallelloppdrag for å få vist ulike moglegheiter og idéar for plassering av skule, barnehage og sentrumsfunksjonar. Tre arkitektkontor vart inviterte til å utarbeida kvar sin moglegheitsstudie. Bidraga frå arkitektane vart presenterte for kommuneplanutvalet 26. november 2019.

Innbyggjarane vart invitert til å kome med innspel til forslaga i gjestebod januar/februar. Det vart arrangert dialogverkstad med kommuneplanutvalgsmedlemmene 18.02.2020.

I sak 005/20 i kommuneplanutvalget 31. mars 2020, vart moglegheitsstudiet frå Bark arkitekter, med nokre tilleggspunkt, lagt til grunn for utarbeiding av områdereguleringsplan for Stokkalandsmarka sentrum.

Oppstart av planarbeidet og høyring av forslag til planprogram vart kunngjort 23.10.2020, med merknadsfrist 07.12.2020. Planprogrammet vert lagt fram for fastsetting 1.kvartal 2021.

### Næring

Det er ledige næringstomter i alle krinsar i kommunen i tråd med kommuneplanen sine målsettingar.

I rekneskapen er det ført inntekter på 25,3 mill. kr for sal av næringstomter i 2020, som er 3,3 mill. kr over budsjett.

Det vert jobba aktivt med å få bedrifter til å etablera seg i Hå. Det er tett dialog mellom kommunen og bedriftene i Hå. Næringslivet har høg prioritet og skal oppleve kommunen som ein samarbeidspartnar.

Kommunen er med i ulike fora knytt til næringslivet, her kan me nemna lokale og regionale næringsforeiningar og fylkeskommunen. I dei siste åra er det også utvikla eit godt samarbeid med kommunane Gjesdal, Time, Klepp og Sandnes. Næringsssjefane har faste møter igjennom året for å drøfte og jobbe saman om tema som omhandlar næringslivet.

Drifta i Greater Stavanger vart avvikla i 2020 etter at medlemskommunane i desember 2019 vedtok å seie opp avtalen.

På grunn av Covid-19 situasjonen har det i 2020 vore mindre direkte kontakt mellom næringsssjefane i jæråskommunane og dei regionale næringsforeiningane og fylkeskommunen. Møta har i all hovudsak foregått på teams som har fungert godt.

I [KS-sak 031/19](#) vedtok kommunestyret å utvida avtalen / partnerskapet med Skape ut året og å inngå partnerskapsavtale for perioden 2020 – 2023 Avtalen omfattar individuell / utvida rådgiving, næringsfaglege vurderingar, tilgang til møteplassar for kompetansepåfyll, erfaringsdeling og digitale

flater. Totalt har det deltatt 31 kursdeltakarar frå Hå, og det er gitt individuell rådgiving til seks personar og næringsfaglege vurdering til to personar.

### Reiseliv

I 2020 vart det lagt ned mykje arbeid opp mot reiselivet på Jæren. Kommunen har saman med kommunane Klepp og Time fått tildelt midlar i 2019 via Handlingsprogrammet for Næringsutvikling som vert administrert av Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland, for å utarbeide eit pilotprosjekt for auka verdiskaping i reiselivet på Jæren. Det er gjennomført workshops saman med næringa for å jobbe fram ulike modellar for opplevingspakkar som kan bidra til auka turisme på Jæren og til auka lønsemd for næringa.

Det er jobba aktivt for å tilretteleggje for turisme og då spesielt sykkelturisme lokalt i lag med Time og Klepp. Jærruta mellom Egersund og Sola er etablert. Det er og jobba aktivt for å få etablert eit reiselivsselskap på Jæren, og kommunane Hå, Time og Klepp har gått inn med eit treårig økonomisk tilskot til etablering. Reiselivsselskapet Opplev Jæren vart etablert i desember 2020. Det vert jobba aktivt med kystpilgrimsleia med skilting og tilrettelegging gjennom kommunen frå grensa mot Eigersund til Refsnes.

I 2018 byrja investeringane til «nasjonal turistveg» på Jæren. Først ute var Bore i Klepp, men Hå står for tur i åra som kjem. I [KS-sak 055/19](#) godkjente kommunestyret avtalen med entreprenør om oppgradering / etablering av parkeringsplass og toalettanlegg på Refsnes. Anlegget står nå ferdig til bruk. Planlagd anlegg på Hårr er skrinlagt etter vedtak i kommunestyret. Etter varsel om motsegn frå Statsforvaltaren ser det nå ut til at det ikkje vert nytt anlegg på Brusand.

Kommunen kjøpte Madlandstrand fiskerihamn av Kystverket, jf. [FS-sak 027/19](#). Hamna skal oppgraderast, og det leggst til rette for turisme med toalettbygg, parkeringsplass, stormhytte og sitteplassar som ein del av «nasjonal turistveg» prosjektet.

Arbeidet med servicebygg i Sirevåg starta opp, jf. [FS-sak 039/19](#). Det er utarbeida eit skisseforslag til servicebygg med dusj, toalett og fellesareal til utleige. Det er fatta vedtak om mellombels servicebygg i Sirevåg, fram til permanent servicebygg vert bygd. Mellombels servicebygg vil stå klart våren 2021.



### Trafikksikring

Hå kommune oppretta i 2020 ei intern samarbeidsgruppe for ulike trafikktryggleikssaker bestående av representantar frå ulike tenesteområder og avdelingar. Det pågjekk også arbeid med å få kommunen godkjent som trafikksikker kommune i samsvar med Trygg Trafikk sine kriterier.

I 2020 vart gatelys langs Kyrkjevegen ferdig. Det gjenstår nokre koplingar på nytt anlegg langs Høylandsvegen som vert endeleg ferdigstilt i 2021. Dette er sykkel- og gangvegar som Rogaland fylkeskommune skal overta ansvaret for, og dei har difor vorte finansiert med midlar derifrå. Fylkeskommunen ferdigstilte gang- og sykkelveg langs fv 44 på strekninga Grødaland til Brattland.

Aktivitet	Eining	2017	2018	2019	2020
Gang- og sykkelveg	Meter	1 000	2 968	500	3 200
<b>Gatelys</b>	<b>Stk</b>	<b>135</b>	<b>-60</b>	<b>0</b>	<b>374</b>

### Veganlegg

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Kommunale vegar. Nyanlegg	Meter	1 263	650	3 610	300	0
Reasfaltering	Meter	2 200	3 000	1 400	2 800	2 300
<b>Private vegar med tilskot til grusing</b>	<b>Meter</b>	<b>2 700</b>	<b>2 950</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>0</b>

- Per 31.12.2020 har Hå kommune 159 km kommunale vegar og 49 km gang- og sykkelvegar.
- Arbeid med eigedomsforhold og matrikkel langs gang- og sykkelvegar som skal overført til fylkeskommunen, starta opp i 2019 og er venta ferdig i 2021.

## Parkar og leikeplassar

Kommuneplanen inneheld retningslinjer for planlegging og utforming av grøntdrag og leike- og opphaldsareal i tettstadene. Planen har føresegner om utforming av leike- og opphaldsareal. Med ei tettstadsutvikling med auka satsing på konsentrerte buformer, vert bumiljø og grøntanlegg stadig viktigare.

Plan for turnett i Hå kommune viser samanhengande tursamband mellom tettstadene og hovudturområda i kommunen. Tiltaksplanen beskriver kva som manglar i desse korridorane for å kome seg trygt fram til startpunktet frå togstasjonane med sykkel eller til fots.

Nytt nærmiljøanlegg mellom Skjærpebakken og Lyngvegen på Nærbø vart ferdig i 2020. Fleire eksisterande leikeplasser vart oppgradert med nytt utstyr. Vi ser også på om det er mogeleg å endra små nærleikeplassar frå kommunalt driftsansvar til at det er vellaget som tek ansvaret, slik at kommunen kan bruka midla på litt større aktivitetsområde, og ikkje mange små.

Fugleparken på Nærbø vart mellombels stengt for publikum etter påvist fugleinfluensa.

## Brann og feiing

Brannvesenet hadde 42 færre utrykkingar samanlikna med 2019. Dette gjenspegla seg også nasjonalt. Det var ein merkbar nedgang i oppdraga då Noreg stengde ned i mars grunna koronapandemien. Det har vore ein kraftig nedgang i talet på automatiske brannalarmer, medan talet på trafikkulykker og akutthjelpar oppdraga auka med nær 50 % i 2020. Den største enkelt hendinga var brannvesenet si handtering av brannen på Karlsbu i april.

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Brannutrykkingar	Stk.	125	180	234	242	200
Brannsyn i § 13-bygg	Stk.	71	56	74	73	73
Brannsyn i bustader	Stk.	1 989	1 490	1 660	774	549
<b>Piper som vart feia</b>	<b>Stk.</b>	<b>1 978</b>	<b>1 985</b>	<b>1 678</b>	<b>2 128</b>	<b>2 080</b>

Korona-pandemien snudde opp ned på mykje av planane for brannvesenet.

Innan brannførebuing vart dei fleste nasjonale kampanjane avlyste, eller erstatta i meir eller mindre grad av digitale arrangement. Hå brannvesen har i periodar nytta kommunen si facebook side for å spreie brannførebuande informasjon.

Avdelinga har i 2020 fått eit nytt datasystem som held betre oversikt over dei ulike tilsynsobjekta i kommunen. Systemet er meir effektivt og brukarvenleg enn det gamle.

På beredskapssida satte brannvesenet tidleg inn strenge smittevern tiltak. Dette vart gjort for å sikra ein best mogleg beredskap til ei kvar tid. Brannvesenet sine faste øvingar vart i starten av pandemien satt på vent, og etter kvart gjennomført i mindre grupper (lagvis). Eit minimum av øving og vedlikehaldstrening vart sett på som særskilt viktig for å kunne oppretthalda ein god beredskap i kommunen. Summen av smittevern tiltaka har bidrege til at brannvesenet har kome seg gjennom 2020 utan nemneverdig reduksjon i beredskapen.

I 2020 er det arbeid vidare med å lukka avvika frå arbeidstilsynet knytt til brannstasjonane. Ved årsslutt var alle avtalar og førebuingar knytt til den mellombelse løysinga av Nærbø brannstasjon klar.

I tråd med budsjett for 2020, vart feiarvesenet styrka med eitt årsverk frå august. Grunna skade, fekk avdelinga ei lengre sjukemelding på slutten av 2020. Dette i kombinasjon med den pågåande pandemien, er hovudårsaka til den låge gjennomføringa av bustadtilsyn.

Feiarvesenet har i løpet av året fått ei oppgradering av bilparken.



## Vatn, avløp og renovasjon

### Vassverk

For ein kommune med mykje næringsmiddelindustri, er ei god og sikker vassforsyning viktig. I dag har kommunen ein-sidig forsyning frå IVAR sin hovudleidning som kjem nordfrå, og går gjennom kommunen til Hagavatnet, med sideleidning fram til Sirevåg i sør. Reduksjon av lekkasjar, bygging av ringleidningar og utskifting av eldre leidningsanlegg, m.a. eternitleidningar, er viktige tiltak for sikring av ei god vassforsyning. Inndeling av vassnett i soner med sonevis vassmåling og utskifting av gamle vasskummar, er viktige verkemiddel for å avdekke vasslekkasjar.

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Abonnentar knytte til kom. vassverk	Stk.	7095	7245	7291	7396	7494
Nye og sanerte vassledningar	Meter	3280	4592	3511	4091	4196
<b>Lekkasje</b>	<b>%</b>	<b>28</b>	<b>24</b>	<b>22</b>	<b>23</b>	<b>20</b>

- Per 31.12.2020 eig og driftar kommunen 307 km vassleidningar.
- Det vart bygd to nye vasskioskar og ein ny trykkreduksjonsstasjon i 2020.
- Avtale med IVAR om bygging av høgdebasseng i området rundt Håland på Varhaug, og bygging av ein del forsterkingar i vassnett med nye hovudleidningar pågår.
- Samankopling vassleidning Lindal - Årdal vart ferdig.
- Vassleidning Skrettingland - Høg-Jæren starta opp og vil verte ferdig i 2021.
- Lekkasjeprosent under 20 % i 2020 er gledeleg og eit resultat av auka fokus på området over fleire år. Kan likevel endra seg frå år til år avhengig av nye lekkasjar som er vanskelege å oppdaga og forskjellig avlesningstidspunkt hjå abonnentane.



## Avløp

Handteringa av overvatnet er ein viktig del av arbeidet med sanering og oppdimensjonering av gamle avløpsanlegg. Hå betalar truleg om lag 2 millionar kr ekstra for unødvendig reinsing av regnvatn i året. Dette gjeld lekkasje av regnvatn inn i kloakkledningar, for eksempel i form av overløp mellom kloakk og overvassleidningar m.m.

Handtering av overvatnet frå tettstadane har vorte meir omfattande og utfordrande grunna auka nedbørintensitet dei siste åra. Arbeidet med å oppdimensjonera overvassleidningar, fjerna fellessystem, overløp og feilkoplingar er gitt høg prioritet. Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø inneheld oversikt over aktuelle tiltak i eit langsiktig perspektiv. Den omfattar også handtering av dei flaumutfordringane kommunen har.

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Abonnentar knytt til kom. kloakk	Stk.	6 824	6 989	7 053	7 155	7 250
Nye og sanerte spillvassleidningar	Meter	5 996	5 661	5 021	599	1 604
<b>Abonnentar med slamtømming</b>	<b>Stk.</b>	<b>330</b>	<b>308</b>	<b>289</b>	<b>285</b>	<b>282</b>

Stort avvik i antal meter nye og sanerte spillvassleidningar kan skuldast grunnlag for statistikk tall i rapporteringssystem som kun tek omsyn til innregistrerte data i inneværande år. Reelt tal er difor ofte noko høgare.

- Per 31.12.2020 eig og driftar kommunen 432 km med avløpsleidningar (spill- og overvatn).
- Sanering på Bratland, Varhaug, vart i hovudsak ferdig.

- Flaumsikring av Vigrestad er godt i gang.

## Renovasjon

Kommunen byrja i 2020 med innsamling av glass- og metallemballasje og har nå fire typar avfall som henteordning. Ubetente miljøstasjonar vart difor avvikla. Den sterke auken i konsentrerte buformer medfører ei aukande utfordring i forhold til plass og handtering av avfallsdunkane. Felles nedgravne avfallsløysingar er eit godt og arealsparande alternativ. Gjenvinningstasjonen på Pytten er eit ekstratilbod til hushaldsabonnentane for levering av avfall. Nytt bygg for farleg avfall er i hovudsak ferdig i 2020 og vidare utviding av gjenvinningstasjonen er starta opp.

Aktivitet	Eining	2016	2017	2018	2019	2020
Abonnentar med kom.renovasj.	Stk.	6 813	6 902	6 938	7 026	7 102

## Landbruk

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Stk. (søkn)	10	12	35	19	16	19
Produksjonstilskot, jordbruk	Stk.	870	832	884	841**	421*	418
Produksjonstilskot, landbruk	Mill kr	119	113	112	113	119	132
Avløysartilskot, landbruk	Mill kr	27	25	24	24	25	27
Regionalt miljøprogram	Stk. (søkn)	178	186	186	205	211	207
Regionalt miljøprogram	Mill kr	4	5	5		6	6,56
Drenering	Stk.	12	32	43	89	56	32
Drenering	Mill kr.	0	1	1	3	2	1
Areal godkjent for nydyrking	Daa	341	787	275	268	851	503
Faktisk dyrka areal	Daa	320	383	217	355	236	346
SMIL - midler	Mill kr	1	2	1	1	2	2,2
<b>Avverking av skog</b>	<b>M3</b>	<b>6 570</b>	<b>1 056</b>	<b>8 628</b>	<b>4 373</b>	<b>7 269</b>	<b>5 060</b>

\* Føretak som søkjer i året

\*\* Søknader i året

Det har i 2020 vorte arbeidd mykje med landbruksplanen og retningslinjer for sakshandsaming. Medverkinga i dette arbeidet vart annleis enn kva ein såg for seg grunna Covid-19. Elles har ein blant anna også arbeidd med:

- Felles skog- og viltforvaltning
- Tiltak i Hå elva
- Behandling av søknader om produksjonstilskot og regionalt miljøprogram

Aktivitet	Eining	2018	2019	2020
Dispensasjon, Omdisp. av landbruksareal	Stk.	2	6	7
<b>Disp., Samla areal omdisponert</b>	<b>DA</b>	<b>4</b>	<b>12</b>	<b>13</b>

I 2020 vart i tillegg følgjande areal omdisponert i reguleringsplanar; 11,4 da dyrkbart areal og 0,5 da dyrka areal.

## Sjukefråvær

Fråvær	Egenmeldt	Legemeldt	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,55 %	2,82 %	3,37 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,47 %	2,00 %	2,47 %

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året	
	Godkjent løyving	Påløpt totalt	Total prognose	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
Adkomstveg Krusemarka	Ikkje rel.	1 048	1 048	2029	0	28
Avløp tj. 3530	Ikkje rel.	10 039	10 039	2023	1 862	4 165
Bustadområde	Ikkje rel.	9 036	10 036	2023	3 906	4 199
Dalabekk belysning	Ikkje rel.	1 532	1 532	2024	2 500	1 532
ECS oppgradering	Ikkje rel.	499	499	2029	550	499
Flaumtiltak Varhaug ovanfor sentrum	7 000	1 338	28 000	2023	650	795
Flaumtiltak Vigrestad	Ikkje rel.	62 313	62 440	2025	38 499	35 667
G/S veg langs fv 44 Brusand	5 500	1 616	5 500	2021	112	844
Gang- og sykkelveg Varhaug-Kviamarka langs Dysjalandsvegen	12 500	1 188	12 500	2024	575	275
Gatelys ny investering	Ikkje rel.	1 304	1 345	2029	1 056	1 304
Gatelys tj 3324	Ikkje rel.	5 460	5 460	2023	75	1 353
Grønt	Ikkje rel.	8 075	8 082	2023	2 600	4 815
Kommunale vegar	Ikkje rel.	4 106	4 106	2029	900	924
Krusemarka mot Torlandsvegen grunn & opparbeiding	Ikkje rel.	622	973	2024	300	622
Kviamarka vidareutvikling	13 000	2	13 000	2021	1 000	2
Lønn teknisk investering prosjektledere	Ikkje rel.	0	772	2024	1 255	0
Nærbø sentrum - Torggata / Torget	Ikkje rel.	75	75	2022	75	75
Næringsområde tj 3250	Ikkje rel.	13 791	13 729	LØPANDE	56	4 553
Oppgradering av trykk pga nytt høgdebasse	8 000	187	8 000	2023	187	187
Oppgradering toalett og parkeringsplass r	Ikkje rel.	8 875	8 881	2021	225	8 875
Oppgradering/ny brannstasjon Nærbø	800	28	60 000	2026	300	28
Overtatte anlegg med justeringsrett	Ikkje rel.	32 907	32 907	2099	0	27 860
Reguleringsplan Stokkalandsmarka sentrum	Ikkje rel.	312	1 200	2021	500	312
Sanering Austkroken, Nordhadlet mm	Ikkje rel.	163	163	2022	150	163
Sanering Dysjalandsv.Toppav-Bratlandsh.	32 200	38 966	38 996	2025	7 469	17 413
Sanering Løgefeltet, Litlagrøna mm	Ikkje rel.	48 507	48 726	2021	5 500	189
Sanering Stasjonvegen	Ikkje rel.	1 012	1 012	2020	1 075	1 012
Sanering Symrevegen-Blåkklokkevegen	Ikkje rel.	152	152	2020	75	94
Sanering Torggt Nærbø ifm ny sentrumsplan	24 500	3 260	38 000	2022	2 187	2 250
Sanering ved Nærbøparken (sør for)	Ikkje rel.	3	3	2024	0	3
Sentrumstiltak Nærbø	7 000	976	976	2024	1 000	80
Sentrumstiltak tj 3254	Ikkje rel.	1 779	1 779	2026	0	469
Sentrumstiltak Varhaug	9 000	10 751	13 500	2024	8 175	7 523
Servicebygg Sirevåg	700	205	700	2023	700	205
Skoga et 2 grunn og opparb	12 000	63	12 000	2023	1 000	63
Tjemslandsmarka opparbeiding ny veg	Ikkje rel.	187	200	2029	187	187
Trafikksikring tj 3323	Ikkje rel.	516	516	2023	200	10
Trykkreduksjonsstasjonar	Ikkje rel.	1 566	1 566	0	1 500	432
Utviding miljøstasjon Nærbø	Ikkje rel.	3 468	3 518	2023	2 687	3 406
Vassforsyning tj 3450	Ikkje rel.	7 119	7 119	2023	538	1 877
Vassleidning Dysjaland-Varhaug-Kydland	24 410	10 352	10 354	2024	4 650	5 365
Vassleidning Hå Gamle Prestegard	Ikkje rel.	75	75	2029	75	75
Vassleidning IVAR-prosjekter	11 000	7 370	12 319	2029	6 193	7 135

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året	
	Godkjent løyving	Påløpt totalt	Total prognose	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
Vassleidning Prestakryset - Håland	Ikkje rel.	23 215	23 215	2020	0	11
Veg Vigrestad Småhaugsveg-Grønholtsvegen	Ikkje rel.	1 124	1 124	2025	0	1 118
Veggrunn Sirevåg (felt i9 og k/14)	Ikkje rel.	861	861	2020	1 500	861
Vigrestad brannstasjon - ventilasjon+garderobar	Ikkje rel.	229	8 500	2022	240	87
Sum øvrige prosjekt		3 078	4 060		3 182	1 192
<b>Sum</b>		<b>167 610</b>	<b>334 443</b>	<b>524 653</b>	<b>105 467</b>	<b>150 135</b>

## Statustekst investeringar

### Avløp tj. 3530

